



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteinnkalling

Utvalg: **AU i verneområdestyret for SVR**

Møtested: , Teams

Dato: 13.09.2022

Tidspunkt: 08:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
AU 34/22	Godkjenning av innkalling og saksliste		
AU 35/22	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
AU 36/22	Referatsaker		
AU 37/22	Orienteringssaker		
AU 38/22	Vurdering av om klage på vedtak i styresak 37/2022 skal gis oppsettjande verknad		2022/6124
AU 39/22	Søknad om tilleggsdispensasjon til lågtflyging med helikopter i samband med filmopptak på Kjerag i Fråfjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 221/1, Sandnes kommune - Film in Norway		2022/6124
AU 40/22	Søknad om å slake ut sideterreng langs riksveg 9 nord for Hovden. Hovden landskapsvernområde og Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Statens Vegvesen. Bykle kommune.		2022/5887
AU 41/22	Søknad om gjennomføring av skimarsj i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Forsvarets høgskole. Bykle kommune.		2022/1484
AU 42/22	Uttale til kommuneplan for Suldal.		2022/6049
AU 43/22	Høring av beredskapsplan for omsyn til villrein i vanskelege vintrar		2022/7604
AU 44/22	Eventuelt		

AU 34/22 Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 35/22 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 36/22 Referatsaker
AU 37/22 Orienteringssaker



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47

www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/6124-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 08.09.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	38/22	13.09.2022

Vurdering av om klage på vedtak i styresak 37/2022 skal gis oppsettjande verknad

Vedlegg:

- 1 Klage på vedtak i sak 37-22 Godkjenning av helikoptertransport i samband med filmopptak på Kjerag

Forvalters innstilling

Klaga frå Naturvernforbundet i Rogland og Norges Jeger- og Fiskerforbund i Rogaland på verneområdestyret for SVR sitt vedtaket i styresak 37/2022, blir ikkje gitt oppsettjande verknad. Avslaget er gitt med heimel i forvaltningslovas §42.

Avslaget grunngjevast med at klagen gjeld ein dispensasjon til motorferdsel som vil gje ein avgrensa og forbigåande innverknad på naturmangfaldet i Frafjordheiane landskapsvernområde. Det er og lagt vekt på at dispensasjonen er utforma slik at motorferdsla vil medføre relativt liten forstyrring av fotturistane på Kjerag. Dei negative konsekvensane for verneverdiar og verneføremål blir derfor vurdert til å være såpass avgrensa at motorferdsla kan gjennomførast slik det er gitt dispensasjon til. Vurdering av presedensverknadane av vedtaket vil bli vurdert i verneområdestyret si førebunde klagehandsaming. Det visast og til saksutgreiinga under og dei omfattande vurderingane som er gjort i vedtaket og saksutgreiinga til Styresak 37/2022.

Vurdering av om klager skal gjevast oppsettjande verknad, blir etter forvaltningslovas §42 ikkje rekna som eit enkeltvedtak. Det er derfor ikkje mogleg å klage på dette avslaget.

Saksopplysninger

Viser til klage på vedtak i styresak 37/2022, dagsett 07.09.2022, frå Naturvernforbundet i Rogland (NIR) og Norges Jeger- og Fiskerforbund i Rogaland (NJFF-R). Klagar ber og om at klagen blir gitt oppsettjande verknad.



Vedtaket det blir klaga på er verneområdestyret for SVR sitt vedtak frå styremøte 11.08.2022, kor det vart gitt dispensasjon til 124 helikopterlandingar på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, innanfor tidsrommet 15-30.09.2022.

Etter verneområdeforvaltar si vurdering er har NIR og NJFF-R rettsleg klageinteresse etter §28 i forvaltningslova. Klagen vart og framsett innan tre veker etter at vedtaket vart tilgjengeleg på SVR sine nettsider og lagt inn i Miljøvedtaksregisteret. Klagen oppfyller og forvaltningslovas §32 krav til adressat, form og innhald. Det er derfor grunnlag for å vurdere om klagen skal få oppsetjande verknad. AU skal i denne saken ta stilling til om klagen skal gis oppsetjande verknad. AU si avgjerd vil være heilt avgjerande for kva som skjer med gjennomføringa av filminnspelinga, da oppstarten er planlagt to dagar etter møte i AU. Sjølv innhaldet i klagen vil bli vurdert i verneområdestyret si førebunde klagehandsaming på møte 08.11.2022.

I Forvaltningslovas §42 om oppsetjande verknad av vedtak heiter det mellom anna at: «*Underinstans, klageinstans eller annet overordnet organ kan beslutte at vedtak ikke skal iverksettes før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. (...). Anmodninger om utsetting skal avgjøres snarest mulig*».

Forvaltningslovas §42 er omtala i fleire rettleiarar, mellom anna Miljødirektoratet sin *Veileder M-106-2014. Rundskriv om forvaltning av verneføreskrifter*. Grunngevinga for regelen om utsett iverksetjande er mellom anna at klagehandsaminga skal være reell. I nokre høve vil klageretten være utan betydning dersom eit tiltak blir gjennomført før klagehandsaminga er avgjort. Dette er eit omsyn som telja med når oppsetjande verknad vurderast. Vidare må konsekvensane av ei gjennomføring av tiltaket vurderast. Det same gjeld konsekvensane for søkar av at gjennomføringa utsetjast. Det kan og være relevant å trekke inn kva som vil være eit sannsynleg resultat av klagehandsaminga.

Vurdering

Om AU ikkje gjer klagen oppsetjande verknad kan motorferdsla og filminnspelinga gjennomførast som planlagt. Det kan da argumenterast for at klagehandsaminga ikkje blir reell når motorferdsla det klagast på alt er gjennomført. Samstundes gjeld ein del av klagen presedensverknadane av verneområdestyrets vedtak. Etter verneområdeforvaltar si vurdering er dette eit svært viktig spørsmål, kor den seinare klagehandsaminga vil være heilt reell i høve til kommande søknadar om filminnspelingar ved Kjerag. Etter verneområde forvaltar si vurdering vil ikkje innverknaden på verneverdiane og verneføremålet være så omfattande at det er nødvendig å gje klagen oppsetjande verknad.

Den aktuelle landingsplassen ligg på ein stad med svært mykje bart fjell og lite vegetasjon. Dette er og ein stad kor artsmangfaldet for fuglar og pattedyr blir vurdert til å være svært lågt. Slutten av september er og ei tid på året der dei fleste av desse artane er mindre sårbare for forstyrning. Friluftsliv er ein del av verneføremålet i Frafjordheiane, men når helikopterflygingane blir gjennomført morgon og kveld, mens få fotturistar er på Kjerag, vil forstyrningane få eit avgrensa omfang. Etter verneområdeforvaltar si vurdering er presedensverknadane av vedtaket eit viktig tema, men dei kan fult ut vurderast i den ordinære klagehandsaminga.

Det er heller ingen tvil om at ein utsett iverksetjing, to dagar før planlagt oppstart, vil medføre betydeleg ulempe for søkar.



Norges Jeger-
og Fiskerforbund

rogaland@njff.no. (+47) 90928726



Naturvernforbundet
i Rogaland

rogaland@naturvernforbundet.no. (+47) 41683238

Verneområdestyret for SVR

sfagpost@statsforvalteren.no

Stavanger 07.09.2022

Klage på vedtak i sak 37/22 – Godkjenning av helikoptertransport i samband med filmopptak på Kjerag

Naturvernforbundet i Rogaland (NiR) og Norges Jeger-og Fiskerforbund, Rogaland (NJFF-R) viser til vedtak 37/22, godkjenning av helikoptertransport i forbindelse med filmopptak på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde gnr/bnr 221/1. NiR og NJFF-R vil med dette å påklage verneområdestyre for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane sitt vedtak. NiR og NJFF-R representerer naturinteressene i Rogaland og har klagerett etter forvaltningsloven §28. Vi ber om at klagen tas opp til behandling og at den gis oppsettende virkning.

Bakgrunnen for klagen omfanget av motorferdselen, grunngevingen i vedtaket og presedensen vedtaket vil gi for fremtidig forvaltningspraksis.

Bakgrunn for klage

Verneområdestyre har gitt tillatelse til 124 flygninger med helikopter. NiR og NJFF-R reagerer sterkt på omfanget. Fra før har man vært restriktive i godkjenning av flygninger med helikopter. Dette er i tråd med §5.1 i verneforskriften - *Motorferdsel er forbode på land og i vatn*. Hovedregelen er altså at man ikke skal ha motorferdsel innenfor vernegrensene. Godkjenningen det klages på er gitt etter §48 i Naturmangfoldloven og stiller to vilkår for at dispensasjon skal gis. NiR og NJFF-R har merknader til begge.

1. Tiltaket kan ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

Vurderingen av om 124 helikopterlandinger over 10 dager vil påvirke dyre- og plantelivet tar kun for seg de punktvis registreringene av naturmangfold som er gjort for verneområdet. Samtidig er verneformålet til Frafjordheiane å ivareta landskapet og leveområder. Vi mener landskapskvaliteten på Kjerag vil bli svekket i det tidsrommet flygningene gjennomføres. Vi mener også at det bør gjøres en mer helhetlig vurdering av flygningenes påvirkning på dyre- og plantelivets leveområde.

2. Tiltaket må ikke være i strid med formålet med vernet.

Formålet med vernet er å ivareta kvalitetene listet opp i forskriften. Vi kan ikke se annet enn at gjentakende helikopterflyging strider med formålet om å ivareta disse kvalitetene.

I vedtaket blir det lagt vekt på at de besøkende fotturistene på Kjerag er skånet fra flygningene. NiR og NJFF-R mener dette ikke er relevant for vedtaket. Verneforskriften er ikke til for å skåne fotturister. Den skal verne om landskapet, dyre- og plantelivet i Frafjordheiane.

NiR og NJFF-R støtter forvalters innstilling til vedtak der man foreslår å gi avslag. Forvalter har helt rett når man er bekymret for presedensvirkninger og at flygningene strider mot verneformålet. NiR og NJFF-R er bekymret for at verneområdestyrets vedtak vil gjøre det utfordrende å føre en streng forvaltningspraksis. En praksis som vil være i tråd med formålet med vernet og forbudet mot motorferdsel.

Konklusjon

NiR påklager vedtaket med den grunngeving som er gitt i dette brev. Det gis forbehold om at utfyllende informasjon om kunnskapsgrunnlaget kan ettersendes Miljødirektoratet ved behov.

Med hilsen

Norges Jeger- og Fiskerforbund, Rogaland
Tore Gilje
Daglig leder

Naturvernforbundet i Rogaland
Erik Thoring
Daglig leder



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47

www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/6124-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 08.09.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	39/22	13.09.2022

Søknad om tilleggsdispensasjon til lågtflyging med helikopter i samband med filmopptak på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 221/1, Sandnes kommune - Film in Norway

Vedlegg:

- 1 Film in Norway - tilleggsøknad

Forvalters innstilling

Med heimel i §2 og §3, punkt 5.1 i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, får Film in Norway avslag på sin søknad om dispensasjon til lågtflyging for 25 transportar med langline, for frakt av utstyr i samband med filmopptak på Kjerag i to dagar i tidsrommet 15-30.09.2022.

Avslaget grunnjevast med at talet på helikoptertransportar er relativt høgt, og at tidspunkta for dei to dagane med helikoptertransport strekk seg utover varigheita på tidsvindauga som er fastsett i Forvaltningsplan for SVR.

Det blir og lagt vekt på at søker har tidlegare fått dispensasjon til 124 landingar med helikopter på Kjerag i tidsrommet 15-30.09.2022 til same filmproduksjon, og at søknaden nå går utover denne dispensasjonen. Når det samla talet på helikoptertransportar nå blir så høgt som 149, og aktiviteten strekk seg over ein periode på 10-15 dagar, vil ein tilleggsdispensasjon bidra til at ein går ennå lenger ut over rammene for denne type aktivitet som er sett i forvaltningsplanen. Ein dispensasjon vil derfor kunne gje presedensverknadar ved at ein legg seg på ein ny forvaltningspraksis kor det opnast for lengre og større filminnspelningar og såleis meir motorferdsel i verneområdet. Ein utviding av dispensasjonen med ytterlegare 25 transportar med helikopter vil og medføre ein betydeleg auke i den totale motorferdsla i Frafjordheiane. Ved å gi ein så omfattande dispensasjon, kan det og bli vanskelegare å oppretthalde ein streng forvaltningspraksis der alle søknadar blir nøye vurdert for å halde talet på helikopterlandingar i verneområda så lågt som mogleg. Motorferdsla det er søkt om blir derfor vurdert til å være i strid med verneføremålet. Det er såleis heller ikkje grunnlag for å gje dispensasjon etter §48 i naturmangfaldlova, første ledd. At transportane det nå søkast om ikkje inneberer fysisk landing på Kjerag blir ikkje tillagt avgjerande vekt.



Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad om utvida dispensasjon frå 07.09.2022. Viser og til opphavleg søknad frå 07.06.2022, justert søknad 21.06.2022, samt revidert søknad 01.08.2022. Viser og med telefonsamtaler med søkar 07.06, 23.06, 01.07, 24.07, 05.09 og 07.09.

AU i verneområdestyret for SVR av slo i møte 28.06.2022 (AU-sak 32/2022) den opphavlege søknaden frå Film in Norway. Avslaget vart grunngeve med ein omfattande forstyrring av fotturistar på Kjerag og moglege presedensverknadar ved ein dispensasjon som bryt med retningslinjene i forvaltningsplanen og etablert forvaltningspraksis.

Film i Norway sendte deretter inn ein revidert søknad kor dei prøvde å ta omsyn til dei punkta som var bakgrunnen for AU sitt avslag. Den reviderte søknaden vart handsama av Verneområdestyret for SVR i møte 11.08.2022 (Styresak 37/2022). Her ga verneområdestyret dispensasjon til 124 landingar med helikopter. Dispensasjonen vart mellom anna grunngeve med at landingane nå berre skulle skje morgon og kveld når det var svært få besøkande på Kjerag. At landingane skulle skje i god avstand frå Nesatind og Kjeragbolten, samt at tida på året og det låge artsmangfaldet på staden gjorde at helikopterlandingane ikkje ville få særleg innverknad på artsmangfaldet. Det vart og lagt vekt på at den unike karakteren til denne filminnspelinga gjorde at presedensverknadane vart avgrensa.

Det må og opplyst av verneområdestyret 07.09.2022 mottok ein klage på vedtaket i Styresak 37/2022 frå Naturvernforbundet i Rogaland. Denne klagen er sendt til medlemmane i verneområdestyret i ein eigen e-post.


Film in Norway søker om ein tilleggsdispensasjon som omfattar lågtflyging for 25 helikoptertransportar med langline. Søknaden gjeld transport av tungt utstyr i samband filmopptaka på Kjerag i tidsrommet 15-30.09.2022. Lågtflyginga i samband med helikoptertransportane vil bli gjennomført i løpet av to dagar innanfor dette tidsrommet. Tolv av transportane vil bli gjennomført på oppriggingsdagen og 13 av transportane vil bli gjennomført på nedriggingsdagen. All lågtflyging vil bli gjennomført før kl 10.00 på føremiddagen og etter kl 18.00 på ettermiddagen. Søkar presiserer at dette ikkje vil medføre ei auke i talet på dagar med aktivitet på Kjerag. Transportane av utstyret vil skje til landingsplassen som brukast under Heliboogie, og er såleis på same staden kor helikopterlandingane i samband med denne filminnspelinga skal skje.

Søkar beklagar på det sterkast at det vart nødvendig å sende inn ein tilleggsøknad. Årsaka er at dei tidlegare i søknadsprosessen ikkje hadde fanga opp at det var ein skilnad mellom Frafjordheiane landskapsvernområde og ikkje verna areal når det gjaldt transportar med langline. Utanfor verna areal og i nokre verneområde er ikkje slik lågtflyging eit søknadspliktig tiltak. Søkar opplyst at dei samtlege aktørar i filmproduksjonen har lagt ned eit stort arbeid for å redusere talet på tilleggstransportar, men at ein dessverre ikkje klarar å komme under 25 helikoptertransportar med langline i tillegg til dei 124 helikopterlandingane ein alt har fått dispensasjon til.

Verneområdeforvaltar har gjennom samtalar med søkar fått eit klart inntrykk av at denne tilleggsøknaden skyldast nemnte feiltolking av regelverket, og ikkje er eit planlagt forsøk på å gradvis utvide dispensasjonen.

Det visast elles til søknaden og saksframlegget til Styresak 37/2022 for ei nærare omtale av søkar og ei beskriving av filminnspelinga.

Kart over landingsplass og område for filminnspeling



Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

Heimelsgrunnlag

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta

Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante-og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at "Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging".

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn, og vidare at " *Flyging lågare enn 300 m over bakken, og landing og start med motordrivne luftfarty er forbode. Henting og bringing av passasjerar og gods, der luftfartyet ikkje er nær bakken, er og forbode*". I §3, punkt 5.2 er det nemnt ein skilde unnatak frå forbodet, og i §3, punkt 5.3 er det lista opp fleire tiltak som forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til etter søknad.

Etter forvaltningsstyresmakta si vurdering kjem ikkje helikoptertransporten det er søkt om inn under nokre av dei tiltaka som er nemnt i §3, punkt 5.2 og 5.3 i verneføreskrifta for Fráfjordheiane landskapsvernområde. Dispensasjonssøknaden må derfor handsamast etter §48 Naturmangfaldslova som har avløyyst dei generelle dispensasjonsreglane i §4 i verneføreskrifta.

I §48 i Naturmangfaldslova heiter det at "Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig".

Rundskrivet *Forvaltning av verneforskrifter* (Miljødirektoratet 2014) gir føringer for dispensasjonsbehandling etter § 48. I følgje rundskrivet må følgjende to vilkår begge være oppfylt for å kunne gi dispensasjon:

1. Tiltaket kan ikkje påverke verneverdiene nemneverdig.
2. Tiltaket må ikkje vere i strid med formålet med vernet.

Miljødirektoratet understrekar at høvet til å gi dispensasjonar etter § 48 er snevert:

"Kravet om at tiltaket ikke skal påvirke verneverdiene nevneverdig innebærer at dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare dispenseres i de tilfeller tiltaket vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene. Dette kan være ved midlertidige eller forbigående forstyrrelser, eller enkeltstående aktiviteter eller tiltak".

I rundskrivet heter det vidare at: *"I vurderinga av om tiltaket eller aktiviteten er i strid med verneformålet, er betydningen for verneformålet både på kort og lang sikt relevant. Et tiltak eller en aktivitet kan være i strid med verneformålet dersom tiltaket eller aktiviteten på sikt eller over tid kan ha negativ innvirkning på verneformålet".*

Helikoptertransportar til Kjerag blir også særskilt omtala i Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane, kapittel 3.6.4 under overskrifta *"Retningslinjer for bruk av helikopter til Kjerag i samband med reiseliv, marknadsføring og basehopping"* på side 74. Her er det utarbeida nærare retningslinjer og vilkår for handsaming av dispensasjonssøknadar i samband med helikoptertransport til mellom anna filmopptak. Formålet med retningslinjene er mellom anna å gje ein mest mogleg avklara forvaltningspraksis, avgrense negative effektar på verneverdiar og opplevingskvalitetar, og å lette oppsynsoppgåvene. I Forvaltningsplanen heitar det vidare:

- "Tidsvindauga" vil bli strengt handheva, og avgrensa til fire samanhengande dagar i andre halvdel av juni, og fire dagar i september. "Tidsvindauga" skal definerast med datoar i kvar ein skild dispensasjon, utan høve til forlenging grunna dårleg vêr eller liknande.
- I vurderinga av søknaden, skal det vere avgjerande om helikopterflyging er absolutt naudsynt for å gjennom- føre tiltaket.
- "Tidsvindauga" i september er reservert for reportasjeverksemd.
- Flyging og landing skal skje kortaste veg frå fjorden og inn til stupkanten ved Kjeragplatået, eventuelt Geitaneset, med retur same veg.

Praksisen med å ikkje gi dispensasjon helikoptertransportar til filming på Kjerag utanom dei to tidsvindauga, vart stadfesta av verneområdestyret gjennom utarbeidinga av Besøksstrategi for SVR i 2018. I kapittel 4.4.3 på side 49 har verneområdestyret utarbeidd føringar for mellombels installasjonar og bruk av helikopter og droner ved Kjerag. Her heitar det vidare at:

- Det vil ikkje bli gitt dispensasjonar til helikoptertransport til filming og medieføremål eller bruk av droner utanom forvaltningsplanen sine tidsvindauge i juni (fire dagar) og september (fem dagar).
- Det samla talet på helikoptertransportar og droneløyver i dei to tidsvindauga må avgrensast slik at forstyrninga av besøkjande fotturistar blir så liten som mogleg.

Dei 25 helikoptertransportane det er søkt om i denne tilleggsøknaden er lagt til siste tidsvindauge og omfattar to dagar. Avstanden mellom dei to dagane med helikoptertransportar vil ligge ein stad mellom 8 og 13 dagar.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Fráfjordheiane har forvaltningsmynde for Fráfjordheiane landskapsvernområde.

Vurdering

Tidlegare forvaltningspraksis

Verneområdestyret har gjeve løyve til helikoptertransport i samband med arrangementet "Kjerag-boogie" i 2012-2022 med heimel i verneføreskrifta, naturmangfaldlova og forvaltningsplanen. I AU-sakane 60/2014 og 15/2016 avslo arbeidsutvalet ein søknadar frå TVP Broadcast A/S og Viafilm A/S om helikoptertransport til Kjerag i samband med filmopptak ved Kjeragbolten. Grunngevinga for avslaget var at filmopptaket skulle skje utanfor fastsett tidsvindauge. Hæfa A/S fekk og avslag av same grunn i Delegasjonssak RO 25/2017. Det same gjaldt Kameraproduksjon A/S i AU-sak 32/2022. I 2019 gav verneområdestyret, i styresak 19/19, Axelar A/S dispensasjon til helikoptertransport til Kjerag i samband med ein liknande søknad. Den gongen var det Therese Johaug og Ingvild Flugstad Østberg som vart intervjuja på Kjerag, før dei skulle gå Lysebotn Opp. I AU-sak 35/2021 fekk og Kompani Bliss dispensasjon til filmopptak på Kjeragbolten ein dag i starten av juni utanfor tidsvindauga, men her skjedde landingane relativt langt unna Kjeragbolten. Det må presiserast at alle dei andre søknadane om helikopterlandingar i samband med filming på Kjerag, omfatta mindre enn 10 landingar i løpet av eit tidsrom på fire dagar eller mindre.

Vurdering av presedensverknadar

Dersom ein gir tilleggsdispensasjon til Film in Norway vil det opne for ein forvaltningspraksis der ein gir dispensasjon til langt større filmproduksjonar enn det ein har gjort tidlegare. Sjølv om tilleggsøknaden på 25 helikoptertransportar med langline er lang lågare enn dei 124 landingane det alt er gitt dispensasjon til, er dette likevel eit høgt tal samanlikna med tidlegare søknadar om filminnspelningar på Kjerag. Ein dispensasjon vil også medføre ein betydeleg auke av det totale talet på helikopterlandingar i Fráfjordheiane. Ved å gi ein så omfattande dispensasjon, kan det og bli vanskelegare å oppretthalde ein streng forvaltningspraksis der alle søknadar blir nøye vurdert for å halde talet på helikopterlandingar så lågt som mogleg.

Dersom ein gir dispensasjon til Film in Norway må ein rekne med at og andre filmselskap vil søke om filming som strekk seg utover tidsvindauga på fire dagar som er fastsett i forvaltningsplanen. Det er likevel ikkje gitt at dette vil føre til fleire landingar med helikopter, men helikoptertrafikken på Kjerag vil bli spreidd over fleire dagar.

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Staden det er søkt om å få lande ved Kjerag ligg om lag 950 m.o.h i eit særprega landskap dominert av stupet ut mot Lysefjorden. Det er elles mykje fjell i dagen og skrinn vegetasjon. Denne delen av Frafjordheiane har ikkje blitt brukt av villreinen dei siste 40 årane, og områda ved Kjerag har truleg aldri vore eit viktig område for villreinen.

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no) og tilsvarende informasjon frå Temakart Rogaland. Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjonen om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk raudliste for arter 2021 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om. I følgje ein rapport frå Fylkesmannen i Rogaland er område ved Kjerag svært artsfattig.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som godt. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er gjeve to andre løyve til helikoptertransport til Kjerag i 2022. Dette gjeld for «Kjerag Boogie» og omfattar om lag 200 helikoptertransportar i tidsrommet 22-25.06. Søkar har allereie fått dispensasjon til 124 helikopterlandingar i tidsrommet 15-30.09.

Det er svært mykje ferdsle i dette området i samband med fotturisme, med om lag 60.000 besøkande på årsbasis. Ferdselsteljingar i 2017 og 2018 visar at siste halvdel av september ligg i slutten av høgsesongen for denne fotturismen. Perioden 15-30. september vart det ved teljingane i 2017 registrert til saman 3189 besøkande. Den mest trafikkerte dagen var det 705 besøkande, men det var og dagar med mindre enn 5 besøkande. Gjennomsnittet låg på 199 besøkande pr dag. Ferdselsteljingane viser og at mindre enn 10% av dei besøkande var på Kjerag før kl 10.00 eller etter kl 18.00. Foreløpige tal frå Lysefjorden Utvikling tydar på at talet på besøkande til Kjerag vil være minst like høgt i 2022 som i 2017 og 2018.

Dei fotturistane som oppheld seg på Kjerag når helikoptertransportane gjennomførast, vil kunne få ei redusert naturoppleving. I søknaden er det ikkje lagt opp til helikopterlandingar mellom kl 10.00 og 18.00. Motorferdsla det er søkt om vil derfor i liten grad medføre forstyrring av fotturistar.

Det aktuelle landingspunktet ligg i eit område med få artar som kan forstyrrast. Helikoptertransportane skjer og på ei tid på året kor dei fleste artar er relativt lite sårbare for slike forstyrringar. Motorferdsla det er søkt blir derfor vurdert til ikkje å medføre ei kritisk belastning av naturmangfaldet i område.



I vurderinga etter §48 i naturmangfaldlova leggst det vekt på at det store talet på helikopterlandingar og at landingane strekker seg utover ut over varigheita på tidsvindauga som er fastsett i forvaltningsplanen. Ein dispensasjon vil derfor i seg sjølv medføre ein auke i motorferdsla i Fráfjordheiane, og opne for ein endring av forvaltningspraksis som kan medføre ein ytterlegare auke i motorferdsla. Ein slik auke i motorferdsla blir vurdert til å være i strid med verneføremålet for Fráfjordheiane landskapsvernområde.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av helikopter som det beste alternativet. Det er mykje tungt utstyr som må transporterast over ein lang strekning.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøfordinging skal bærast av tiltakshavar.

Konklusjon

Motorferdsla det er søkt om vil berre i liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane knyt til naturmangfaldet i Fráfjordheiane landskapsvernområde. Når helikopterlandingane skal skje morgon og kveld vil dei heller ikkje medføre særleg forstyrring av dei mange fotturistane på staden. Motorferdsla det er søkt om blir likevel vurdert til å komme i konflikt med verneføremålet. Det er søkt om relativt mange helikoptertransportar utover varigheita på tidsvindauga i forvaltningsplanen. Dersom det blir gjeve dispensasjon til bruk av helikopter til Kjerag utover rammene for dei etablerte tidsvindauga i forvaltningsplanen, vil det være eit brot med etablert forvaltningspraksis. Dette kan opne for både ei auka i den samla helikopterbruken og at helikopterbruken vil strekke seg over eit lengre tidsrom. Kjerag er ein attraktiv stad for filming og fotografering for mange ulike føremål, og det er viktig at bruken av helikopter i samband med slik verksemd blir nøye regulert. Etter verneområdeforvaltar si vurdering er det derfor ikkje grunnlag for å gi dispensasjon etter §48 i naturmangfaldslova, første ledd.



FILM IN NORWAY

Stallmestervegen 2D
7046 Trondheim
Norway

T +47 92 65 60 02
joachim@filminnorway.com

filminnorway.com

Til:

Arbeidsutvalget i Verneområdestyret Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

--

Søknad om tillatelse til lavtflyging med *sling loads* på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde i forbindelse med innspilling.

Selskapet som søker om dispensasjon

Film in Norway AS er et norsk selskap som tilrettelegger for utenlandske produksjonsselskaper som ønsker å foreta innspillinger i Norge. Våre tjenester inkluderer location scouting, location management, kontakt med lokale grunneiere, ansettelse av norsk stab, leie av film-teknisk utstyr samt kontakt med regionale og nasjonale myndigheter vedrørende tillatelser og regelverk. Selskapet blir leid inn av aktører som ønsker å sikre at produksjonene blir gjennomført i henhold til norsk arbeidsmiljølov og at nødvendige sikker jobb analyser (SJA) blir utført etter bransjestandarder. Vi opererer som bindeledd mellom utenlandske produksjonsselskaper og de ulike aktørene og instansene de må innom.

Prosjektet det søkes om

Film in Norway jobber nå med et britisk produksjonsselskap som skal gjennomføre en innspilling for en amerikansk kunde. Innholdet som skal spilles inn er av redaksjonell karakter og vil få global distribusjon. Selve handlingsstedet, altså Kjerag, opptrer som soleklar hovedattraksjon i sluttproduktet, og Kjerag fremstilles som nettopp Kjerag, ikke en annen plass i Norge eller Verden.

Sluttproduktet kan ikke plasseres innenfor tradisjonelle kategorier som «TV-serie» eller «spillefilm». Den nærmeste tradisjonelle kategorien vil være innenfor redaksjonelt innhold. Sluttproduktet kategoriseres som *experiential* og *immersive*, oversatt henholdsvis til *erfaringsmessig* og *innlevende*. Det benyttes en ny og unik teknologi som fanger bilder med banebrytende stereoskopiske kamerasystemer og volumetriske innspillingsmetoder i stedet for tradisjonelle systemer. Sluttproduktet vil således være unikt og historisk når det publiseres. På grunn av den unike teknologien vil innholdet kunne oppleves mye nærmere, innlevende, og naturen på et mer oppslukende vis enn hva annet innhold fra Kjerag og regionen har oppnådd tidligere.

Temaet for innholdet er livsløpet til en profilert person med en genuin kobling til Kjerag og norsk natur. Innholdet i sluttproduktet vil ha stort og gjennomgående søkelys på norsk natur og promotere gleden man kan oppleve ved å benytte seg av naturen vår. Hovedpersonen vil i deler av sluttproduktet gå på line, såkalt *highline*, mellom to punkter som vi har identifisert ved Kjerag. Det må presiseres at det ikke skal settes bolter i fjellet for å oppnå dette. Det er naturfremhevende innhold som skal skapes.

Innspillingsstedet befinner seg 514 meter i luftlinje vest for Kjeragbolten. Til fots er det betraktelig lengre enn 514 meter for å komme seg dit. Koordinatene til innspillingsstedet er (59.0339347, 6.5835967). Privat grunneier har gitt tillatelse til filming på eendommen så lenge det innvilges tillatelser fra det offentlige for den aktiviteten som skal pågå.

Det britiske selskapet som står bak produksjonen av innholdet til kunden har en tydelig naturprofil, og har 30 års erfaring med produsering av naturhistoriedokumentarer. De har omfattende erfaring med å operere innenfor beskyttede områder, og forstår hvilke hensyn som må tas i hvert eneste produksjonsledd for å etterstrebe minst mulig fotavtrykk på naturen. Selskapet har jobbet sammen med – og fått tillitt fra – naturvernprofiler som Sir David Attenborough og Barack Obama på prosjekter tidligere. For disse typer produksjoner har de blant annet vunnet BAFTA- og Emmy-priser.

Bakgrunn for dispensasjonen det søkes om

I Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane ble det innvilget i møte den 11.08.2022 i utvalgssak 37/22 (*Revidert søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med filmopptak på Kjerag, Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 221/1, Sandnes kommune - Film in Norway*) tillatelse til opptil 124 landinger fordelt på ti dager innenfor perioden 15. til 30. september, med restriksjoner som blant annet tidsvindu når man tillater flyging samt innflygingsrute til filmområdet.

Dette var en revidert søknad som ble innsendt etter man opprinnelig fikk avslag i Arbeidsutvalget i Verneområdestyret for SVR den 28.06.2022. En rekke tiltak ble lansert for å skåne turgåere i området for støy, hovedsakelig tidsbegrensninger for flyging som dermed la den motoriserte aktiviteten utenfor tidene når turgåere frekventerer toppen av Kjerag. Man klarte også å redusere antallet landinger som er nødvendig for å gjennomføre produksjonen.

I ettertid av vedtaket ble vi kjent med at såkalte *slingloads*, ekstern last med helikopter for å frakte tungt utstyr, telles som landinger/lavtflyginger som krever særskilt dispensasjon innenfor verneområder selv om at helikopteret ikke fysisk lander. Oss bekjent stammer denne bestemmelsen fra avklaringer i rettsavgjørelser. Bestemmelsen for flyging over verneområder med ekstern last står i kontrast til bestemmelsen som råder utenfor verneområder, hvor *sling loads* ikke teller som landinger.

Den siste tiden har samtlige aktører involvert i produksjonen jobbet nærmest uavbrutt med å redusere landingene våre ytterligere for å få kabalen til å gå opp mtp. *sling loads*, men vi har til slutt måttet innsett at vi ikke får logistikken til å gå opp hvis vi må telle

samtlig *sling loads* som landinger innenfor den dispensasjonen som er gitt. Det totale antallet *sling loads* har blitt redusert, men vi evner simpelthen ikke å redusere det ytterligere. Vi påtar oss selvfølgelig fullt ansvar for å ikke ha avdekt denne utfordringen i forkant av at den reviderte søknaden ble sendt inn. Og vi har absolutt ikke noen forventning om at Arbeidsutvalget skal godkjenne en supplerende søknad på automatikk. Vi kan ikke beskrive denne søknaden på annet vis enn at vi nå kryper til korset som følge av vår egen uoppmerksomhet på denne viktige detaljen. Film in Norway er veldig opptatt av å opprettholde tillitsvekkende relasjoner til myndigheter og folkevalgte, og det har mildt sagt vært en krevende situasjon, der vi nå ikke har annet valg enn å vende tilbake og søke om en supplerende dispensasjon. Dette har aldri vært planen, og vi har snudd hver eneste stein og forsøkt alt vi kan for å unngå det. Likevel ser vi dessverre at vi ikke får fraktet opp det nødvendige utstyret uten en dispensasjon for lavflyging med *sling loads*.

Dispensasjonen det søkes om

Herved søker Film in Norway AS om dispensasjon til lavflyging med *sling loads* for å frakte tungt utstyr, inntil to dager (oppriggingsdag og nedriggingsdag) i løpet av perioden 15-30. september, med samme restriktive tidsvinduer som ble skissert i den reviderte søknaden om helikopterlandinger og vedtatt i møte den 11.08.2022. Det er estimert maksimalt 12 *sling loads* på oppriggingsdagen og 13 *sling loads* på nedriggingsdagen, **totalt 25 *sling loads***.

Det bør presiseres at man ikke søker om ekstra landinger, men utelukkende lavflyginger med *sling loads* innenfor de allerede etablerte tidsvinduer, utenfor tidene når de fleste turgåere frekventerer toppen av Kjerag. Det vil heller ikke oppstå skytteltrafikk av personell disse dagene, utenom et begrenset mannskap som skal opp for å ta imot lasten på Kjerag. Det filmes ikke på opprigg- og nedriggdagene. Dette medfører **ikke** en økning i antall dager med filming, ei heller noen utviding av tidsvinduer med flyging i perioden som er innvilget.

I midten av september står solen opp rundt klokken 07:00 på morgenen og går ned rundt klokken 20:00. Tidsvinduene er utformet slik at man er ferdig med helikopteraktiviteten før turgåere som starter turen oppover til Kjerag etter soloppgang ankommer Kjeragbolten, som befinner seg over en halv kilometer unna innspillingsområdet. Turgåere som ønsker å nå ned igjen fra fjellturen før solnedgang rundt klokken 20:00 er allerede på vei nedover når vi starter med helikopteraktivitet på kvelden. Det bør nevnes at stien til Kjerag er på andre siden av fjellet enn hvor vi holder på, og at det er et mindre frekventert område enn platåene like ved Kjeragbolten, samt bolten selv.

Tidsvinduet på morgenen vil begrense vår helikopteraktivitet til mellom oppstart av alminnelig norsk arbeidstid rundt klokken syv, til ikke senere enn klokken 10:00. Tidsvinduet på kvelden vil begrense vår helikopteraktivitet fra ikke tidligere enn klokken 18:00 på kvelden. Det vil rigges til slik at returen kan gå effektivt og trygt for seg etter klokken 18:00, da vi har forpliktelser som arbeidsgiver overfor arbeidstagerne våre på fjellet.

Prosjektets samfunnsverdi

Det er en rekke verdier dette prosjektet bringer med seg som bør tas med i vurderingen. Det kjøpes inn varer og tjenester fortrinnsvis fra lokale aktører. Allerede er det lagt igjen betydelige summer lokalt, og det er gjort flere bestillinger for enda mer. Man har hyrt inn flere lokale aktører til å fylle behov under produksjonen, og det er mange norske firmaer som er involvert i de forskjellige leveransene til produksjonen. Det ansettes også mange norske filmarbeidere og aktører når produksjonen er på denne størrelsen. Hotellbestillinger, annen losji, catering, leiebiler, klær, dagligvarer, elektronikk, rekvisitter, transport og andre varer og tjenester har blitt kjøpt inn fortrinnsvis lokalt, noe man fortsetter med gjennom produksjonen.

Markedsføringsverdien er veldig stor ettersom at kunden har global distribusjon og innholdet vil ta utgangspunkt i Kjerag som hovedattraksjon. Selve innholdet er også av unik art med banebrytende teknologi som skal benyttes, noe som trolig vil føre til mye medieoppmerksomhet og publisitet. Film in Norway anser markedsføringsverdien på dette prosjektet til å være veldig stor. Dette vil ha positive ringvirkninger for reiselivet, ikke bare ved Kjerag, men også for hele regionen.

Presedensvirkninger

I avslaget fra AU for verneområdestyret for SVR den 28.06.2022, utvalgssak 32/22 ble presedensvirkninger og forstyrrelse av turgåere presentert som de viktigste årsakene til avslaget. Vi mener at tiltakene som har blitt utarbeidet for å redusere forstyrrelsen i forbindelse med helikoptertransporten også er relevant for eventuelle presedensvirkninger.

Videre mener vi at prosjektets unike teknologi med et innlevende redaksjonelt format bør vurderes som positivt i denne sammenhengen. Denne teknologien er banebrytende og benyttes for første gang i en slik skala. Innholdet som produseres skaper en enestående mulighet for alle og enhver til å oppleve Kjerag som om man selv skulle vært der.

Produksjonen er forbigående, men etterlater seg et varig produkt som vil komme Kjerag og regionen til gode i mange år framover. Kjerag er hovedattraksjonen i produktet.

Teknologien gjør til at man får en helhetlig og oppslukende opplevelse. De som på grunn av alder, funksjonsnedsettelse eller andre årsaker ikke kan oppleve Kjerag ved å gå opp til fots, vil få en tilgjengelig opplevelse via sluttproduktet vårt som har et direkte fokus på å oppleve Kjerag. Sluttproduktet har ikke Kjerag som en bakgrunn eller delsnutt i et fiktivt narrativ eller lignende. Det er et gjennomgående søkelys på Kjerag og naturen i området. Film in Norway mener dette bør vurderes opp mot presedensvirkningene.

Beskyttelse av biologisk mangfold

Den delen av landskapsvernområdet det søkes om har skrinn vegetasjon, og ifølge en rapport fra Fylkesmannen i Rogaland er området ved Kjerag svært artsfattig. Denne delen av Frafjordheiane har ikke blitt brukt av villreinen de siste 40 årene, og området ved Kjerag har trolig aldri vært et viktig område for villreinen. Som det også kommer fram i saksprotokoll for utvalgssak 32/22 per 28.06.2022 så er ikke det registrert noen prioriterte arter, truede eller nært truede arter fra Norsk rødliste for arter 2021 eller andre verdifulle arter i området. Vi mener at motorferdselen vi søker om ikke truer hverken verneverdier, verneformål eller det biologiske mangfoldet i det området som er skissert for helikopterlandingene.

Verneformål og konklusjon på søknad

Naturmangfoldloven paragraf 48 setter krav til søker om at dispensasjonen det søkes om ikke påvirker verneverdiene nevneverdig og at tiltaket ikke er i strid med verneformålet til området.

Som formål står det blant annet at man skal «ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell.», samt at «allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging».

Vi mener at selve prosjektet det søkes dispensasjon for, og med de tiltakene som er innført i forbindelse med helikopteraktiviteten, ikke strider mot hverken verneverdiene, ei heller verneformålet. Tvert imot mener vi at sluttproduktet vil promotere og åpne øynene for Kjerag og den fascinerende regionen til et helt nytt og bredere publikum. Selve innholdet promoterer ikke motorferdsel, men naturlig bruk av den vakre naturen vi har tilgjengelig. Kjerag står i sentrum av hele fortellingen, og med størrelsen på kunden og kvaliteten på teknologien som skal benyttes til å kapre Kjerags skjønnhet, vil dette prosjektet være en stor reklamemulighet for norsk natur. Ikke bare for Kjerag, men også for hele regionen og norske naturopplevelser. Prosjektet vil bringe med seg kortsiktige så vel som langsiktige verdier for lokalsamfunnet, innenfor lokalt næringsliv, aktivitet og publisitet.

Det bemerkes i verneformålet at allmenheten skal ha tilgang til dette særprega og vakre landskapet med bratte fjord- og dalsider. Sluttproduktet har, som tidligere nevnt, en spesiell faktor ved seg i at det vil åpne for at mennesker med nedsatt funksjonsevne vil kunne oppleve det som om de omtrent er til stede på Kjerag selv. Dette mener vi er en verdifull faktor.

Når man setter ulempene med motorferdsel innenfor perioden som er skissert, opp mot gevinsten man vil utvinne av sluttproduktet på lengre sikt, i kombinasjon med de tiltakene som er innført for å skåne miljø og folk fra selve produksjonen av sluttproduktet, mener vi at dette prosjektet står seg godt innenfor paragraf 48 i naturmangfoldloven.

Film in Norway AS og vår britiske kunde ønsker atter en gang å takke for ressursbruk i forbindelse med saksbehandling.

Tusen takk!

--

Med vennlig hilsen,

**Joachim Lyng
Daglig leder
Film in Norway**

e-post: joachim@filminnorway.com

mobil: 92 65 60 02



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748
Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
finavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/5887-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 07.09.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	40/22	13.09.2022

Søknad om å slake ut sideterreng langs riksveg 9 nord for Hovden. Hovden landskapsvernområde og Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Statens Vegvesen. Bykle kommune.

Vedlegg:

- 1 Dispensasjonssøknad
- 2 Vedlegg D1 C001-C002.pdf
- 3 Vedlegg D2 C003-C004.pdf
- 4 Vedlegg D3 C005-C006.pdf
- 5 Vedlegg D4 C007-C008.pdf
- 6 Vedlegg D5 C009-C010.pdf
- 7 Vedlegg E1 Tegning.pdf
- 8 Vedlegg E2 Normalprofil.pdf

Forvalters innstilling

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 avslår arbeidsutvalet Statens Vegvesen sin søknad dagsett 1.7.2022 om utfylling av sidearealet på riksveg 9 nord for Hovden, liggjande i *Hovden landskapsvernområde* og *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde*.

Tiltaket inneber utlegging av fleire tusen kubikkmeter masse i verna areal. Tiltaka vil gi større endring i dreneringstilhøve og artssamansetning i verna areal, her under verna myrområde. I vurderinga er det lagt vekt på føre- var prinsippet i naturmangfaldlova og der det er naudsynt med meir detaljkunnskap om naturmangfold og naturmiljø i inngrepssona før det eventuelt kan gjevast løyve. Ut i frå dette vil tiltaket stri mot verneføremål og påverke verneverdiane nemneverdig. Det er såleis ikkje høve til å gi dispensasjon etter naturmangfoldlova § 48.

Tiltaket er også vurdert etter naturmangfaldlova § 48 si bestemming om det er naudsynt ut i frå tryggleik. Etter arbeidsutvalet si vurdering er grunngevinga for tiltaket av generell karakter utan at det er dokumentert særskild behov på den konkrete strekninga og nødvendigheita av å

prioritere akkurat denne strekninga på verna areal. Ut i frå dette kan det ikkje leggst avgjerande vekt på naturmangfaldlova si bestemming om tillating av tryggleiksomsyn.

Det er vegmyndigheitene som sitt med fagkompetansen på trafikktryggleik og førebygging, og i verneområdeforvaltninga bør ein normalt strekke seg langt for å tillate tiltak som kan betre tilhøva. Arbeidsutvalet er difor positiv til å vurdere ein omarbeida søknad som i større grad tar omsyn til verneverdiane. Vesentlege element i ein revidert søknad vil vera:

- Kartlegging av naturmangfald og naturmiljø langs vegstrekninga med siktemål å bevare særskild viktige biotopar.
- Avgrense tiltaka til å gjelde kortare strekk der det er stor høgdeforskjell mellom veg og sideareal og med størst gevinst i høve til trafikktryggleik.
- Unngå inngrep ut i ope vatn

I vidare prosess må søkar ha kontakt med fylkeskonservator for å sjekke ut om det er kulturminne som vert råka av inngrep.

Saksopplysninger

Statens Vegvesen (SVV) har søkt om å legge ut masser langs riksveg 9 nord for Hovden med føremål å slake ut sideterrenget frå vegen. Sjå søknad vedlegg 1 – 8. Delar av strekninga ligg i *Hovden landskapsvernområde* og *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde*.

Grunngjevinga for tiltaket er å betre trafikktryggleiken ved ei eventuell utforkøyring. SVV skriv i søknaden at det enklaste hadde vore å montert autovern på desse skråningane, men at det ville vore ei ulempe for villtrekk over vegen. Totalt gjeld tiltaket ei strekning på 7,2 km mellom Byrtemannsbekken og kommunegrensa mot Vinje.

I søknaden dagsett 1.7.2022 går det fram at tiltaket også inneber sprenging for å fjerne enkelte fjellknausar tett på vegen samt legging av stikkrenner. I e-post frå SVV dagsett 22.8.2022 er det presisert at det ikkje vil vera naudsynt med sprenging innafør vernegrensa.

Inngrepssona langs vegen vil variere mykje men vil vera maksimalt 10 meter målt horisontalt ut frå kvit stripe på vegen, og med fall 1:4. Der det er stor høgdeforskjell mellom vegkant og sideterreng kan det tillatast noko større fall (1:1,5) på ytste del av fyllinga. Inngrepssona er merka med grøn skravering og går fram av vedlegg 2 – 6 i saka. Ved utfylling vil det ikkje vera naudsynt å køyre på areal utanom veg og inngrepssone.

Eit grovt anslag på mengde masse som skal leggst ut er 30 000 m³. Dette er jord og andre lausmasser frå andre vegprosjekt i dalen. Mengda på 30 000 m³ masse er inkludert areal som ligg utanfor verna område.

Forvaltar har i søknadsprosessen oppmoda SVV til å prioritere delstrekningar der det synast mest naudsynt i høve til trafikktryggleik og at det vert lagt ved ulykkesstatistikk på aktuelle strekning. Forvaltar har også spela inn nytten av ei særskild kartlegging av verneverdiane langs vegstrekninga med siktemål å unngå inngrep i særleg viktige biotopar. Søkar har ikkje teke omsyn til oppmodinga men syner til at heile strekninga er like viktig. Det er ikkje lagt ved ulykkesstatistikk på strekninga. For trong for ei særskild kartlegging av verneverdiane syner SVV til dokumentasjon liggjande i artsdatabanken og at myr er del av verneføremålet. Søkar


slår også fast at omsyn til trafikktryggleik går føre vern men utan at det er gjort greie for heimelsgrunnlaget for dette.

Om vernegrensene på den aktuelle strekninga

Langs aktuelle strekning vil tiltaka ligge innanfor vernegrensene men med ulik utstrekning. På kartet nedanfor er dette beskrevet nærmare. Tiltaka det er søkt om gjeld strekninga mellom blå og raud sirkel i kartet nedanfor. Status i høve til vernegrensene er som følgjer:

- Gul line: vernegrensa for *Hovden Ivo* går på austsida av rv. 9 fram til SVV si eigedomsgrense (normalt fire meter horisontalt ut frå vegkant)
- Grøn line: her ligg rv. 9 i sin heilskap innafør Hovden Ivo.
- Orange line: *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane Ivo*. på vestsida av rv. 9 fram til eigedomsgrense SVV.
- Grå line: *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane Ivo*. på vestsida av rv. 9 fram til eigedomsgrense SVV. *Hovden Ivo* på austsida av rv. 9 fram til eigedomsgrense SVV.
- Svart line: Hovden Ivo. på austsida av rv. 9 fram til eigedomsgrense SVV.

Kart vernegrensar:



Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.4.2000.
- Forskrift om vern av Hovden landskapsvernområde av 5.9.1986
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015.

- Forvaltningsplan for Hovden landskapsvernområde, Lislevatn og Vidmyr naturreservat frå 2019.
- Naturmangfoldlova.

Heimelsgrunnlag Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Av verneforskrifta kap. 4 pkt. 1.1. går det fram at det ikkje må gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverke på landskapet sin art eller karakter. I dette mellom anna medrekna framføring av jordkablar og røyr, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein. Etter forvaltar si vurdering er dei omsøkte tiltaka av eit slikt omfang og karakter at det ikkje kan reknast som vedlikehald av vegar ref. verneforskrifta kap 4 pkt. 1.2. bokstav b. Søknaden må difor handsamast som ein dispensasjon frå vernevedtaket etter naturmangfoldlova § 48. Etter denne paragrafen kan det gjevast dispensasjon frå vernevedtaket om tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Bruk av motorkøytøy (anleggsmaskin) for gjennomføring vil også måtte handsamast etter denne paragrafen.

Heimelsgrunnlag Hovden landskapsvernområde

Hovden landskapsvernområde vart verna i 1986. Føremålet med landskapsvernområdet er å ta vare på eit vakkert naturlandskap som er eineståande i sitt slag i fylket. I verneområdet finn ein store, samanhengjande myrområde, som til saman inneheld eit vidt spekter av myrtypar, og ein finn særmerkte spor frå siste istid som t.d. terrassar, daudisgroper og morenar. Både myrene og lausavsetningane er av stort verd for undervisning og forskning

Av verneforskrifta kap. 4 pkt. 1 går det fram at alle inngrep som vesentleg endrar karakteren til landskapet er forbode. Til dømes drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse. Etter forvaltar si vurdering er dei omsøkte tiltaka av eit slikt omfang og karakter at det ikkje kan reknast som vedlikehald av vegar ref. verneforskrifta kap. 5 pkt. 2. Søknaden må difor handsamast som ein dispensasjon frå vernevedtaket etter naturmangfoldlova § 48. Etter denne paragrafen kan det gjevast dispensasjon frå vernevedtaket om tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Motorferdsel er ikkje regulert i forskrifta for Hovden landskapsvernområde og det vil såleis ikkje vera naudsynt med dispensasjon frå verneforskrifta eller naturmangfoldlova § 48 til dette.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldlova (NML)

Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfoldlova leggst til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfoldet vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)

Kunnskapen om naturmangfoldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artsdata, NINA sitt GPS-merkeprosjekt på villrein og forvaltningsplanen for Hovden. Kunnskap om kulturminnelokalitetar er henta frå www.kulturminnesok.no.

Områda nord for Hovden er viktig utvekslingsområde for villrein mellom aust og vestheia, og mellom Byrtemannsbekken og Breidvatn er det i naturbasen merka av to trekkorridorar for villrein. Trekk mellom områda er redusert dei siste åra som følgje av infrastruktur, hytteutbygging og ferdsel.

Riksveg 9 nord for Hovden går igjennom område med eit rikt og variert plante- og fugleliv knytt til dei store myrområda og til dels frodig fjellbjørkeskog. Mange av fugleartane er særleg knytt til myr- og våtmarksområde som til dømes rødstilk, dobbeltbekkasin og storspove. Andre karakteristiske artar er blåstrupe, lappspurv og lirype.

Nær opp til riksveg 9 ligg det ein rekke automatisk freda kulturminne. Mange av desse er frå tida det vart drive jernutvinning.

Føre var prinsippet § 9

Det er ikkje gjort ei detaljkartlegging av artar og naturmiljø som direkte vert råka av utfyllinga. Sidan omfanget av tiltaket er såpass stort legg forvaltar difor til grunn at det er fare for at det vesentleg kan skade naturmangfoldet. Føre – var prinsippet vert difor vektlagt i dei vidare vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).

Områda langs riksveg 9 nord for Hovden er prega av infrastruktur i form av vegar, hytter og straumnett mv. Øvre del av det regulerte Otravassdraget går også gjennom området. For tida går det føre seg eit større gravearbeid langs vegtraseen for å legge straumliner i kabel i bakken.

Gjennom vinteren er det mykje ferdsel i dei preparerte skiløypene gjennom i Hovden lvo aust for riksveg 9. I sommarhalvåret er grusvegen opp til Galten mykje nytta til turføremål. Generelt er ferdsla aukande som følgje av vidare hytteutbygging på Hovde. Samla sett vurderast belastninga å vera høg i det aktuelle området.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)

Det er innstilt på avslag i saka og det er difor ikkje gjort ei nærmare vurdering etter §§ 11 – 12. Forvaltar syner likevel til vesentlege element i ein eventuell revidert søknad ref. siste del av innstillinga.

Vurdering etter naturmangfoldlova § 48

Etter denne paragrafen kan det gjevast dispensasjon frå vernevedtaket om tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Vidare kan det gjevast dispensasjon om omsyn til tryggleik eller vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.

Tiltaket inneber ei monaleg mengde masse som skal planerast ut i verna areal. Søkar har anslått total mengde å vera kring 30 000 m³. Sjølv om ein trekk i frå det som skal plasserast utanfor verna område vil det likevel vera fleire tusen kubikkmeter som vert liggjande innanfor vernegrensa. Tilføring av slike mengder er problematisk i høve til verneføremålet og verneverdiane, ikkje minst for Hovden landskapsvernområde der ivaretaking av myr er ein del av verneføremålet. Tiltaket vil stadvis føre til endra dreneringstilhøve i myrareal som ligg inn mot vegen og med påfølgjande endring av artssamansetninga. Det vil også vera ein fare for at det vert køyrd på massar som inneheld frømateriale frå planteartar som ikkje finnast naturleg på staden.

Påføring av massar av eit slik omfang vil endre landskapsbilete, men i positiv retning då ein i staden for ei bratt vegfylling får ein slakare vegskråning som gror til.

I høve til villreintrekket over vegen vil det vera ein klar fordel å slake ut sidearealet i staden for å sette opp autovern langs strekninga. Eit autovern vil bli enda eit hinder for trekk i eit område som alt er mykje påverka av trafikk, ferdsel og infrastruktur.

Etter forvaltar si vurdering er tiltaket samla sett av eit slikt omfang at det strir mot verneføremålet og kan påverke verneverdiane nemneverdig. Før- var prinsippet vert også vektlagt i denne vurderinga.

I naturmangoldlova § 48 er det ein opning for å gi dispensasjon av omsyn til tryggleik, i dette tilhøvet trafikktryggleik. Ein føresetnad er at tiltaket er naudsynt. Bestemminga er omtala i Miljødirektoratet sin rettleiar M 106 – 2014 kap. 7.4. For at et tiltak skal vera naudsynt krevjast det at det er av kvalifisert art, dvs at det er stor fare for at uønskja hending vil skje, og at det ikkje er praktisk mogleg å ivareta tryggleiken ved å legge tiltaket utanfor verneområdet eller ved å tillate mindre inngripande tiltak innafor verneområdet.

Til søknaden ligg det ikkje ved noko statistikk som syner omfanget av utforkøyning på aktuelle strekning. Søkar skriv at dei ikkje har statistikk på dette men at tiltaket er viktig som ei førebygging. I følgje søkar er det viktig med tiltak på heile strekninga, og at det difor ikkje gjort noko prioritering av delstrekningar.

Forvaltar er tvilande til at tiltaka, i det omfanget det er søkt om, kan definerast som naudsynt etter naturmangfoldlova sin definisjon. Tiltaket er av førebyggjande karakter på ei lengre strekning som ikkje er dokumentert å vera særskild trafikkfarleg. Det er heller ikkje gjort noko prioritering av delstrekningar, men synt til at utslaking av sideterreng som eit generelt viktig tiltak på alle strekningar som ikkje overheld krav til sideterreng.

Det er vegmyndighetene som sitt med fagkompetansen på trafikktryggleik og førebygging, og i verneområdeforvaltninga bør ein normalt strekke seg langt for å tillate tiltak som kan betre trafikktryggleiken. Forvaltar er likevel av den oppfatning at det på aktuelle strekning vil vera mogleg å gjennomføre dette på ein måte som i større grad tek vare på naturmangfaldet samstundes som ein får til ein vesentleg betring av trafikktryggleiken. Særleg aktuelt vil vera å konsentrere utslaking/utfylling på kortare strekk der høgdeforskjellen er særleg stor. Vidare at det vart gjort ei særskild kartlegging av naturmiljøet langs sidearealet på vegen med siktemål å avdekke punkt/delstrekning særleg viktig å halde inngrepsfritt.

Konklusjon

Dispensasjonssøknaden for tiltaket vert avslått. Tiltaket inneber utlegging av fleire tusen kubikkmeter masse i verna areal. Tiltaka vil gi større endring i dreneringstilhøve og artssamansetning i verna areal, her under verna myrområde. I vurderinga er det lagt vekt på føre- var prinsippet i naturmangfoldlova der det er naudsynt med meir detaljkunnskap om naturmangfold og naturmiljø i inngrepssona før det eventuelt kan gjevast løyve. Ut i frå dette vil tiltaket stri mot verneføremål og påverke verneverdiane nemneverdig. Det er såleis ikkje høve til å gi dispensasjon etter naturmangfoldlova § 48.

Tiltaket er også vurdert etter naturmangfoldlova § 48 si bestemming om det er naudsynt ut i frå tryggleik. Etter forvaltar si vurdering er grunngjevinga for tiltaket av generell karakter utan at det er dokumentert særskild behov på den konkrete strekninga og nødvendigheita av å prioritere akkurat denne strekninga på verna areal. Ut i frå dette kan det ikkje leggst avgjerande vekt på naturmangfoldlova si bestemming om tillating av tryggleiksomsyn.

Det er vegmyndigheitene som sitt med fagkompetansen på trafikktryggleik og førebygging, og i verneområdeforvaltninga bør ein normalt strekke seg langt for å tillate tiltak som kan betre tilhøva. Forvaltar er difor positiv til å vurdere ein omarbeida søknad som i større grad tar omsyn til verneverdiane. Vesentlege element i ein revidert søknad vil vera:

- Kartlegging av naturmangfold og naturmiljø langs vegstrekninga med siktemål å bevare særskild viktige biotopar.
- Avgrense tiltaka til å gjelde kortare strekk der det er stor høgdeforskjell mellom veg og sideareal der det er størst gevinst i høve til trafikktryggleik.
- Unngå inngrep ut i ope vatn

I vidare prosess må søker ha kontakt med fylkeskonservator for å sjekke ut om det er kulturminne som vert råka av inngrep.

Statens vegvesen,
Drift og vedlikehold
Drift og vedlikehold sør,
Plan og utbygging sør
Bjøråvegen 3,
4735 Evje



Statens vegvesen

Valle Kommune
Postboks 4
4747 Valle

Behandlede enhet:
Drift og vedlikehold

Saksbehandler/innvalgsnr:
Jørgen Solbakk

Vår referanse:

Deres referanse:

Vår dato:
01.07.22

Dispensasjonssøknad utslaking av sideterreng Bykle Kommune

Det planlagte tiltaket er i området frå Børtemannsbekken til Vestfold og Telemark grense og ligg i tilknytning til vegen som er regulert til samferdsel.

Tiltaket er hovudsakleg i LNFR område i kommuneplanen sin arealdel, samt Båndleggingssone etter lov om naturvern og omsynssone trekkområde villrein. Ein liten del av tiltaket kjem i LSF og BFR område.

Området der tiltaka er planlagt utført er sideterreng til RV 9 og består av stein/berg, samt bratte skråningar. Kan dermed ikkje sjå at dette er ei vesentlig tilsidesetting av arealplanen for området.

Søker med dette om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen og tiltaket.

Det er fleire skråningar som trengs å slakast ut, det lettaste hadde vært å montere autovern. Men dette er ikkje ynskjeleg i dette området då det er villreintrekk over vegen på delar av strekninga og dette kan bli ei hindring. Dermed ynskjer SVV heller å slake ut skråningane 1:4. Det vil då både bli lettare for kryssing for reinsdyr og meir oversiktleg for bilistane i høve til Reinsdyr.

Det vil vere fokus på å køyre med maskinar i minst mogleg grad i myrområde der arbeidet skal utførast.

Søknaden gjeld sprenging av stein og bergknausar langs RV9, samt utslaking av bratte skråningar og sideterreng. Det er allereie utført skogrydding på denne strekninga for å betre siktsoner.

Utbygginga er i forbindelse med RV 9 og omhandlar trafikktryggleiks tiltak IHHT arealplanen på
Gnr:600 BNR:39

Tiltaket omfattar ei strekning i Bykle kommune på ca 7,2km der det enten er ynskjeleg å forbetre siktsoner eller å slake ut skråningar og sideterreng.

Arbeidet vil bestå av blant anna sprenging, masseflytting og stikkrenner

Statens Vegvesen eig foreløpig ikkje all grunnen tiltaka skal utførast på, men det vil bli erverva grunn eller inngått avtalar med grunneigarar før tiltaka igangsettast på eigedomane.

Det presiserast at søknad om evt frådelling og omdisponering etter jordlova kjem på ein eigen søknad visst dette er aktuelt. Dette er kun dispensasjonssøknad i forhold til arealdelen og søknad for tiltaket vesentlege terrenginngrep.

Der grunnerverv er utført eller det er sendt epost i forbindelse med grunnerverv reiknast dette som nabovarsel. Visst ikkje blir det sendt nabovarsel på vanleg måte.

Sjølv om ein liten del av tiltaket kjem i område flom-aktsomheitsområde anser Statens Vegvesen at tiltaket vil forbetre sikkerheiten i forhold til flom mot RV9. Når det gjeld nettanlegg har Statens Vegvesen eigne rutiner for å ivareta dette.

Tiltaket endrar ikkje risikoen iforhold til flaum-aktsomheitsområde slik det er i dag.

Tiltaket er eit vedlikehaldstiltak på Rv9 og ikkje eit nyanlegg. Det blir ikkje endra høgder eller trase i forhold til slik Rv9 ligger i dag og dermed blir ikkje risikoen auka.

Flaum-aktsomheitsområde, delar av tiltaket vil kome innafor områder som kan bli påverka av 200års flaum. Men sidan vegbanen allereie ligg i dette område vil det ikkje bli noko særskilt konsekvens for tiltaket.

Kan dermed ikkje sjå at det trengs ytterlegare tiltak vedrørende dette punkta når det gjeld søknaden.

Grunngjeving for å godkjenne søknad

Tiltaket vil gjere vegen tryggare i forbindelse med utforkøyningar og skape betre siktsone for billistar og offentleg transport. Det vil også gjere det lettare i forhold til viltkryssingar i området.

Dette fylgjer kommuneplanen sin trafikkisikkerheitsplan om og ha eit trafikkisikkert vegnett i heile kommunen.

Anser tiltaket for å ha større nytte for samfunnet en eventuelle ulemper og ber difor om at tiltaket blir godkjent.

Med vennleg helsing



Jørgen Solbakk

Statens vegvesen, Drift og vedlikehold


Drift og vedlikehold sør, Plan og utbygging sør



Kontoradresse: Bjoråvegen 3, Evje

Mobil: +47 94882150 **epost:** jorgen.solbakk@vegvesen.no




Region: Region gøta	Utskrift:	Kart:	Søkkert:	Rev. dato:
	Årskrift:			04.11.2021
	Regionplan:			Sjurd Moberg
	Prosjekt nr.:			Region gøta
	Prosjekt av:			Statens vegvesen
	Prosjektleder:			
	Prosjektassistent:			
	Skala:			1:1000
	Blåttak nr.:			
	Byggesaksnummer:			
	Kommunenummer:			EUR018/17M_0000
	Plannummer:			
	Planegningsnummer:			C001-002







Revisjon	Revisjonsgjelder	Utørt	Kontrollert av	Sejlet av	Rev. dato
		Arkitekt			
		Ingeniør			01.11.2021
		Prosjektør			Sjord Moberg
		Prosjektør			Ståleik Vegstrem
		Prosjektleder			
		Prosjektassistenter			
		Illustratører			
		Målestokk			1:1000
		Byggeskisse			
		Kontrollnummer			EUREF89/ETRS-NAD2000
		Revisjonsgjelder			
		Revisjonsdato			C005-006

ARBEIDSTEGNING
 Utarbeidet av: [navn] Kontrollert av: [navn] Sejlet av: [navn] Kildeavsnitt: [navn] Revisjonsdato: [navn]



Revisjon	Revisjonsgjelder	Utørst	Kontrollert av	Sjeftegnert	Rev. dato
0		Arbeid			
1		Forprosjekt			04.11.2021
2		Bruktid			Sjordal Moberg
3		Prosjekt nr.			Region sør
4		Prosjekt nr.			Statens vegvesen
5		Prosjektnummer			
6		Prosjektnummer			
7		Prosjektnummer			
8		Prosjektnummer			
9		Prosjektnummer			
10		Prosjektnummer			
11		Prosjektnummer			
12		Prosjektnummer			
13		Prosjektnummer			
14		Prosjektnummer			
15		Prosjektnummer			
16		Prosjektnummer			
17		Prosjektnummer			
18		Prosjektnummer			
19		Prosjektnummer			
20		Prosjektnummer			
21		Prosjektnummer			
22		Prosjektnummer			
23		Prosjektnummer			
24		Prosjektnummer			
25		Prosjektnummer			
26		Prosjektnummer			
27		Prosjektnummer			
28		Prosjektnummer			
29		Prosjektnummer			
30		Prosjektnummer			
31		Prosjektnummer			
32		Prosjektnummer			
33		Prosjektnummer			
34		Prosjektnummer			
35		Prosjektnummer			
36		Prosjektnummer			
37		Prosjektnummer			
38		Prosjektnummer			
39		Prosjektnummer			
40		Prosjektnummer			
41		Prosjektnummer			
42		Prosjektnummer			
43		Prosjektnummer			
44		Prosjektnummer			
45		Prosjektnummer			
46		Prosjektnummer			
47		Prosjektnummer			
48		Prosjektnummer			
49		Prosjektnummer			
50		Prosjektnummer			
51		Prosjektnummer			
52		Prosjektnummer			
53		Prosjektnummer			
54		Prosjektnummer			
55		Prosjektnummer			
56		Prosjektnummer			
57		Prosjektnummer			
58		Prosjektnummer			
59		Prosjektnummer			
60		Prosjektnummer			
61		Prosjektnummer			
62		Prosjektnummer			
63		Prosjektnummer			
64		Prosjektnummer			
65		Prosjektnummer			
66		Prosjektnummer			
67		Prosjektnummer			
68		Prosjektnummer			
69		Prosjektnummer			
70		Prosjektnummer			
71		Prosjektnummer			
72		Prosjektnummer			
73		Prosjektnummer			
74		Prosjektnummer			
75		Prosjektnummer			
76		Prosjektnummer			
77		Prosjektnummer			
78		Prosjektnummer			
79		Prosjektnummer			
80		Prosjektnummer			
81		Prosjektnummer			
82		Prosjektnummer			
83		Prosjektnummer			
84		Prosjektnummer			
85		Prosjektnummer			
86		Prosjektnummer			
87		Prosjektnummer			
88		Prosjektnummer			
89		Prosjektnummer			
90		Prosjektnummer			
91		Prosjektnummer			
92		Prosjektnummer			
93		Prosjektnummer			
94		Prosjektnummer			
95		Prosjektnummer			
96		Prosjektnummer			
97		Prosjektnummer			
98		Prosjektnummer			
99		Prosjektnummer			
100		Prosjektnummer			



Revisjon	Revisjonsgjelder	Utskrift	Kart	Skjema	Rev. dato
1		Arkivert			04.11.2021
2		Oppdragsleder			
3		Bruktid			Sigurd Wiberg
4		Prosjekt nr.			Region sør
5		Prosjekt av			Statens vegvesen
6		Prosjektleder			
7		Prosjektansvarlig			
8		Ansvarlig			
9		Midnatt kl.			11000
10		Byggeskisse			
11		Konstruksjons			
12		Tegningsnr.			EUREF89NTH_MU2000
13		Tegningsnavn			
14		Tegningsmateriale			C009-010

ARBEIDSTEGNING

Utarbeidet av: spoli

Kontrollert av: pøhøg


Skjema nr:


Konstruksjons:


Tegningsmateriale:


NORMALPROFIL/ TYPISK TVERRSNITT UTSLAKING


NORMALPROFIL/ TYPISK TVERRSNITT FJELLSKJÆRING





 Statens vegvesen			
Rv. 9 Utbedring sideterreng Normalprofil/typisk tverrsnitt av utslaking og fjellskjæring			
Målestokk	Ikke i målestokk		
Teglingsnummer / revisjonsboks nr	F101		





Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev. dato
 Statens vegvesen		Tegningsdato Bestiller Produsert for Produsert av Region Sør			
Tverrprofil Prinsippskisse Profil 400		Prosjektnummer Prosjektfasenummer Arkivreferanse Målestokk A1-format Ikke i målestokk			
Utarbeidet av Siadel		Kontrollert av Godkjent av Konsulentarkiv		Koordinatsystem EUREF89NTH/NN2000 Tegningsnummer / revisjonsboksnavn F001	




Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev. dato
 Statens vegvesen		Tegningsdato			
Tverrprofiler		Bestiller		Region Sør	
Prinsippskisse		Prosjekt for			
Profil 560		Prosjekt nummer			
		Arkivreferanse			
		Målestokk A1-format		Ikke i målestokk	
		Koordinatsystem		EUREF89NTH/NN2000	
Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv	Tegningsnummer / revisjonsbokstav	F002
Siadél					




Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev. dato
 Statens vegvesen		Tegningsdato			
Tverrprofil		Bestiller			
Prinsippskisse		Prosjekt for			Region Sør
Profil 560		Prosjekt av			
		Prosjektnummer			
		Prosjektfasennummer			
		Arkivreferanse			
		Målestokk A1-format			Ikke i målestokk
		Koordinatsystem			EUREF89NTH/NN2000
Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv	Tegningsnummer /	revisjonsboksnavn
Siadef				F003	



Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev. dato
		Tegningsdato			
Tverrprofil		Bestiller			
Prinsippskisse		Prosjekt for			
Profil 700		Region Sør			
		Prosjekt nummer			
		Prosjekt fase nummer			
		Arkivreferanse			
		Målestokk A1-format			
		Ikke i målestokk			
		Koordinatsystem			
		EUREF89NTM/NN2000			
Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv	Tegningsnummer / revisjonsboksnavn	
Siadél				F004	

Normalprofil Børtemannsbekken - Telemark grense



Dersom det er stor høydeforskning mellom viktant og sidekledning kan feltet på sidekledningen ankes til 1:1,5 utanfor sikkerhetsavstanden på 5m

Dersom $R = 300$ eller mindre må ein legge til 2m til 7m med felt 1:4 for ein kan auke feltet med mot eksisterande kledning til 1:2 eller 1:1,5



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748
Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
finavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/1484-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 08.09.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	41/22	13.09.2022

Søknad om gjennomføring av skimarsj i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Forsvarets høgskole. Bykle kommune.

Vedlegg:

- 1 Søknad Forsvarets høgskole

Forvalters innstilling

Med heimel i forskrift om vern av *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 4 og kap. 4 pkt. 4.1 gir arbeidsutvalet i verneområdestyret avslag på Forsvarets høgskole sin søknad om gjennomføring av skimarsj i området Kaldsfjell – Sloaros i Bykle kommune.

Arbeidsutvalet legg vekt på at øvinga er planlagt i eit viktig vinterbeiteområde og ei tid på året då villreinen er særleg sårbar for forstyrring. Ved gjennomføring er deltakarane spreidd over eit større område og over eit lengre tidsrom, og med fare for at det vil forstyrre villrein som beitar i område. Det vert lagt vekt på at villreinstamma i Setesdal Ryfylke alt er pressa frå fleire hald og der det ikkje er ønskjeleg å opne for ny omfattande aktivitet i dei mest sentrale vinterbeiteområda. Arbeidsutvalet syner her til *naturmangfaldlova* § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning. Vidare vert det lagt vekt på at føremålet med øvinga primært er trening på fjellferd under vintertilhøve, og at søkar såleis bør kunne finne alternative område for gjennomføring der konfliktnivået er mindre. Arbeidsutvalet syner her til *naturmangfaldlova* § 12 om miljøforsvarlege tekniskar og driftsmetodar.

Saksopplysninger


Krigsskolen ved Forsvarets Høgskole har søkt om å gjennomføre delar av den årlege vintertreninga i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Konkret gjeld det skimarsj på strekninga Geiskelid i Setesdal Austhei og nord - vestover til Haukelisetser. Dispensasjonssøknaden gjeld strekninga mellom Breidvatn og Sloaros på Hovden der ruta går i landskapsvernområde. Søknaden gjeld for februar månad i åra 2023 – 2027. Sjå søknad vedlegg 1. Kart over ruta er lagt inn nedanfor.

Det er inntil 100 deltakarar på skimarsjen fordelt på lag med 8 – 10 personar. Målsettinga med marsjen er trening i fjellferd under vintertilhøve. Grunngevinga for å legge skimarsjen til det aktuelle området er til dels krevjande topografi samt at ruta går i eit høgfjellsområde kor det er lite spor etter menneskelege inngrep. Under skimarsjen vil det bli lagt vekt på naturvenleg friluftsliv. Laga som deltek skal gå med god spreing for å unngå belastning i landskapsvernområdet. Søkar skriv at skimarsjen på mange vis kan samanliknast med fellestur i regi av turistforeininga eller andre. Laga vil vera innafør landskapsvernområde i ein til to dagar.

Skimarsjen har tidlegare gått over Hardangervidda. Søkar skriv at det av omsyn til villreinsituasjonen der vert det ikkje tillate organisert ferdsel i aktuelle periode.

Arrangør vil kontakt med lokal SNO i forkant av skimarsjen med siktemål å tilpasse ruta i høve til kor det står villrein.

Planlagt rute for skimarsj:



Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengane fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Ferdslar (ikkje motorisert) er heimla verneforskrifta kap. 4 pkt. 4 der det går fram at *all ferdsel skal skje omsynsfullt for ikkje å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyrelivet eller beitedyr eller vere til ulempe for andre*. Vidare følgjer det av kap. 4 pkt. 4.1 at arrangør av større organiserte arrangement, som til dømes *militærøving*, må søke forvaltningsstyresmakta om løyve til arrangementet. Av dette følgjer at det også kan gjevast avslag til ein slik søknad. Av forvaltningsplanen kap. 2.5.5 går det fram at det ikkje er naudsynt å søke om det er færre enn 10 deltakarar. I denne saka er det som nemnd aktuelt med inntil 100 deltakarar fordelt på lag med 8 – 10 deltakarar.

Det følgjer av naturmangfoldlova § 36, som kom etter verneforskrifta, at ferdsel til fots ikkje kan avgrensast i eit landskapsvernområde. Unntak gjeld for landskapsvernområde med dyrelivsfreding, slik tilfellet er for *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde*.

Tidlegare saker.

Krigsskolen tok kontakt med forvaltningssekretariatet for gjennomføring av skimarsj i same område i februar 2022. Den gong var det tale om langt færre deltakarar og der vurderinga frå var at det ikkje var søknadspliktig.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldlova


Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljøretslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Kunnskapsgrunnlaget (§8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase, database for Sensitive Artsdata, samt frå GPS-merkeprosjektet i Setesdal Ryfylke.

Skimarsjen er planlagt i særleg viktige vinterbeiteområde for villrein og i eit område dyra normalt nyttar kvar vinter. Dette gjeld også den delen av skimarsjen liggjande i landskapsvernområdet. Kartsnittet nedanfor syner GPS-posisjonar frå merka villrein januar – mars i åra 2007 – 2017. I naturbasen er området definert som vinterbeite. Sør for Breidvatn,

der ruta kryssar riksveg 9 ligg det eit trekkområde for villrein mellom aust og vest heia. Her er det ferdselsforbod i perioden 25.4 – 31.5.



Vest for riksveg 9 i starten av marsruta er det ein registrering av raudlista fugl. Arten er sårbar for forstyrring alt frå førebuing ved hekkeplassen i slutten av februar månad. Nøyaktig ruteval vil vera avgjerande for i kva grad det vil føre til forstyrring av lokaliteten.

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste» som vert råka av transporten. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert likevel tillagt vekt i dei vidare vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).

I heiområda kring Hovden er det mykje ferdsel til fots og på ski ut frå dei mange fritidsbustadane. Vinterstid er mykje av ferdsla samla i preparert og merka løypenett, men særleg på seinvinteren er det ein god del ferdsel utanfor etablert løypenett. Mellom Hovden og Sloaros vert det preparert skiløype i perioden vinterferie – påske. Ferdslsregistrering i traseen vinteren 2022 synte 2500 passeringar fordelt på 58 dagar. Dvs. eit snitt på 44 passeringar pr. dag. Mest trafikk var knytt til påskeveka. Tal overnattingsdøgn på Sloaros turisthytte har dei siste åra ligge på kring 500. Motorferdsla i området er av moderat omfang og er knytt til frakt av proviant og utstyr til Sloaros turisthytte samt til 8-10 driftshusvære i dette heiområdet. I tillegg kjem bruk av løypemaskin ved preparering til Sloaros.

Grunna CWD situasjonen på Hardangervidda har det dei siste to åra vore eit regime langs vegen over Haukelifjell der ein forsøker å halde stamma skild frå stamma i Setesdal Ryfylke.

I ein slik situasjon er det særleg viktig at villrein som vert hindra i å krysse vegen på veg nordover ikkje vert send attende til eit område med mykje aktivitet og ferdsel.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)

Tilhøvet til desse paragrafane er ikkje vurdert då det er innstilt på eit avslag i saka. Forvaltar legg likevel vekt på at det i søknaden burde kome fram kva alternative område som er vurdert.

Andre vurderingar

Det er noko merkeleg at forsvaret etter å ha måtte flytte øvinga frå Hardangervidda av omsyn til villrein, ender opp med å ville gjennomføre øvinga i heilt sentrale vinterbeiteområde i Setesdal Ryfylke i ei tid på året då villreinen er særleg sårbar for forstyrring. Langt på veg er villreinen like pressa i våre område, sjølv om Hardangervidda har særlege utfordringar i høve til CWD og ferdsel. Gjeven at hovudføremålet med øvinga er å trene på fjellferd under vintertilhøve, kan forvaltar heller ikkje sjå at det skal vera eit vesentleg poeng at øvinga må skje i høg fjell utan større spor etter menneskeleg aktivitet. Såleis burde det vore mogleg å gjennomføre skimarsjen i område utanfor verna område og ikkje minst viktige vinterbeiteområde.

I motsetnad til andre organiserte turar vil deltakarane/laga vera spreidd over eit større område og over større tidsrom. Dette er vesentleg for utbytte av skimarsjen men bidreg samstundes til at forstyrringa i området vert meir omfattande enn kva som normalt er tilfelle ved andre organiserte arrangement/fellesturar.

Forvaltar har stor forståing for at forsvaret må ha tilgang på øvingsområde, men som det er peika på ovanfor bør det kunne finnast område som ligg utanfor heilt sentrale vinterbeiteområde for villrein. I kvalitetsnorm for villrein vart Setesdal Ryfylke villreinområde klassifisert som raudt (ikkje godkjend). Vidare har verneområdestyret den seinare tida hatt ein særleg merksemd på den samla belastninga som verneområdet står ovanfor. I ljøs av dette er det uheldig å opne for ny omfattande aktivitet i det aktuelle området.

Konklusjon

Søknaden vert avslått. Øvinga er planlagt i eit viktig vinterbeiteområde og ei tid på året då villreinen er særleg sårbar for forstyrring. Ved gjennomføring er deltakarane spreidd over eit større område og over eit lengre tidsrom, og med fare for at det vil forstyrre villrein som beitar i område. Det vert lagt vekt på at villreinstamma i Setesdal Ryfylke alt er pressa frå fleire hald og der det ikkje er ønskjeleg å opne for ny omfattande aktivitet i dei mest sentrale vinterbeiteområda. Forvaltar syner her til *naturmangfaldlova* § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning. Vidare vert det lagt vekt på at føremålet med øvinga primært er trening på fjellferd under vintertilhøve, og at søkar såleis bør kunne finne alternative område for gjennomføring der konfliktnivået er mindre. Forvaltar syner her til *naturmangfaldlova* § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.





Vår saksbehandler

STSJT Torbjørn Reisæter Christiansen,
torchristians@mil.no
+4723 09 93 45, 0510 9345
FHS/KS/SEK DRIF STU

Vår dato

2022-08-11

Vår referanse

2022/ /FORSVARET

Tidligere dato

Tidligere referanse

Til

Statsforvalter i Agder

Kopi til

Statens naturoppsyn

Søknad om å gjennomføre skimarsj i Setesdal, Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde

1 Sammendrag

Dette skriv er en søknad om å få gjennomføre deler av Krigsskolens årlige vintertrening i landskapsvernområdet Setesdal, Vesthei og Ryfylkeheiane. Marsjen går fra Geiskelid/Agdertun skyte- og øvingsfelt (SØF), og nord mot E134 mellom Haukeli og Haukeliseter. Denne søknad gjelder for 2023 til 2027.

2 Søknad

Med bakgrunn i «Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde» kap IV pkt. 4.1 søker Forsvarets Høgskole/ Krigsskolen å gjennomføre en militær skimarsj gjennom landskapsvernområdet. Skimarsjen vil gjennomføres årlig i februar.

2.1 Generelt om Krigsskolen

Krigsskolen er en del av Forsvarets Høgskole (FHS), og skal utdanne militære ledere på lavt nivå til den norske Hæren. Utdanningen gjennomføres over tre år.

2.2 Generelt om vinterøvingsperiodene

Krigsskolens konsept for vinterutdanning fordeler seg over tre år. I og med at noen av kadettene starter utdanningen uten militær erfaring, må utdanningen også starte med helt grunnleggende ferdigheter. Første året fokuseres det på kunne ta vare på seg selv under vinterforhold, andre året bygger vi videre på dette og gir kadettene ferdigheter og erfaring til å planlegge vinteraktivitet for soldatene sine. Denne utdanningen gjennomføres ved Geiskelid/Agdertun SØF, sør for Hovden i Agder fylke. Det tredje året planlegger vi en skimarsj i Setedalsheiene. Etter skimarsjen transporteres kadettene til en stridsteknisk øvelse i Hengsvann skyte- og øvingsfelt ved Kongsberg.

2.3 Om den planlagte skimarsjen

Skimarsjen omfatter årlig inntil 100 kadetter og instruktører fordelt på lag på 8– 10 kadetter. Målet med marsjen er å gi kadettene ytterligere trening i fjellferd under vinterforhold. Setedalsheienes topografi byr i denne sammenheng på spesielt interessante vilkår. Et annet viktig forhold er muligheten til å

Postadresse

Postboks 800 Postmottak
2617 Lillehammer
Norge

Besøksadresse

Oslo mil/Akershus
0015 OSLO
Norge

Sivil telefon/telefaks

/

Militær telefon/telefaks

Epost/ Internett

postmottak@mil.no
www.forsvaret.no

Vedlegg

0

Organisasjonsnummer

gjennomføre en lengre marsj i høgfjell hvor det ikke er store spor etter menneskelige inngrep. Marsjen bygger på tradisjonelle norske verdier for fjellferd vinterstid, med spesielt fokus på naturvennlig friluftsliv. Lagene som går over vidda vil ikke følges av kjøretøy, og det planlegges ikke med bruk av kjøretøy i verneområdet. Utstyr og utrustning er det som behøves av den enkelte mann for å kunne klare seg en uke ute. Lagene vil også få føringer for ruteplanleggingen som gjør at det er god spredning mellom lagene for å unngå belastning i landskapsvernområdet. I form vil marsjen derfor på mange måter kunne sammenlignes med en fellestur i regi av DNT eller andre organiserte turer.

Marsjen har tidligere gått over Hardangervidda, men av hensyn til villreinsituasjonen tillates det ikke med organisert ferdsel over Hardangervidda i denne perioden.

2.3.1 Planlagt rute


Lagene starter ved Geiskelid, og lagene går mer eller mindre samme rute frem til kryssing av RV 9. Deretter vil lagene fordele seg ut og følge egne ruter videre vest og deretter nordover og ut av landskapsvernområdet. På nordsiden av landskapsvernområdet vil vi samle lagene for å gjennomføre en militærhistorisk gjennomgang av aktivitetene i området under andre verdenskrig, før lagene vil gå samlet det siste stykket ned mot E 134. Derfra vil de transporteres med buss til Rjukan fjellstue, hvor vi vil markere gjennomført marsj, og overgang til fokus på vinteroperasjoner med en avdelingsmiddag og introduksjon til tungtvannssaksjonene.

Lagene vil med andre ord kun være innom de nordligste delene (fra Langvatn/ Sloaros ned til RV 9) av landskapsvernområdet i en til to dager.

2.3.2 Hensyn til villrein

For å hindre unødig forstyrrelse av villrein vil vi legge ruten for øvelsen i samarbeid med lokalt naturoppsyn. Statens naturoppsyn (SNO) vil kontaktes skriftlig og muntlig i perioden før marsjen starter for å få oppdateringer på hvor villreinen befinner seg og hvilke hensyn som må tas. Ruten vil justeres etter føringer fra SNO. Kadettene vil også instrueres i å omgå rein dersom de observerer dette langs ruten.

Generisk rute:



2.4 Øvingsledelse

Kadettlagene vil ha med seg ett følgebefal per lag. Følgebefalet vil være rutinerter offiserer eller befal som vil ha det lokale ansvaret for laget og marsjen.

Det vil i tillegg være en øvingsstab som overvåker og leder øvelsen fra Geiskeli. Øvingsstaben vil ha materiell (snøskuter) til å evakuere ut eventuelle skadede kadetter underveis.

3 Kontakt

Kontaktperson ved Krigsskolen for oppfølgingsspørsmål er stabssersjant Torbjørn Christiansen (torchristians@mil.no).

Svar på søknaden ønskes sendt til Krigsskolen, Pb 42 Linderud, 0517 Oslo med kopi til kontaktperson.

Sigrid Engebretsen-Skaret
Oberst
Sjef Krigsskolen



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748
Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
finavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/6049-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 08.09.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	42/22	13.09.2022

Uttale til kommuneplan for Suldal.

Vedlegg:

- 1 Suldal - til uttalelse - kommuneplanens samfunnsdel 2022 - 2034

Forvalters innstilling

Arbeidsutvalet (AU) i verneområdestyret for SVR har disse merknadane til Suldal kommune sin kommuneplan:

- Arbeidsutvalet er positiv til at det ikkje er lagt opp til nye utbyggingsområde nær opp til verneområda og at heiplanen sine omsynssoner fullt ut er integrert i arealdelen av kommuneplanen.
- I arealplankartet er det teikna inn ei relativt stor arealbrukssone ved Hydro sine anlegg ved Holmavassdammen i Holmavassåno biotopvernområde. Denne sona bør reduserast til berre å dekke sjølve kraftverksinstallasjonane på staden
- Arbeidsutvalet er positive til at kommunen legg opp til eit tydeleg skilje mellom store natur- og utmarksområde, og utbyggingsområde, slik det går fram av arealstrategien i samfunnsdelen.
- Suldal kommune skal ha ros for at sti- og løypeplanen slår fast at det ikkje skal opnast for nye stiar og løyper nær verneområda. Det er og positivt at sti- og løypeplanen inneheld retningslinjer om at nye løyper kan merkast dersom eksisterande løyper blir lagt ned. Sti- og løypeplanen tek såleis høgde for at ei større omlegging av turistforeiningas løypenett kan gjennomførast som eit avbøtande villreintiltak. Arbeidsutvalet meiner likevel at sti- og løypeplanen burde vore utarbeida som ein eigen temaplan eller kommunedelplan. Slik den no er innarbeida i samfunnsdelen vert den kortfatta og overordna utan at den går i djupna på problematiske sider ved eksisterande stiar og løyper. Særleg gjeld det tilhøve til villrein og rovfugl.



Saksopplysninger


Bakgrunn

Viser til høyringsbrev frå Suldal kommune, dagsett 24.06. Suldal kommunestyre har vedtatt å sende både kommuneplanens samfunnsdel og arealdel ut på første gongs høyring. Høyringsfristen vart sett til 01.09.2022. Verneområdestyret for SVR har fått utsett frist til 09.09.2022, slik at ein rekk å handsame uttalen i AU møte 05.09.2022. Arealplankartet og alle plandokument kan lastast ned frå <https://www.suldal.kommune.no/kommuneplan/>. Etter at AU møte vart utsett til 13.09 har SVR fått utsett uttalefristen til 13.09.2022.

Relevant innhald i planen

Verneområdestyret for SVR har forvaltningsmynde for tre verneområde i Suldal kommune. Dette dreier seg om Dyraheio landskapsvernområde på 304km², Kvanndalen landskapsvernområde på 84km² og Holmavassåno biotopvernområde på 23km². Alle desse verneområda ligg i sin heilskap inne i Omsynssone Nasjonalt villreinområde, men denne omsynssone strekk seg og utanfor verneområda. I tillegg kjem Omsynssone Hensynssone villrein som ei relativt smal sone på utsida av Omsynssone Nasjonalt villreinområde. Kartet under viser dei ulike verneområda og dei aktuelle omsynssonene i Suldal kommune.

Kart omsynssoner: brun heiltrukken strek viser avgrensinga av verneområde. Grøn farge viser Omsynssone Nasjonalt villreinområde, lysegrøn farge viser Omsynssone Hensynssone villrein, mens kvit farge viser Omsynssone Bygdeutvikling.



Det er relativt få tema i kommuneplanen som har direkte innverknad på verneområda, men dei mest relevante vil bli omtala i det følgjande. I uttalen vil det bli skilt mellom tema som gjeld samfunnsdelen og tema som gjeld arealdelen.

Kommuneplanens arealdel

Suldal kommune har fult ut integrert Heiplanen sine retningslinjer for Omsynssone Nasjonalt villreinområde og Omsynssone Hensynssone villrein i kommuneplanens arealdel. Dette viser seg ved at desse omsynssonene ligg som kartlag i arealplankartet og at dei konkrete retningslinjene for desse omsynssonene er gitt på s.23 i dokumentet *Føresegner og retningslinjer for arealdelen*. Heiplanens retningslinjer gir og føringar for Planomtalen for kommuneplanens arealdel. Mellom anna gir dette seg utslag i at ein både i planstrategien på s. 6 og i omtale av fritidsbustadar på s. 15, viser til desse retningslinjene og trekker grensa mellom utbyggingsområde og natur- og utmarksområde ved grensa for Omsynssone Hensynssone villrein. Som ein konsekvens av dette slås det fast at det ikkje vil bli opna for å legge ut område for nye fritidsbustadar i Omsynssone Nasjonalt villreinområde og Omsynssone Hensynssone villrein

Retningslinjene for Omsynssone Nasjonalt villreinområde er særleg relevant for vereområdestyret ettersom både Dyraheio, Kvanndalen og Holmavassåno ligg i denne omsynssona. I tillegg fungerer dei ytre delane av Omsynssone Nasjonalt villreinområde og heile Omsynssone Hensynssone villrein ei buffersone for desse tre verneområda.

Elles kan det påpeikast at det i arealplankartet er teikna inn ei relativt stor arealbrukssone ved Hydro sine anlegg ved Holmavassdammen i Holmavassåno biotopvernområde. Denne sona omfattar eit mykje større areal enn det som er nødvendig for å dekke sjølve kraftverksinstallasjonane på staden.

Kommuneplanens samfunnsdel

At Suldal kommune fullt ut har integrert Heiplanen sine retningslinjer for Omsynssone Nasjonalt villreinområde og Omsynssone Hensynssone villrein visast og i kommuneplanens samfunnsdel. I Arealstrategien på s. 21 går det fram at Suldal kommune vil finne « .. *balansen mellom vern og bruk ved å ha tydeleg skilje mellom dei store natur- og utmarksområda og utbyggingsområde. Grensa mot heia/fjellet går ved omsynssone villrein. Det skal ikkje planleggjast nye utbyggingsområde i denne sona. Suldalsheia skal forvaltast i tråd med retningslinjene sett i regional plan, for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei*». Kommuneplanens samfunnsdel inneheld og ei kortfatta Sti- og løypeplan på s. 22. Til Sti- og løypeplanen er det og utarbeidd eit temakart for Turstiar og løyper [Merka Turstiar \(kommunekart.com\)](http://Merka_Turstiar(kommunekart.com))

Kommunale sti- og løypeplanar blir i mange samanhengar framheva som eit viktig verkemiddel for å løyse konflikter mellom menneskeleg ferdsel og villrein. Dette gjeld mellom anna Forvaltningsplan for SVR, Besøksstrategi for SVR, og i Heiplanen blir det påpeikt at etablering og drift av stiar og løyper skal fastsettest i slike planar. I Suldal kommune sin sti- og løypeplan heiter det mellom anna at det « ... *ikkje skal etablerast nye merka turløyper i nasjonalt villreinområde eller omsynssone villrein*». Det heiter og at « ... *eventuelle unntak kan gjerast om ny rute erstattar ei løype som blir lagt ned*». Når det gjeld maskinpreparerte skiløyper heiter det at « ... *det ikkje skal etablerast nye maskinkøyrt løyper inn i nasjonalt villreinområde eller omsynssone villrein*». For allereie etablerte maskinpreparerte løyper heiter det at «*Av omsyn til villrein skal maskinkøyting av løyper stoppast for ein periode dersom det vert observert villrein i området løypa går i. Dette skal forvaltast gjennom ein god dialog mellom løypekøyrar, SNO og kommunen, der ein til ei kvar tid søker å ha oppdatert informasjon om villrein i området*».

Vurdering

At Suldal kommune fullt ut har innarbeidd retningslinjene i Heiplanen i sin kommuneplan, vil på fleire måtar lette presset på verneområda. At det ikkje leggjast opp til nye utbyggingsområde i randsonene til verneområda er særleg viktig. På denne måten unngår ein til dømes nye hytteområde som kan skape auka ferdsel og meir forstyrking av villreinen i sentrale villreinområde. Gjennom Heiplanen sine retningslinjer leggjast det og opp til ei streng handsaming av enkeltstående byggesaker som ligg tett opp til forvaltningspraksisen i verneområda.

At Suldal kommune har valt å legge sti- og løypeplanen inn i kommuneplanen sin samfunnsdel, har både positive og negative konsekvensar. Samfunnsdelen er berre på 20 sider slik at sti- og løypeplanen på denne måten får stor politisk merksemd. Ulempa ved plasseringa i samfunnsdelen er at sti- og løypeplanen dermed blir kortfatta og overordna, og ikkje går i detaljar på problematiske sider ved eksisterande løyper. At eksisterande stiar og løypar skal vurderast i høve til konflikter med villrein, går mellom anna fram av Heiplanens omtale av sti- og løypeplanar. Sti- og løypeplanen til Suldal kommune bør innehalde ei vurdering av konfliktane mellom villrein og ferdsel på eksisterande løypenett. Sti- og løypeplanen bør og innehalde ei vurdering av moglege konflikter mellom eksisterande løypenett og hekkelokalitetar for rovfugl. Forvaltar vil derfor tilrå at sti- og løypeplanen får form som ein temaplan eller kommunedelplan. Dette vil gi større rom for heilt nødvendige vurderingar av kva for



konsekvensar eksisterande stiar og løyper har for villreinens arealbruk og hekke- og ynglelokalitetar for sårbare artar.

Suldal kommune skal ha ros for at sti- og løypeplanen inneheld retningslinjer om at det ikkje skal opnast for nye maskinpreparerte løyper og nye merka sommarløyper inn i Omsynssone Nasjonalt villreinområde og Omsynssone Hensynssone villrein. Dermed vil det ikkje komme nye stiar og løyper inn mot verneområda. Desse retningslinjene vil være ei viktig støtte for verneområdeforvaltninga, når mellom anna turistforeininga ønskjer merking av nye løyper. Det er og positivt at sti- og løypeplanen inneheld retningslinjer om at nye løyper kan merkast dersom eksisterande løyper blir lagt ned. Sti- og løypeplanen tek såleis høgde for at ei større omlegging av turistforeiningas løypenett kan gjennomførast som eit avbøtande villreintiltak.



Ryfylkeheiane og Frafjordheiane
landskapsvernområde
Verneområdestyret for Setesdal
Vesthei
postboks 504
4804 ARENDAL

Dato: 24.06.2022

Arkivkode: K1-141

Dykkar ref.

Vår ref. 20/1127-67

22/9931

Torill Telstad

HØYRING - SULDAL KOMMUNE MOT 2034 - KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL 2022-2034

Suldal kommune arbeidar med å rullere samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen. Kommunestyret i Suldal vedtok 20.06.22 å sende kommuneplanens samfunnsdel ut til 1. gongs høyring.

K- 052/22 Vedtak:

«I medhald av plan- og bygningslovas §11-14 vert forslag til kommuneplanens samfunnsdel for Suldal kommune for perioden 2022-2034 datert 31.05.22 sendt ut til høyring og offentleg ettersyn».

Vedlegg 1: Kommuneplanens samfunnsdel, med endringar og tillegg gjort i kommunestyret 20.06.22.

Vedlegg 2: Arbeidet med kommuneplanen er basert på utfordringsbilde som vart teikna i planprogrammet og er blitt til gjennom eit lengre arbeid der mange har deltatt. Oppsummering av innkomne innspel og medverknad er gjort i dokumentet «Medverknad og innspel til kommuneplan 2022-2032».

Vedlegg 3: Kommunestyresak 22/5173 - Kommuneplanens samfunnsdel 2022-2034

Høyringsdokumenta blir og tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

<https://www.suldal.kommune.no/>

I høyringsperioden ber me om innspel til samfunnsdelen av kommuneplanen. Frist for å komme med innspel er sett til 01.09.22.

Med helsing

Dagfinn Svadberg Hatløy
Bygdeutviklingsleiar

Torill Telstad
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

Avsender:
Suldal kommune
Eidsvegen 7
4230 Sand

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde
postboks 504
4804 ARENDAL



856.6.211

Statsforvalteren i Agder

29 JUNI 2022


Høring - Suldal kommune mot 2034 - kommuneplanens samfunnsdel

6#355:905297ee-3c2d-4e10-b60e-47b34bc46b32:1

Suldal kommune mot 2034

Kommuneplanens samfunnsdel 2022-2034

1. gongs høyring – vedtatt lagt ut av kommunestyret 20.06.22



Innhald

Eksotisk aktiv trygg	3
Kommuneplanen	4
Utvikling i folketal og næring.....	5
Trivsel og folkehelse	5
Suldal - berekraftig framtid	6
Visjon.....	7
Suldal mot 2034	8
Å leva, bu og trivast.....	9
Attraktive Suldal	12
Nyskapande arbeidsgjevar	18
Arealstrategi kommuneplan 2022-2034	20
Sti og løypeplan.....	22
Vegen vidare	23

Eksotisk aktiv trygg



Helsing Gerd Helen Bø
Ordfører

Korleis vil me ha det i Suldal i framtida? Val og avgjersler me tek i dag vil påverka korleis det er å leva og bu i Suldal i åra som kjem.

Kommuneplanen er det øvste styringsdokumentet i kommunen vår. Det viktigaste er at han er styringsverktøyet for alle politikarane i Suldal, uavhengig av ideologi og politisk partitilknytning.

Suldal har ein mangfaldig og rik kulturhistorie som går langt tilbake i tid. Ein del av kulturhistoria er krafthistoria vår. Utviklinga frå lyset i den første lyspæra i 1916 og fram til i dag, plasserer Suldal på kartet som ein av Noregs største kraftkommunar. Samtidig er det akkurat kraft me ønskjer å kunne nytta meir av lokalt for å sikra verdiskapinga i Suldals-samfunnet vårt i framtida.

Kommuneplanen i Suldal har blitt til gjennom eit stort medverknadsarbeid der innbyggjarar, næringsliv, politikarar og tilsette har gitt innspel på kva som bør vera viktige satsingsområde i framtida. Dette er eg svært glad for. I åra som kjem skal me sikra vidare medverknad for å utvikla kommunen vår til ein god stad å bu, besøka og driva næring.

Saman skal me syta for at Suldal er eit skattkammer.

Kommuneplanen


-Kommuneplanen er kommunen sitt øvste og mest overordna styringsdokument som skal gi kraft og retning for korleis kommunen skal utvikle seg fram mot 2034.

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel med ein langsiktig arealstrategi og ein arealdel. Samfunnsdelen inneheld dei langsiktige måla for kva retning Suldals samfunnet og kommuneorganisasjonen skal utvikle seg. Det vert peika på hovudsatsingsområde me skal ha ekstra vekt på og kva strategiar me skal bruke for å nå måla under dei ulike satsingsområda.

Langsiktig arealstrategi skal binde saman samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen gjennom å gje føringar for arealdelen. Arealdelen viser kva areal ein ynskjer å nytte til ulike formål. Den inneheld føresegner om bruken av dei ulike områda og er juridisk bindande.

Kommuneplanen sin samfunnsdel vert førande for alle underliggande planar og strategiar. Konkretisering og prioritering av ulike tiltak vert gjort i dei underliggande planane. Den mest sentrale planen er Økonomiplan med handlingsprogram, men og andre temaplanar og strategiar kan vere med på å konkretisere måla i kommuneplanen.

Utvikling i folketal og næring



Figur 4.3.2 Utviklingsbaner for folketallet i Suldal i de nye og gamle scenariene.

flyttetalla blir betre enn forventa. Det inneber at Suldal må bli ein meir attraktiv kommune for både næringsliv og busetting. For å skape vekst i folketallet må attraktiviteten være svært høg. Sjølv om ein lykkast med å stabilisere eller auke folketallet i kommunen, vil det bli ein sterk vekst i talet på eldre og ein nedgang i talet på barn, noko som vil krevje omstilling i kommunen si drift. Dette omstillingsbehovet, med færre barn og fleire eldre, gjeld ikkje berre Suldal, men er ein situasjon som dei fleste kommunar i landet står ovanfor.»

Kjelde: Telemarksforskning

Trivsel og folkehelse

Folkehelseundersøkinga i 2020 viser at dei fleste i Suldal har det bra, er nøgde med livet og eiga helse, og opplever god sosial støtte. Samstundes er det store forskjellar og i Suldal, og me har framleis utfordringar å ta tak i dei kommande åra.

Suldal skil seg likevel ut med at me er godt nøgde med tilgang til kultur- og idrettstilbod i forhold til andre i Rogaland. Suldal er og den kommunen i fylke med høgast median livskvalitet. Dette vert viktige ting å bygge vidare på om me skal auke attraktiviteten og bu lysta i Suldal.

Suldal - berekraftig framtid

Berekraftig utvikling handlar om å møte dei behova me har i dag, samstundes som me ikkje øydelegg dei framtidige generasjonane sine moglegheiter til å dekke sine behov. Regjeringa har forplikta Norge til å arbeide for å nå måla og det er klare forventningar om at kommunane legger FN sine berekraftsmål til grunn for samfunns- og arealplanlegging. Suldal kommune vil bidra til å arbeide mot desse måla og kommuneplanen er bygd opp etter desse.



Samarbeid for å nå måla

Samarbeid, kommunikasjon og medverknad er ei føresetnad for å nå berekraftsmåla. I Suldal skal me derfor arbeide for å ha eit aktivt lokaldemokrati. Suldal kommune skal leggje til rette for medverknad og dialog, sikre opne prosessar og fremme deltaking.



Sosial berekraft inneber at me saman skaper eit samfunn der alle har moglegheiter til utdanning, arbeid, god helse og kan leve utan å verte diskriminert. Fellesskap, likeverd og toleranse må vere grunnsteinane. Innbygarane skal ha like moglegheiter til å delta i samfunnsutviklinga og til å vere aktive i forminga av eige liv. Under hovudmålet «å bu, leve og trivast» har me samla hovudsatsingsområda me skal arbeida med for å få god sosial berekraft i kommunen.



Økonomisk berekraft handlar om ansvarleg forbruk og produksjon, økonomisk vekst med mindre belastning på miljøet, samt retttferdig og anstendig arbeid. Berekraftig utvikling inneber at det skapat verdiar i lokalsamfunnet som opprettheld eit godt velferds- og tenestetilbod. Under hovudmålet «attraktive Suldal» har me samla hovudsatsingsområda for å få god økonomisk berekraft i kommunen.



Miljømessig berekraft inneber å utvikle samfunnet innanfor planetens tolegrense og redusere tapet av biologisk mangfald. Klimaendringane må reduserast, samstundes må me tilpasse oss konsekvensane av endringane som er her i dag. Under hovudmålet «Grøne Suldal» har me samla hovudsatsingsområda for å få god miljømessig berekraft i kommunen.

Visjon



– eit levande samfunn, rik på naturressursar og kreativ kraft

Eksotisk: Storslått natur, spanande kontrastar og sanseopplevingar.

Aktiv: Levande, stå-på vilje, engasjement, kreativitet, kultur –og naturbaserte aktivitetar.

Trygg: Naturleg, stolte og vennlege menneske, gode oppvekst – og levekår, lite kriminalitet

Skattkammeret Suldal

Å leva, bu og trivast

Attraktiv

Grøn

Nyskapande
arbeidsgjevar

Suldal mot 2034



Å leva, bu og trivast

- Alle barn og unge i Suldal skal kvar dag oppleve meistring i eit inkluderande og trygt oppvekstmiljø som fremjar livslang læring.
- Suldal skal vere ein god plass å leva heile livet
- Suldal skal vere ein open og inkluderande kommune der alle kan føle seg heime
- Suldal skal ha aktive innbyggjarar som deltek i utviklinga av eige lokalsamfunn
- Suldal skal vere ein spydspiss i kulturlivet i regionen med fokus på kvalitet, breidde og mangfald



Attraktive Suldal

- Suldal skal vere ein kommune det er attraktivt både å flytte til og bli buande i
- Suldal skal vere attraktiv for eksisterande og nye næringar
- Suldal skal ha eit robust, framtidretta og berekraftig landbruk
- Suldal skal arbeide for god infrastruktur i heile kommunen
- Suldal skal aktivt arbeida for eit godt regionsamarbeid



Grøne Suldal

- Suldal tar vare på sitt særpreg gjennom god forvaltning av natur og kulturlandskapet
- Suldal skal legge til rette for det «grøne skiftet» og ta ei aktiv rolle for å redusere klimagassutslepp
- Suldal skal arbeide for å fremme berekraftige forbruk og produksjon
- Suldal skal være ein klimarobust kommune



Nyskapande arbeidsgjevar

- Suldalpakken skal syne kva Skattkammeret Suldal har å by på
- Suldal kommune skal vera ein lærande organisasjon
- Suldal kommune skal nytta samskaping i utvikling av organisasjonen
- Suldal kommune skal vera ein nyskapande arbeidsgjevar
- Suldal kommune skal vere førebudd på endring i inntekter

Å leva, bu og trivast



Foto: Lise Bjelland

Ein god oppvekst legg grunnlaget for eit godt liv. Gode oppvekstforhold for barn og unge er viktig for dei det gjeld, men er og ein viktig faktor for at heile familien skal trivast. I dag ser vi at fleire barn og unge enn tidlegare melder om psykiske utfordringar og mistrivsel. Det vert ei viktig oppgåve å sikre at ein oppvekst i Suldal gjer ein robust og i stand til å meistre eige liv.

Innbyggerane i Suldal vil i åra som kjem bli eldre og talet på yrkesaktive vil gå ned. Kombinert med at ein i Suldal har store avstandar, spreidd busetnad og minkande folketal, vil dette gje utfordringar i eldreomsorga. Me må arbeide for at me framover får eit aldersvennleg samfunn der den einskilde har ein meningsfull og helsefremmande kvardag, høg grad av sjølvstende og moglegheit for deltaking i samfunnet.

Mangfald gir styrke. Alle innbyggerane i Suldal sit på ressursar på tvers av funksjonsnivå, etnisitet, religion, seksuell legning og kjønnsidentitet. Det er viktig for alle å føle seg inkludert og føle at ein kan bidra. Å skape eit samfunn der alle føler at dei har ein plass dei høyrer til, vert derfor ei av utfordringane framover.

Mykje av aktivitetane i Suldal i dag skjer rundt om i dei ulike grendene. Det er innbyggerane og samspelet mellom dei som skapar ei grend, vel så mykje som dei fysiske forutsetningane. Det frivillige arbeidet i Suldal har alltid stått sterkt og er drivkrafta bak mykje av det som skjer i kommunen. Skal Suldal fortsett vere ein attraktiv plass å bu, er det viktig at dette arbeidet fortsett, og at nye generasjonar vert aktive deltakarar i utforminga av lokalsamfunnet.

Suldal har eit aktivt og mangfaldig kulturliv som vert sett stor pris på av innbyggerane. Dette er med å sikre attraktivitet og bulyst i kommunen. Det er derfor ei god investering i trivsel å sikre at ein framleis har eit blømande kulturliv i kommunen. Kulturhistoria og kulturlandskapet i Suldal er ein viktig del av identiteten vår. Det er viktig både å forvalte og formidle kulturmiljø på ein god måte. Dette er ein viktige ressurs for opplevingar, folkehelse, trivsel og reiseliv.

Me vil at:	Derfor skal me
Alle barn og unge i Suldal skal kvar dag oppleve meistring i eit inkluderande og trygt oppvekstmiljø som fremjar livslang læring	<ul style="list-style-type: none"> • Ruste barn og unge for å takle kvardagslivets livets små og store utfordringar • Ha fokus på førebygging og tidleg, tverrfagleg innsats for barn og unge som møter utfordringar, BTI modellen (betre, tverrfagleg innsats) • Prioritere å ha lett tilgang til psykiske helsetjenester for alle, men med spesielt fokus på barn og unge • Framtidas oppvekst- Gi barnehage- og skuletilbod som gjer at barn og unge trygt kan møte framtidige krav og forventingar i samfunnet • Skapa likeverdige og inkluderande utviklings- og læringsmiljø i barnehage og skole • Ha gode rutinar for medverknad frå barn og unge • Legge til rette for gode møteplassar for ungdom, mellom anna gjennom å støtte idrettslag, foreiningar og andre frivillige som jobbar med barn og unge • Legg til rette for at alle barn og unge har høve til å delta i fritidsaktivitetar • Auka kompetansen til dei vaksne (føresette og tilsette) i eit system som fremmer trygge, robuste barn og unge
Suldal skal vere ein god plass å leve heile livet	<ul style="list-style-type: none"> • Sikre gode helse- og omsorgstenester til alle innbyggjarar • Legge til rette for at innbyggjarar kan ta gode val for eigne liv • Sikra fullverdige liv gjennom tilrettelegging for gode kulturopplevingar, fysisk aktivitet og rekreasjon • Ha fokus på å få innbyggjarar med god helsekompetanse kring eigen helsesituasjon • Arbeida tverr-sektorielt for å sikre rette tenester med fokus på god innbyggjarinvolvering • Legge til rette for kvardagsmeistring, førebyggjande aktivitetar og at dei som ønsker det kan bu heime. • Bruk velferdsteknologi i tenestene for å gi innbyggjarane auka livskvalitet og for å auke kommunen sin omsorgskapasitet • Tilpasse tenestetilbodet med omsyn til folketalsutviklinga
Suldal skal vere ein open og inkluderande kommune der alle kan føle seg heime.	<ul style="list-style-type: none"> • Legge til rette for gode møteplassar på tvers av generasjonar og kulturar • Legge prinsippa for universell utforming til grunn for samfunnsutviklinga • Sikre deltaking for alle uavhengig av økonomi • Styrke arenaer for sosial inkludering som stimulerer til samfunnsdeltaking
Suldal skal ha aktive innbyggjarar som deltek i utviklinga av eige lokalsamfunn	<ul style="list-style-type: none"> • Bygge sterke nettverk mellom vaksne som saman støtter barn, unge og kvarandre i kvardagen • Legge til rette for eit rikt organisasjonsliv • Aktivt støtte og nytte det frivillige arbeidet i kommunen • Styrka lokaldemokratiet gjennom å nytte grendeutvala og politiske råd for å få god medverknad • Styrka kontakten mellom innbyggjarane og kommunen for saman å kunne utvikle eit godt samfunn

	<ul style="list-style-type: none"> • Engasjere hyttesuldølen til aktiv deltaking i lokalsamfunnet
Suldal skal vere ein spydspiss i kulturlivet i regionen med fokus på kvalitet, breidde og mangfald	<ul style="list-style-type: none"> • Utvikle satsinga på basistilbod innan idrett og kultur • Utvikla nye og eksisterande arenaer, møteplassar og nettverk • Vera drivkraft for å implementera kultur og kulturskaping • Sikre både materielle og immaterielle kulturminne gjennom fysisk bevaring og formidling • Legge til rette for at kunstnarar og kulturarbeidarar kan bu og virka i Suldal

Attraktive Suldal



Foto: Suldal Foto

Innbyggerane i Suldal gir uttrykk for at Suldal er ein flott plass å bu. Dei trekk spesielt fram kvalitetar som god tilgang på fantastisk natur, eit inkluderande samfunn der folk bryr seg om kvarandre og eit blømande kulturliv. Trass dette har Suldal eit minkande folketal. Skal ein oppretthalde gode tenester i heile kommunen er det viktig at folketalet ikkje vert for lågt. Ein må ha fokus på kva som gjer det attraktivt for folk å bli, flytte tilbake eller flytte til Suldal.

Næringsutvikling og samfunnsutvikling er to sider av same sak. Nokre av dei viktigaste suksessfaktorane for å lykkast er *samhandling, samskaping og samarbeid*.

Næringslivet er i stor grad basert på naturressursane i kommunen. Basisnæringar som landbruk og skogbruk står sterkt. Kraftproduksjon og bergverk representerer sentrale næringar, men har framleis potensiale for auka verdiskaping.

Suldal har vekst i regionale næringar som transport-, bygg- og anleggsbransjen og det er eit viktig fortrinn at desse næringane opprettheld konkurransekrafta. Som Noregs største kraftkommune og ein kommune med rik tilgang på naturressursar har ein store moglegheiter for verdiskaping basert på klimaendringar og krav som følgjer av dette.

Suldal har og eit stort potensiale som eit berekraftig og attraktivt reisemål, basert på kulturbasert reiseliv, aktivitets- og arrangementsutvikling. Det er viktig med attraktive sentrum for å styrka den lokale handelen.

Suldal skal ha attraktive grender med møteplassar og lokal handel. Sand sentrum skal i tillegg vere eit kraftsenter for innbyggerar, næringsliv og besøkande i heile kommunen. Det må utviklast eit felles framtidsbilete og ein heilskapleg plan for eit fleirfunksjonelt og framtidsretta kommunesenter. Planen må støtte opp under den positive aktiviteten som allereie finst og leggast til rette for vidareutvikling av denne.

Suldal har potensiale i å verta meir synleg, og kommunisere Suldal sine mange kvalitetar rik på naturressursar og kreativ kraft. Framsnakking og stoltheit må bli ein større del av kulturen vår. Skattkammeret Suldal er vår felles merkevare – Eksotisk – Aktiv – Trygg. Dette må kommuniserast og vere en del av den heilskaplege og målretta omdømmebygginga.

Landbruket er og har vore ei viktig næring i Suldal. Jord- og skogbruket har forma kulturlandskapet i kommunen og næringa er sentral for spreidd busetting og sysselsetting i heile kommunen. Skal me oppretthalde landbruket i Suldal må me arbeida for gode rammer for næringa, tenke innovativt og sjå på nye moglegheiter for utvikling og samarbeid.

Suldal kommune er ein utkantkommune med spreidd busetnad. I tillegg ligg me eit godt stykke unna dei større regionsentera i Rogaland. Dei naturgitte forholda gjer det utfordrande å opparbeide god infrastruktur i heile kommunen. Skal ein sikre framtidig vekst og busetting er det ein føresetnad at alle fastbuande har god mobil- og fiberdekning, at me har trygge og gode vegar og at det er enkelt å reise inn og ut av kommunen.

Suldal vil ikkje åleine klare å dekkje alle behov i framtida. Det vert stilt stadig strengare krav på ei rekke fagfelt og det er viktig at ein gjennom eit aktivt regionsamarbeid ser på nye felles løysingar.

Me vil at:	Derfor skal me:
Suldal skal vere ein kommune det er attraktivt både å flytte til og bli buande	<ul style="list-style-type: none"> • Styrke og synleggjere kommunen sin identitet, særpreg og attraksjonsverdi • Arbeide for attraktive, inkluderande og levande grender med gode møteplassar • Utvikle Sand sentrum til eit framtidssette og heilskapleg sentrum for alle innbyggjarar, næringsliv og besøkande • Synleggjere jobb-, bustadmoglegheiter og servicetilbod for å behalde arbeidskraft og tiltrekke fleire arbeidstakar • Ha eit variert bustadtilbod tilpassa ulike livsfasar • Til ei kvar tid ha ledige byggeklare tomter i kommunen
Suldal skal vere attraktiv for eksisterande og nye næringar	<ul style="list-style-type: none"> • Legge til rette for kontorfellesskap og innovative miljø • Vera attraktiv for forskning og utvikling, entreprenørskap og innovasjon • Synleggjera samspelet mellom laks, vatn og kraft • Legge til rette for opplevingsbasert berekraftig natur- og kulturbasert reiseliv • Arbeide for høgt tal på lærlingplasser både i kommunen og næringslivslivet • Entreprenørskap i skulen – samarbeid mellom skole, kommune og næring • Legge til rette for behovstilpassa næringsareal på strategisk viktige stader i kommunen
Suldal skal ha eit robust, framtidssetta og berekraftig landbruk	<ul style="list-style-type: none"> • Jobbe for gjensidig forståing mellom overordna mynde og landbruket • Styrke og utvikle hald av beitedyr som viktig næring og produksjon, for å oppretthalde kulturlandskap og artsmangfald • Arbeida for eit berekraftig og aktivt skogbruk med fokus på skogkultur, skjøtsel og vegleining og fremme bruk av tre i det grønne skifte • Utvikle og utnytte potensiale for ulike tilleggsnæringar • Ha ei streng haldning til fritak for buplikta på landbrukseigedomar • Bidra til gode generasjonsskifte i landbruket slik at det vert attraktivt for unge å satse på landbruk • Ha eit strengt jordvern i saker som gjeld frådelling og om disponering
Suldal skal arbeide for god infrastruktur i heile kommunen	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeide med eksterne aktørar for å arbeide mot at alle fastbuande får mobil- og fiberdekning eller tilsvarande • Arbeida for trygge vegar både i kommunen og inn og ut av kommunen • Arbeida for gode kollektivtilbod • Arbeida for realisering av Haukelibanen • Oppruste kommunale vatn- og avløpsanlegg slik at dei tilfredsstillar kvalitets og klimakrav

Suldal skal aktivt arbeida for eit godt regionsamarbeid

- Være pådrivar og deltakar i regional utvikling og samarbeid
- Arbeida for tilbod om desentralisert utdanning
- Vidareutvikle reiselivssatsing gjennom regionalt samarbeid

Grøne Suldal



Foto: Lise Bjelland

viktig for CO² lagring.

Vi må i åra framover gjere meir med mindre ressursar. Slik det er no forbrukar vi meir enn kva som er berekraftig for kloden. Ei utfordring framover vert derfor, både som kommuneorganisasjonen og som enkelt individ, å sjå på korleis vi kan nytte ressursane på ein betre måte.

Det er i framtida venta vesentleg auke i kraftig nedbør, meir overvatn og fleire og større regnflaumar. Havnivået vil stige og gje særleg utfordringar i samband med stormflo. Vi må vere førebudd på auka fare for jord-, flaum – og sørpeskred, og det kan kome på nye stader. I Suldal må vi i tillegg rekne med auke i steinras som følgje av auka ekstremnedbør. Til tross for meir nedbør, kan høgare temperaturar og meir fordamping gi auka fare for tørke om sommaren. Samfunnsøkonomisk er det betre å førebyggje enn å reparere skadar i etterkant. Ein må arbeide systematisk med risiko- og sårbarheits analyser, og ta omsyn til klimaendringane i all kommunal planlegging. Suldal kommune må ruste seg til å bli klimarobust.

Natur- og kulturlandskapet er ein av dei største ressursane me har i Suldal. Naturen og utmarksområda er viktig for både bulyst, rekreasjon og folkehelse for fastbuande og besøkande. Natur- og kulturlandskapet er med på å gje oss identitet, anten me snakkar om kystlandskapet, landbruksbygdene eller høgheia. Det er derfor viktig at me framover finn ein god balanse for korleis vi forsett kan nytte natur- og kulturlandskapet utan at det mistar sitt særpreg og verdi.

Noreg har eit mål om å meir enn halvere klimagassutsleppa innan 2030. Skal ein nå dette målet vert overgangen til fornybare energikjelder og energieffektivisering viktig både for privatpersonar og kommunen som organisasjon. Suldal som ein stor vasskraftkommune, som produserer mykje fornybar energi, har gode forutsetningar for å bidra i «det grønne skiftet». Det er viktig at me i åra som kjem tek ei aktiv rolle i arbeidet med å redusere utslepp og legge om til eit meir klimavennleg energiforbruk. Like viktig som å redusere utslepp er det å halde på naturen si evne til å binde CO². Suldal har mykje utmark, skog, myr og landbruksareal som er

Me vil at:	Derfor skal me
Suldal tar vare på sitt særpreg gjennom god forvaltning av natur og kulturlandskapet	<ul style="list-style-type: none"> • Legge til rette for gode og tilgjengelege rekreasjons- og friluftsområde • Tilrettelegging for aktivitetar og opplevingar basert på lokale natur- og kulturressursar • Ha god forvaltning av og formidle verdiane som ligg i kulturminne og kulturmiljø • Ha god forvaltning av og formidle verdiane av naturmangfald og biologisk mangfald • Ha god lokal forvaltning av dei ulike verneområda i kommunen
Suldal skal legge til rette for det «grøne skiftet» og ta ei aktiv rolle for å redusere klimagassutslepp	<ul style="list-style-type: none"> • Legge til rette for energisparing og fornybare energiløysingar både i kommunal og privat regi • Ha kommunale bygg og anlegg med innovative, fornybare og lønsame energiltak • For kommunale bygg vurdere og velje klimavenlege byggemateriale, medrekna tre, i staden for betong og stål, der det er mogleg og tenleg • Arbeida for at me får ei berekraftig næringsutvikling med minst mogleg klima- og naturavtrykk • Stille klima- og miljøkrav i kommunen sine innkjøp og investeringar • Ha ein langsiktig arealstrategi for å ta vare på matjord, produktiv skog, myr, våtmark og andre karbonrike areal • Arbeide for å få på plass ladeinfrastruktur på knutepunkt i kommunen
Suldal skal arbeide for å fremme berekraftige forbruk og produksjon	<ul style="list-style-type: none"> • Være ein pådrivar for miljøvennleg forbruk og sirkulær økonomi, med fokus på gjenbruk, ombruk, redusert avfallsmengde og matsvinn, i dialog med innbyggjarar og næringsliv. • Redusere mengda avfall som kommunen bidreg med, mellom anna gjennom å sjå på moglegheiter for gjenbruk • Støtte tiltak som fremmar ombruk, reperasjon, utlån og delingsordningar
Suldal skal være ein klimarobust kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Ha oppdatert kunnskap om forventa klimaendringar og legge desse til grunn i planlegging, forvaltning og sakshandsaming • Legge vekt på samfunnstryggleik og natur fare ved utbyggingar og systematisk bruke risiko- og sårbarheits analysar for å avdekke sannsyn for og konsekvens av uønskte hendingar • Prioritere naturbaserte løysingar for overvasshandtering, flaum- og skredsikring • Ta vare på økosystemtenester som våtmarker, myr og kantvegetasjon som kan dempe effektane av klimaendringane

Nyskapande arbeidsgjevar

Behalda, utvikla og rekruttera




Foto: Fotograf Nordtveit

Ein god arbeidsgjevarpolitikk er bærebjelken hjå ein framtidsretta og nyskapande arbeidsgjevar. Arbeid er ein viktig del av livet til den einskilde innbyggjar og for samfunnet. Mange har Suldal kommune som sin arbeidsgjevar. Difor er det viktig at Suldal kommune tenker nytt og kreativt om korleis me ønskjer å behalde, utvikla og rekruttera tilsette.

Både geografi og folketalet i kommunen skapar utfordringar. Me har fleire små arbeidsplassar med store avstandar og lågt folketal i forhold til areal. Dette skapar utfordringar med å levere tenester av rett kvalitet, og behalde og rekruttere rett kompetanse. Samstundes kan dei økonomiske rammene endra seg i åra som kjem, og me må vera i stand til å tilpasse oss dette.

For å møte utfordringane i framtida må Suldal kommune vera ein nyskapande og kompetent arbeidsgjevar, med gode høve for læring og utvikling. Suldal kommune skal ha ein arbeidsgjevarpolitikk som ser heile menneske. Me skal arbeida for å skape heiltidskultur og eit arbeidsliv for alle. Me skal bidra til at alle tilsette trivast i kommunen både på jobb og fritid. Arbeidsgjevarpolitikken skal syne dei gode aspekta ved det å jobbe, bu og leve i Suldal. Det er viktig at Suldal er ein føregangskommune innan bruk av nye løysingar og ny teknologi.

Med sine ressursar i folk og natur har Suldal kommune alle føresetnader for å vera ein attraktiv og berekraftig arbeidsgjevar.

Saman vil me skape framtida for Suldal kommune!

Me vil at:	Derfor skal me:
Suldalspakken skal syne kva Skattkammeret Suldal har å by på.	<ul style="list-style-type: none"> • Vera pådrivar for eit likestilt og inkluderande arbeidsliv • Bidra til busetjing • Tilby heile stillingar og konkurransedyktig løn • Bidra til inkludering i Suldalssamfunnet ved å leggja til rette for ei aktiv fritid
Suldal kommune skal vera ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none"> • Leggja til rette for vidareutvikling av alle tilsette • Satse på lærlingar og vera ei god lærebedrift • Sikre rett kompetanse • Satsa på fag- og leiarutvikling på alle nivå
Suldal kommune skal nytta samskaping i utvikling av organisasjonen	<ul style="list-style-type: none"> • Utvikla ein fagleg sterk organisasjon med fokus på trivsel og innbyggjarinvolvering • Arbeida mot heilskaplege tenester og fokus på medverknad frå brukarane • Nytt partssamarbeidet til utvikling og omstilling av kommunen som attraktiv arbeidsstad
Suldal kommune skal vera ein nyskapande arbeidsgjevar	<ul style="list-style-type: none"> • Aktivt søkje og ta i bruk nye arbeidsmåtar, ny teknologi og digitalisering • Vera opne og nysgjerrige i møte med endring • Tenke nytt i utveksling og tileigning av kunnskap • Utvikla nettverk og samarbeid over kommunegrensene
Suldal kommune skal vere førebudd på endring i inntekt	<ul style="list-style-type: none"> • Til ei kvar tid ha ein buffer for fall i kraftinntekter • Tilpasse tenestenivå til inntektsnivå

Arealstrategi kommuneplan 2022-2034

Arealstrategien skal bygge opp under måla og strategiane i samfunnsdelen og gje overordna føringar for kommunen si utvikling i eit langsiktig perspektiv. For Suldal kommune er det viktig at me gjennom bruk og vern av areal sikrar at me tek vare på vår eigenart, samtidig som me legg til rette for vekst og utvikling.

Me skal styrke den sosiale berekrafta i kommunen gjennom fylgjande arealstrategiar:

- Me skal oppretthalde busetting og trivsel i kommunen gjennom å vidareutvikle grendene som attraktive møteplassar. Sand skal vidareutviklast som eit framtidretta og fleirfunksjonelt kommunesenter der ein finn gode service- og kulturtilbod.
- Det skal vere areal for bustadbygging i alle grender. Hovudutbygginga av bustader skal vere i gå/sykkelavstand til butikk/skule i grendesentra for mindre trong for transport. Me skal leggje til rette for at det kan byggast varierte bustader som tek vare på mangfaldet i befolkninga og som passar til ulike livsfasar.
- For å sikre moglegheit for bustadbygging og i kommunen sine utkantar, skal me vidareføre områda sett av til spreidd bustad- og næringsbygging.
- Me skal syte for at barn, unge, eldre og funksjonshemma sine interesser vert tatt omsyn til i arealplanlegginga i kommunen. Universell utforming, tryggleik og god tilgang skal vektleggast.
- Me skal legge til rette for folkehelse og trivsel gjennom å sikre, gode og lett tilgjengelege rekreasjons- og friluftsområde, i nærleiken til der folk bur.
- Me skal arbeida for innbyggjarinvolvering.

Me skal leggje til rette for ei økonomisk berekraftig arealutvikling

- Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørge for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal.
- Me skal sikre eit levedyktig landbruk, som tek vare på verdiskaping og kulturlandskap, gjennom ei streng forvaltning av jordvernet.
- Me skal leggje til rette for bygging av fritidsbustader i kommunen, men areala som vert lagt ut skal samsvare med utbyggingshastigheit, planreservar og berekraftig bruk av areala.
- Me skal ta vare på kulturminne og kulturmiljø for å bevare vår eigenart, men og som ein ressurs for reiseliv og næringsutvikling.
- Me skal forvalte areala langs Nasjonal turistveg på ein måte som oppretthald og styrkar natur- og kulturopplevingane for turistar og fastbuande.

Me skal leggje til rette for ei miljømessig berekraftig arealutvikling:

- Me skal vektlegge høg utnyttingsgrad i bustad-, fritidsbustad- og næringsområde for å nå dei nasjonale måla om redusert omdisponering av dyrka/ dyrkbar mark og å redusere inngrep i våtmark og myrområde.
- Me skal plassera utbyggingsområde og utvikla desse slik at dei toler konsekvensar av klimaendringane, som til dømes auka risiko for flaum, vind, stormflo, skred og steinsprang.

- Me skal finna balansen mellom vern og bruk ved å ha tydelege skilje mellom dei store natur- og utmarksområda og utbyggingsområde. Grensa mot heia/fjellet går ved omsynssone villrein. Det skal ikkje planleggast nye utbyggingsområda innanfor denne sona. Suldalsheia skal forvaltast i tråd med retningslinjene sett i regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.
- For å sikre ålmentas tilgjenge til strandsona skal me vere restriktive med å leggje ut byggjeområde i 100-metersbeltet langs sjø. Me skal ikkje opna nye, urørte strandområde for utbygging før det etablerte utbyggingspotensiale er realisert. Det skal likevel kunne leggast til rette for kystbasert næringsutvikling og natur- og kulturbasert næringsutvikling, innanfor samla tolegrense for utbygging i strandsona.
- Me skal avklare bruken av sjøareala med å fortsett sette av område eksklusivt til friluftsliv og fiske. Arealbruken til oppdrettsnæringa skal avklarast og dei reelle områda settast av. Me skal ta vare på Sandsfjorden som nasjonal laksefjord, og det skal ikkje avsettast nye areal til lakseoppdrett i fjorden.



Foto: Suldal Foto



Sti og løypeplan

Merka sti og løyper i Suldal kommune finn ein på temakart «tursti og løyper». For dei som ynskjer å gå utanom merka løyper, har Suldal eit stort nettverk av gamle ferdselsvegar.

- **Turstiar i nærmiljøet:** Suldal har eit flott nettverk av turstiar i alle grendene, som vert merka og haldt ved like av dei frivillige. Dette er viktig for trivsel og folkehelse og arealplanlegginga i kommunen skal ta omsyn til desse nettverka. Kommunen skal aktivt støtte arbeidet som vert gjort for å oppretthalde tilbodet. Dersom det er ynskje om å opprette nye turløyper må dette skje i samarbeid med grunneigarar.
- **Grøntdrag:** Det ligg inne eit grønndrag i kommuneplanen frå Sand til Suldalsosen. Det er et mål å få opparbeid dette strekket slik at det kan syklast heile vegen. Det er og lagt inn eit grønndrag frå Jelsavågen til Giljestranda. Her er målet ei enklare tilrettelegging av sti, for å auke ålmenta si tigong til strandsona.
- **Sykkelløyper:** Det ligg inne merka sykkelløype frå Gullingen til Førrevassdammen og frå Nesflaten inn Stølsdalen. Det skal ikkje merkast nye sykkelløyper i nasjonalt villreinområde eller omsynssone villrein.
- **Turstier i heio:** I Suldalsheia har vi eit samanhengande nettverk av merka turistløyper mellom turisthyttene, som vert vedlikehaldt av Stavanger Turistforening. I Gullingen/Mosvatnområdet har mange ulike aktørar gjennom åra opparbeid eit godt turstinett. Kommunen kan ta ei rolle for å samordne merkinga frå dei ulike aktørane. Det skal ikkje etablerast nye merka turløyper i nasjonalt villreinområde eller omsynssone villrein. Eit eventuelt unntak kan vere om ny rute erstattar ei rute som vert lagt ned.
- **Skiløyper:** Gullingen/Mosvatnområdet er hovudsatsingsområde for vinterfriluftsliv i Suldal og her finn ein eit nettverk av maskinkøyrde og kvista skiløyper. Kommunen støttar arbeidet for å fremje folkehelse, friluftsliv og idretts glede blant både fastbuande og besøkande. Det er og maskinkøyrde skiløyper i Hamrabø og med meir ujamne mellomrom på Nesflaten og i Kjetilstadlio. I høgheio kvister Stavanger Turistforening sitt løypenett seinast til påske.


Av omsyn til villrein skal maskinkøyring av løyper stoppast for ein periode dersom det vert observert villrein i området løypa går i. Dette skal forvaltast gjennom ein god dialog mellom løypekøyrarar, SNO og kommunen, der ein til ei kvar tid søker å ha oppdatert informasjon om villrein i området. Det skal ikkje etablerast nye trasear for maskinkøyrde løyper inn i nasjonalt villreinområde eller i omsynssone villrein.

Vegen vidare

Samfunnsdelen til kommuneplanen er det viktigaste styringsverktøyet vi har, og skal leggjast til grunn for alt arbeid og vidare utvikling av kommunen vår. Samfunnsdelen er styrande for økonomiplanen og handlingsplan. I andre planar vert mål, delmål og strategiar konkretisert. Utviklinga i Suldal i planperioden vil ikkje berre skje i kommunal regi, men i heile lokalsamfunnet.

Kommuneplanens samfunnsdel sett retninga for utviklinga framover – måla når vi saman.

Kva er utfordringane?



Planstrategi

Kva skal me oppnå?




Samfunnsdelen til kommuneplanen

Korleis skal me bruka areala våre for å nå måla?



Arealdelen til kommuneplanen

Korleis skal me arbeida for å oppnå måla?




Temaplanar/strategiar

Kva skal me gjera dei neste fire åra for å nå måla?



Økonomiplan/handlingsdel

Kva vart resultatet?



Årsmelding

Medverknad og innspel til arbeid med ny kommuneplan 2022-2034



Innhald

Innleiing	3
1. Ekstern medverknad:	4
1.1 Grendemøte med tema kommuneplan:.....	4
1.2 Eldrerådet i Suldal	8
1.3 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.....	9
1.4 Ungdomsrådet i Suldal	9
1.5 Barnehagebarn i Suldal	10
1.6 Skuleungdom i Suldal	10
1.7 Mental helse i Suldal	10
1.8 Næringsforum.....	11
1.9 Suldal Næringsforening.....	16
1.10 Suldal Vekst	17
1.11 Suldal Bondelag og Suldal Skogeigarlag	18
1.12 Rogaland Fylkeskommune	18
1.13 Statsforvaltaren i Rogaland	19
1.14 Fiskeridirektoratet	20
1.15 Direktoratet for mineralforvaltning	20
1.16 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)	20
1.17 Villreinnemda for Setesdalområdet.....	20
1.18 Ryfylke Friluftsråd	21
1.19 Norges Miljøforbund.....	21
1.20 Innspel frå bedrifter	21
1.20.1 Norsk Stein.....	21
1.21 Innspel frå enkeltpersonar	22
1.21.1 Innspel om arealinnspele frå Norsk Stein og Windworks Jelsa på Berakvam	22
1.21.4 Innspel om arealinnspele på Indre Åsarøy gard	28
1.22 Ulike undersøkingar som er relevante for arbeidet med kommuneplanen.....	29
1.22.1 Innbyggjarundersøking 2020 – Sluttrapport.....	29
1.22.2 Flytta heim att?.....	30
1.22.3 Folkehelseundersøking.....	30
2. Intern medverknad til kommuneplanarbeidet	32
2.1 Medverknad helse og velferd	32
2.1.1 Innspel frå tilsette i NAV	32
2.2 Medverknad oppvekst og helse/velferd.....	32
2.3 Medverknad folkehelseforum	33
2.4 Medverknad kultur og samfunnsutvikling	34

2.4.1 Medverknad med teknisk drift og beredskap	34
2.4.2 Medverknad bygdeutvikling	34
2.4.3 Medverknad kultur	35
2.5 Medverknad økonomi og organisasjon	35
3. Politisk medverknad til kommuneplanarbeidet	36
3.1 Kommunestyret	36
3.1.1 Planstrategi 2020-2024.....	36
3.1.2. Planprogram 2020 - 2030	36
3.1.3 Gruppearbeid samfunnsdelen	36
3.2 Formannskapet	41
3.3. LMT-utvalet	41
3.4 Innspel frå politiske parti.....	41
3.4.1 Arbeiderpartiet	41

Innleiing

Dette dokumentet er laga for å få ei oversikt over dei innspela som er komen og den medverknaden som er gjennomført i arbeidet med ny kommuneplan.

Det er hovudsakleg innspel til samfunnsdelen ein har samla her. Konkrete innspel til arealendringar i arealdelen av kommuneplanen er ikkje tatt med. Dei vil bli vurdert og konsekvensutgreia under arbeidet med arealdelen. Meir generelle betraktningar om framtidig arealbruk er inkludert.

I planprosessen fekk ein mange utfyllande innspel allereie i høyringsrunden til planprogrammet. Desse er tatt med i denne oversikta fordi mange av dei inneheld innspel/opplysningar som er relevante for den vidare prosessen. For at ein skal kunne sjå når i kommuneplanprosessen innspela er komen, startar alle oppsummeringane med dato på brev/møte.

1. Ekstern medverknad:

1.1 Grendemøte med tema kommuneplan:

Det vart invitert til 7 opne grendemøte der tema var ny kommuneplan, samfunnsdel og arealdel.

- Øvre Suldal 18 oktober 2021
- Vinjar 19 oktober 2021
- Sand 27 oktober 2021
- Hylsfjorden 28 oktober 2021
- Erfjord 1 november 2021
- Jelsa 3 november 2021
- Ropeidhalvøya 16 november 2021

Alle møta var likt oppbygd:

- Velkommen ved ordførar
- Litt om kommuneplanarbeidet v/ kommunedirektør eller kommunalsjef
- Arbeid med samfunnsdelen av kommuneplanen:
 - Kvifor er det godt å bu i Suldal
 - Gruppearbeid: Å leva, bu og trivast i Suldal
 - Attraktive Suldal
 - Grøne Suldal
- Presentasjon av og diskusjon rundt arealinnspele som er komen inn.

Mange av innspela som kom fram på møta gjaldt heile kommunen. Under kjem derfor ei felles oversikt over tema som kom opp. Til slutt er det ei oppsummering av tema som vart spesielt trekt fram i dei ulike grendene, der ein og har tatt med skriftlege innspel frå dei ulike grendeutvala.

Oppmøte på dei ulike møta var godt: Nesflaten 18 pers, Vinjar 18 pers, Sand 8 pers, Vanvik 17 pers, Erfjord 24 pers, Jelsa ca. 60 pers, Ropeidhalvøya 40 pers.

Kvifor er det godt å bu i Suldal?

Stikkord som gjekk igjen var:

Natur, friluftsliv, jakt og fiske, å høyra til, folk bryr seg om kvarandre (samhald), lett å bli inkludert, trygge arbeidsplassar, skule og barnehage i alle grender, trygg oppvekst, trygg kommune med god økonomi, kort veg til dei som bestemmer, dugnadsånd, godt helsevesen (inkludert eldreomsorg), godt kulturtilbod og vi unngår kø!

Vi har:

Natur
Arbeidsplassar
Skule og barnehage i alle grender
Gode oppvekstforhold
God kommuneøkonomi
Godt helsevesen

Vi er:

Omsorgsfulle (bryr oss om kvarandre)
Inkluderande
Dugnadsånd
Glade i friluftsliv

Å leva, bu og trivast

Vi vil	Derfor må vi
God eldreomsorg	Ta vare på det helsetilbodet me har Få lov å bu lengst mogleg heime Møteplassar
Betre infrastruktur	Trygg R13 – for alle Rassikring av vegar/gode vegar Fiber til alle Tilrettelagt transporttilbod (taxi-buss?) Busstilbod frå grendene til Sand (Hent meg) Fjordtaxi? Hurtigbåt (minst like godt som i dag) (kvifor skal hurtigbåten innom så mange plassar, me vil ha raskare/betre kontakt med Stavanger) Savne ferjetilbodet (Jelsa) Gang og sykkelveg til skule/idrettsanlegg m/lys Lyntog Kortbaneflyplass (el-fly)
Legge til rette for ungdomen	Møteplassar Idrettsanlegg Trygg skuleveg Retningsliner for når skuleskyssen skal gå med tanke på rasfare (frå Erfjord og Ropeidhalvøya) Fellesarrangement med buss i kommunen Betre transport tilbod til Sauda VGS (frå Erfjord)
God oppvekst	Satse på ungdommen for eit bra ungdomsmiljø
Gode lokale skular og barnehagar	Kapasitet i barnehage og SFO med gode prisar Skulesamarbeid på tvers av kommune- og fylkesgrenser Støtte Sauda vgs. Desentralisert utdanningstilbod Vidareutdanning for ufaglærte Tilsette må bli høyrte i saker der ein foreslår forbetringar i skule/barnehage Kompetanse i skule/barnehage, ikkje ufaglærte i pedagogstillingar Sabbatsår for lærer kvart 7 år (rekruttera og behalde kompetanse)
God helse/rekreasjon	Legge til rette for turgåing God tilgang til sjø Trygge vegar, går ut over psykisk helse å sende ungar langs ras utsette vegar
Gode kulturtilbod/kulturliv	Har mykje bra (går igjen frå mange)
Styrka småsamfunna/ta heile Suldal i bruk	Bulyst Alle grendene må bli sett og ivaretatt Nærbutikken Møteplassar Tryggleik (politi og helse)
Ta godt vare på både innflyttarar og dei som bur her	Vere bevisst på korleis me møter nye folk Reklamere for Suldal utad

God dugnadsånd	Meir aktiv medverknad frå kommunen i frivillig arbeid Gode støtteordningar
----------------	---

Attraktive Suldal

Vi vil	Derfor må vi
Arbeidsplassar	Opplevingsturisme Vasskraft som turistmål Langsam ferie Kortreist mat/reiseliv Laksen & Lågen Kultur som næring Legge til rette for industri Styrka/støtte lokal bedrifter Møte folk med initiativ på ein god måte Arbeidsplassar for 2 Nye arbeidsplassar
Rekruttere kompetanse	Betre lønn i ønska stillingar (gjere dei attraktive)
Landbruk	Gode støtteordningar Styrke landbruket gjennom å synleggjere/la folk få oppleve Kulturlandskapspleie
Omdømmebygging	Selje kommunen utad Bli betre til å kommunisere det positive. Vert fort det negative som kjem i media. X-faktor er god tigong til fjord og fjell
Tomter og bustader i alle grender (dyrt å investere i Suldal, vanskeleg å få tilbake verdiane ein legg ned)	«Lys i alle hus» - ingen hus stå tomme Gratis tomter?/billige? Mogleg å bygge utanom opparbeide bustadfelt. Reklamere for ledige tomter (reklamere i sentrale strok -gode liv på landet) Etableringsstøtte for tomt/bustadkjøp
Auke busetting	«prøvebu» hus (minihus?) og hytter, helst i kvar grend
Hyttekommune	Men klimavennlege, små hytter
Unngå konfliktar mellom fastbuande og hyttefolk	
Tigong til båtplass	Alle som vil må kunne ha tigong til båt
Låge straumprisar	

Grøne Suldal

Vi vil	Derfor må vi
Skog og landbruk	Aktivt skogbruk som klimatiltak
Mindre pendling/transport	Lokale arbeidsplassar og butikkar Lokal foredling av råvarer Kortreist mat-reiseliv Ta vare på småskala landbruk Legge til rette for samkøyring til arrangement Sykkel og gangsti – med lys
Energisparing	Energiskapande hus (privat og offentleg), t.d. solcelle Alle får tilbod om solcellepanel

Delta i det «grøne skiftet»	Kommunen må vere positiv til effektutbygging/oppgradering av eksisterande kraftverk Hydrogenfabrikken
Natur	God tigong til fjord og fjell Ta vare på urørt natur og kulturlandskap Ta vare på artsmangfaldet i Suldals naturen Satse på fornybare ressursar
God fjordforvaltning -utfordring med oppdrettsnæringa	
Redusere CO2 utslepp	Klimabudsjett? Hurtigladestasjonar i alle grender Tilskot frå kommunen til lader
Arealbruk	Kor mykje hytter skal ein bygge før det er nok? Fortette hyttefelt for å spare naturen Ikkje bygge ut meir areal enn nødvendig Ta vare på dyrkbar jord

Tema som var spesielt framme på møta i dei ulike grendene eller spelt inn frå grendeutvala skriftleg:

Nesflaten: Tilgjengelege bustadtomter har lenge vore ei utfordring. Oppfordring til kommunen til å strekkje seg for å få i orden kjøp av tomter. Grendeutvalet har i brev spelt inn:

- Suldal kommune må vere innovativ og kopla næringsliv, kommune og barnehage med tanke på kompetanseheving. Kommunen bør og vere leiande i bruk av ny teknologi og nye undervisningsmetodar.
- Det bør utarbeidast ein plan for å gjere Nesflaten ein attraktiv tettstad for bustad og næringsetablering, her er sentrumsbygget ein nøkkel og kommunen bør prioritere ei oppgradering av dette.
- Det bør utarbeidast ein heilskapleg plan for RV13 og kollektivtilbodet for øvre Suldal bør styrkast mot Haugalandet, Nord Jæren og mot aust og nord.
- God digital standard/infrastruktur. 100% fiberdekning eller tilsvarende og alle innbyggjarar i Suldal bør ha mobildekning. Suldal kommune bør vere gode på elektrisk infrastruktur. Øvre Suldal manglar offentlege lade moglegheiter.
- Øvre Suldal treng ledige næringsareal og det bør leggest betre til rette for stoppe steder langs RV 13.
- Det må finnast attraktive ledige bustadtomter i Øvre Suldal

Vinjar: Tigong på næringstomter, finne nye areal? Areal ledig i Mosrøysane om ein ryddar opp. Uttrykt bekymring på møte for kvaliteten på Sandsfjorden som Nasjonal laksefjord/Suldalslågen og auka oppdrettsnæring i fjorden. Grendeutvalet har i brev spelt inn:

- Saknar næringsareal i Vinjarkrinsen
- Turstien mellom Sand og Suldalsosen bør utviklast til kultur/kulturminnesti og ein bør leggja til rette for at den kan syklast.

Sand: Møteplassar for ungdom manglar og er viktig å få på plass. Opptatt av parkeringsplassar i sentrum. Korleis få bort dei som langtidsparkerer på kaia når det aldri er kontrollar? Ikkje nøgd med reguleringsplanen for sentrum, treng fleire parkeringsplassar. Ein person var bekymra for planane til Windworks Jelsa. Meiner det vert heilt feil av Suldal å imøtekomme «det grønne skiftet» med å bygge

vindturbinar. Utvinning av neodym som brukast i vindturbinane er sterkt miljøskadeleg under utvinning. Er og bekymra for at dette skal fraktast til og monterast i Sandsfjorden. Grendeutvalet har i brev spelt inn:

- Auke kapasiteten på båt plass i sentrum (regulere innområdet i sjø til småbåthamn)
- Behalde parkeringsplassar og lage fleire parkeringsplassar i den gamle ferjefila.
- Stoppe plan for rundkøyning før hurtigbåt tilbodet er bestemt, forslag at buss parkerer ved vinmonopol og at ein utvide køyrebane i nord enden av gata.

Vanvik: Småbåthamn i Vanvik vil være til glede for både fastbuande og gjestar. Selje eksisterande kommunale tomter m/ båt plass som det «lille ekstra»? Grendeutvalet har i brev spelt inn:

- Støttar innspelet om småbåthamn i Vanvik
- Kommunen må vere ein større pådrivar for fiber- og mobildekning til alle.
- Vegstandaren på kommunale vegar må opp.
- Annonser i sentrale strøk at vi har tomter, barnehageplass og arbeid til dei som vil ut av byen.
- Kommunen må opptre meir praktisk og vere raskare i responsen både for dei som bur her og dei som ynskjer å busette seg i Suldal.

Erfjord: Trygg skuleveg var det viktigaste temaet som var oppe. Mange søvnlause og bekymra foreldre når det er meldt mykje nedbør. Kan ikkje vere opp til foreldra å avtale når elevane skal sendast på skulen. Savne ein strategi frå kommunen om korleis ein kan gjere det litt tryggare «dei verste» dagane (nettbasert undervisning eller båtskyss?). Kommunen må og trykke på meir for å framskynde tunnelbygging i Rødsliane og starte planlegging av resterande strekk.

Jelsa: Debatten på Jelsa gjekk på innspela frå Norsk Stein om eventuell utviding og Windworks Jelsa sitt industri innspel. Hytteeigarar og fastbuande i nærleiken til Berakvam er sterkt bekymra for den negative påverknaden desse vil ha for trivsel og helse for folk i område, om dei vert realisert. Dei etterlyser og planar for korleis eit eventuelt verditap på eigedommane skal kompensast. Det vart og påpeikt manglar i dei konsekvensutgreiingane som er levert til innspela. Det siste vert tatt med vidare til arbeidet med den endelege konsekvensutgreiinga i arealdelen til kommuneplanen. Det var og spelt inn at kommunen må respektera den private eigedomsretten.

Grendeutvalet har spelt inn behov for meir (betre oppmerka) parkeringsplassar på kaia, og oppstillingsplass for bubilar. Det er og komen inn ynskje om tilrettelegging for ein kyststi frå Jelsavågen ut til Klubbaneset og Giljestranda.

Trong for oppgradering av moloen på Jelsa vart spelt inn under det skriftlege gruppearbeidet. Må bli eit større samarbeidsprosjekt mellom fylke, kommune og båtforeining.

Ropeidhalvøya: Rassikring var og eit tema her. Kommunen må trykke på meir og byrje arbeidet med reguleringsplan for det resterande strekket (frå Lovraeid mot Erfjord). Manglar føringskant på fylkesvegen mellom Kjølvikstølen og Hebnes. Savne gatelys på Hebnes. Uttrykt bekymring for kva påverknad dei store oppdrettsanlegga har på den økologiske tilstanden i Vindafjorden. Markant dårlegare fiske no enn før. Fastbuande på Kalvikneset uttrykte bekymring for innspela på Berakvam. Er allereie no plaga av støy frå Norsk Stein.

1.2 Eldrerådet i Suldal

Møte 09.03.21 og 07.06.21

Eldrerådet bad i det fyrste møte om å bli utfordra på eit par konkrete problemstillingar frå Planprogrammet. Tema «kva gjer ei grend/tettstad attraktiv» og «korleis stimulere det frivillige arbeidet» vart valt. Tilbakemeldinga var «møteplassar». Det å ha faste møteplassar for pensjonistar, eventuelt med fast møtedag, i dei ulike grendene var viktig. Når det gjaldt frivillig arbeid ynskja dei

meir involvering/hjelp/samarbeid med kommunen. (Døme: frivillige stiller med arbeidskraft, kommunen stiller med maskiner/kompetanse).


1.3 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Møte 21.02.22.

Rådet vart utfordra på å jobbe fram strategiar for å nå måla om at Suldal skal vere ein god plass å bu «heile livet» og inkludering.

1.4 Ungdomsrådet i Suldal

Møte 07.06.21



Ungdommens distriktspanel, la våren 2021 fram ein rapport med 10 råd om kva regjeringa bør gjere for at det skal vere godt og attraktivt for ungdom å bu i heile Norge. <https://ungdomspanel.distriktsenteret.no/>

Ungdomsrådet i Suldal har vore med å uttalt seg til rapporten. Det var derfor naturleg å ta utgangspunkt i dei 10 råda frå distriktspanelet når ungdomsrådet skulle diskutere kommuneplanen. Dei 10 råda er:

-
1. Vi får tilgang til jobbfellesskap, arbeidserfaring og varierte arbeidsplasser
 2. Ungdom skal ha desentraliserte skole- og utdanningsmuligheter
 3. Det må bli enklere å komme seg fra A til Å
 4. Alle skal ha tilgang til stabilt og sikkert høyhastighets- og mobilnett
 5. Virkemidler gjør det enklere å etablere bedrift og få seg bolig
 6. Veien til psykisk helsehjelp må bli kortere
 7. Vi tar vare på distriktenes attraktivitet med nærhet til naturen
 8. Lokalsamfunnene utvikles med møteplasser og lokaler for unge gründere og frivillige
 9. Ungdom må få større innflytelse lokalt
 10. Beredskapen skal være tilgjengelig og trygg
-

Ungdommane i Suldal kjente seg igjen i alle 10 punkta. Dei trakk fram avstandar/transport som ei utfordring. Lærlingplassar er og noko som må vere på plass skal ein halde på ungdomen. Psykisk helsehjelp var eit anna viktig punkt for ungdomsrådet. Det er vanskeleg for ungdom som slit å få den fyrste kontakta for å få hjelp. Mellom anna vart det peika på at helsesøstertilbodet på skulane må bli betre. Ungdomsrådet peika og på at vegen opp til politikarane var lang. Dei ynskjer ei ordning der leiar i Ungdomsrådet har møte og talerett i kommunestyret. Dette er ei ordning som mange andre kommunar har i dag.

1.5 Barnehagebarn i Suldal

Skriftleg innspel vår 2021.

Barna i Stølane barnehage i Erfjord var klar på kva som er bra med Suldal.

-
- *I Erfjord har me det bra, me hartre som gjer det bra for oss å pusta*
 - *Me har reint vatn, det har dei ikkje i Afrika*
 - *Me har penger, så når me har for mykje kan me senda til dei som har for lite*
 - *Me kan bada i Habn*
 - *Me kan gå turar i skogen*
 - *Det er fint å bu her*

Kva likar de best?

- *Leikeplassar*
 - *Ha venner*
 - *Fiska krabbar og fiska*
 - *Ha det gøy*
 - *Ganske kjekke butikk*
-

1.6 Skuleungdom i Suldal

11.03.22 Digitalt innspel frå ungdomsskulen på Sand og Nesflaten gjennom Learnlab

Kva er bra med å bu i Suldal?

Det er mykje grendepatriotisme i ungdommen i Suldal. Veldig mange var opptatt over å framheve si eiga grend som den beste plassen å bu. Etter dette kom orda fint, naturen og folkå. Dette vart av nokre utdjupa med at det er fint at det er på bygda, me kjenner kvarandre, fellesskap, få (men masse kjekke) folk og fin natur.

Kva kan gjera Suldal til ein endå betre plass å bu for ungdom?

Fleire møteplassar i ulike variantar gjekk igjen som det svaret som kom flest gonger (sykkelpark, skatepark, basketballbane, ungdomsklubb, McDonald's, kjøpesenter, plass å ver utan å bli våt). Det svaret som kom som ein klar nummer to var betre transport mellom bygdene. Utan om dette var mindre lekser/leksefri og meir fritid nemnd av fleire. Ta vare på naturen og billigare drivstoff var og to svar som kom opp meir enn ein gong.

1.7 Mental helse i Suldal

Samandrag skriftleg innspel 24.09.21

Mental helse i Suldal har gått gjennom noverande kommuneplan og har konkrete forslag til tilføyningar/endingar på dei ulike sidene. Den nye kommuneplanen vil ikkje vere ei redigering av teksten i den gamle, så innspelet er gjengitt meir generelt.

- **Arealbruk:** Suldal kommune må syte for at delar av turløypene er tilrettelagde for menneske med nedsett funksjonsevne
- **Næring:** Kommunen må saman med NAV og lokalt næringsliv syte for tilrettelagde arbeidsplasser
- **Kunnskapssamfunnet:** Forebygging og tidleg innsats skal ha fokus og skulen må ha eit tett samarbeid med helsestasjon, PPT for å fange opp skulevegrarar og mobbarar tidleg slik at dei får hjelp. Dei ulike tenestene skal aktivt nytta foreldra som ressurs og leggja vekt på godt

samarbeid mellom skule og heim. Ha fokus på koordinering og samarbeid og syte for regelmessige høyringar der mange barn og unge er med og kjem til orde.

- Helse og omsorg: Psykisk helsetenester til barn og unge må prioriterast og setjast i verk tidleg, samstundes som ein tek vare på gamle, både med og utan demens
- Om NAV: Brukarane skal oppleve at dei vert møtt med respekt og tillit og får heilskapleg innsats i møte med NAV
- Innkludering: Innbyggjarane i Suldal er ei mangfoldig gruppe, og alle skal kjenne seg respekterte og inkluderte uansett funksjonsevne og nasjonalitet.

1.8 Næringsforum

Møte Næringsforum 9.11.2021:

Referert av:

Bjarne Uldal, Nordic Edge

15. desember 2021

«Korleis får med positive ringverknader av dei planlagde næringsutviklingsprosjekta i Suldal?»

Føremål

Føremålet med denne idéverkstaden var å sjå nærare på korleis ein kan kombinera stads- og næringsutvikling på ein slik måte at Suldal vert meir attraktiv som bostad, arbeidsstad og besøksmål. Og då med spesielt fokus på korleis me kan arbeid for å skape positive ringverknader av dei planlagde næringsutviklingsprosjekta i Suldal.

Arbeidsmetode

Deltakarane blei delt inn i grupper, som kvar valgte seg ut et aktuelt næringsutviklingsprosjekt, der dei så skulle sjå nærare på korleis dette prosjektet kan gi positive effektar for både livet og handelen i Sand sentrum, når det gjeld tilflytting og etablering, nye moglegheiter for lokale bedrifter, inkludert og primærnæringane og reiselivet.

Alle gruppene knytta sine svar til den planlagde utbyggjinga av Windworks og Norsk Stein, så me gjengir her gruppenes besvaringer der disse to sjås i sammenheng.

Windworks + Norsk Stein:

Korleis kan desse prosjekta påvirke livet og handelen i Sand sentrum på ein positiv måte?

Kva deltakarane sa:

- Innkjøp
- Møteplass og tilbod for folk
- Leggje til rette for coworking space / kontorfellesskap (x 2)

Skape meir liv og røre, meir aktivitet

- Nyetableringar
- Attraktive tomter gir meir folk i sentrum
- Folk treng kulturtilbud, mat, tjenester
- Attraktive næringsareal
- 'Polere perla' – fortsetta å bli enda betre på det me allerede er gode på
- Bedre samarbeid og meir kommunikasjon mellom kommune og næringsliv
- Markedsføre sentrum
- Turistinformasjon / nye næringer / arrangementer

- Leggja til rette for etablering i grendene
- Besøksenter
- Attraksjoner
- Utesteder

Kva me høyrte:

Eit nærare samarbeid mellom kommune og næringsdrivande bør etableres, der ein kan sjå utbygginga av Windworks og Norsk Stein (og andre initiativ) i samanheng med dei tenestar som det vil være behov for i dei kommande åra. Det gjeld både innafor overnatting og bespising, varehandel, møteplassar, kulturtilbod og opplevingar.

Kva for moglegheiter ser dykk for lokale bedrifter i tilknytting til dette prosjektet?

Kva deltakarane sa:

- Kjøpe eksisterande hytter – og heller innkvartere arbeidsfolk i dei (x 4)
- Tilby dagens hytteeigarar nye sjønære tomter
- Stor byggeaktivitet
- Servering / handel
- Etablering av underleverandører
- Fleire folk
- Treng både hus, mat og tenester
- Reiseliv, overnatting, servering
- Varer og tenester – moglegheiter for økt salg
- Besøksrom for informasjon
- Få aktørane til å fortelja om planane, involvere lokale verksemder
- Byggja nytt næringsområde på Garaneset, utnytta området betre
- Vera eit godt vertskap
- Julebord

Kva me høyrte:

Det vil varte behov for eit utvida tilbud ifb med innkvartering og bespising i den perioden der desse prosjekta skal utviklast. Her bør ein gå i dialog med utbyggarane, og saman sjå korleis ein best kan dekke desse behova. Som ein del av denne diskusjonen, bør ein og sjå på om det er mogleg å finne ein god løysing for dei hytteeigarane som blir råka negativt av utbyggingsplanane. Kan hende kan deira hytter tas i bruk som innkvarteringsplass for arbeidarar i Windworks/Norsk Stein, men då må kommunen ta ein aktiv rolle i å foreslå ein 'bytteordning' for dei hytteeigarane som då heller vil foretrekkje å få ein erstatningstomt ein annan plass i kommunen. Med den bonusen at lokale verksemder då kunne fått nye oppdrag med hyttebygging.

Vidare må lokale verksemder kjenne si besøkingstid når det gjeld å yta tenester i anleggs-/utbyggingsperioden. Å ha verksemder som kan snu seg raskt, og som kjenner dei lokale forholda kan ha ein stor verdi for utbyggarane.

Korleis kan me utnytte dette prosjektet til å freiste fleire til å flytte til, og etablere seg, i Suldal?

Kva deltakarane sa:

- Stadsprosjekt / tettstad
- Riksveg 13 / samferdsel / rassikring (x 3)
- Arbeidsplassar
- Gjere seg attraktive
- Leggja til rette for bustader
- Kompetanse – ny utdanningsinstitusjon i Suldal?

- Attraktive tomter, tilgang til sjø
- Korttids leigemoglegheiter (prøvebu)
- Etablere arbeidsplasser ☑ jobb nr 2 ☑ utnyttje mangfold
- Omdømmebygging ☑ framsnakke fordelane med å bu i Suldal
- Strategi for å få folk til å etablere seg
- Bruke prosjektene til å få ungdommen tilbake
- Utdanningsordningar for å sikre riktig kompetanse til prosjektene / disse industriene
- Felles stillingsannonser
- Spredte pendlerboliger i kommunen
- Stille krav til aktørene – samfunnsansvar
- Kontorfellesskap, co-working space, samhandlingsrom
- Senka risiko for etablering
- Marknadsføra seg som ein grøn og trygg kommune
- Finna særøghetene våre
- Tilgjengelig for fleire næringar som kan kopla seg på
- Prøvebustadprosjekt i alle grendene
- Satsa på å trekkje til seg profesjonelle kunstnarar til å bu og virka her ☑ skapar bulyst, aktivitet og arbeidsplassar
- Fokus på estetikk
- Skapa gode møteplasser som arena for å bygge nettverk
- Må vere attraktive bustads- og hyttetomter tilgjengelige
- Posisjonere Suldal som den grønne motoren i Norge
- Me har ikkje tid til å vente på kommuneplanen – bruk penger nå på å kartleggja alle mogleighetane for regionen og landet.
- Me har ikkje nok kompetanse internt, må henta hjelp ute
- Grønne, spennende og attraktive boenheter
- Ideal mat

Kva me høyrte:

Mange gode innspill her. Ein fellesnevner er å løfte fram det gode kvalitetene ved Suldal – ved å være tydeligere på kva Suldal er eller har som ikkje andre kommuner er eller har. Dette med å sjå på Suldal som ein grøn motor er interessant, for her kan me koble saman både dei naturgitte føremona, og industri/næringsverksemd som bidrar i den grønne omstillinga.

Ein annen interessant tanke er ideen om å prøvebu i Suldal. Korleis kan me utarbeida et konsept der dette kan bli et tilbud for til dømes utvalgte grupper som småbarnsfamilier?

Me høyrte og ein etterlysning etter en 'sense of urgency' – me må sette fart på initiativ, og ikkje bruke planprosesser som ein orsaking for å vente med å handle.

Korleis kan primærnæringsane og reiselivet tjena på at dette prosjektet blir verkeleggjort?

Kva deltakarane sa:

- Besøkscenter / grøn energi / kunnskap
- Reisemålsutvikling
- Mat + reiseliv
- Aktivitetsturisme
- Reiselivsprodukt direkte retta mot industrien
- Opplevingssenter over kva som faktisk finst i kommunen
- Vatn / kraft / naturressursar som tema – meir profilering
- Me er best på naturressursar!
- Lokalproduserte varer / mat

- Jobb nr. 2 (tilleggsinntekt)
- Deltidsbønder
- Tomter – bustad, næring, offentlege føremål
- Behov for overnattingsplassar
- Positivt for lokalmatsatsing
- Samle seg om strategi for lokal / kortreist mat på Berakvam
- Samle seg om strategi for meir bruk av tre som råvare / ressurs
- Etablere god struktur for salg av lokalmat og servering
- Levande bygder
- Lag ein kul historie rundt temaet stein
- Besøksenter
- Størst på grønn energi

Kva me høyrte:

Naturressursar er eit viktig stikkord her. I forvaltninga av disse spiller primærnæringane ein viktig rolle, og i Suldal bør ein søke å samle interesserte aktører for å legge en felles strategi for korleis ein kan få ein heilhetleg satsing på naturgitte føremon, lokale og kortreiste ressursar, aktivitetstilbud og reiselivstilbud.

Dei mest interessante moglegheitene og dei viktigaste prioriteringane som kan styrke attraktiviteten og oppretthalde busettinga og arbeidsplassar i Suldal

Her slapp representantar for Skogeigerlaget, Næringsforeninga, Bondelaget og Suldal Vekst til med korte innlegg der dei fokuserte på mogleigheter og barrierar sett frå deira ståsted. Her attgjer vi deira synspunkt:

Skogeigerlaget:

- Oppretthalde Suldal som den viktigste skogskommunen i Rogaland
- Infrastruktur: fjerne flaskehalsar på vegene, betre klassing/bæreevne $\approx 30 \text{ m/m}^3$ \approx kipping
- Betre kaitilkomst
- Moglegheiter for å bygge landbruksveger
- Få opp ny skog, og beholde kultur for å driva skogbruk
- Lokal foredling – bruk av tre i kommunale bygg – material/oppvarming
- Innovasjonsprosjekt – frå tre til kraftfor, strand, kunstgrasknotter

Næringsforeninga:

- Viktig å gå fra snakk og planlegging til handling nå
- Me har ikkje tid til å vente på kommuneplanen – grip tak i dei spanande moglegheitene som ligg i utbyggingsplanene hos blant anna Norsk Stein og Windworks
- (fleire punkter her?)

Bondelaget

- Er opptekne av at det leggjes til rette for at bøndene kan drive sin verksemd på ein bærekraftig måte – både økonomisk og miljømessig.
- (fleire punkter her?)

Suldal Vekst

Ein av dei viktigaste suksessfaktorane for å lykkast med noko som helst er SAMHANDLING, SAMSKAPING OG SAMARBEID.

God infrastruktur er også avgjerande – det gjeld både samferdsel, straumforsyning, digital infrastruktur og sentrale rammevilkår som må vere i orden og tydelege mål og planar for dette.

Dei mest interessante moglegheitene og prioriteringane for verdiskaping framover er elles:

Berekraftig reisemålsutvikling

Generelt posisjonere og kommunisere Suldal som eit berekraftig og attraktivt reisemål gjennom hovudsatsing og innovasjon på det både innbyggjarane våre og stadig fleire gjester og besøkjande oppsøker:

- Aktivitetsutvikling innanfor vandring, sykling og vatn/fjord – pusse på og kommunisere «våre» fyrtårn. Suldalsvatnet som ein uutnytta ressurs i dette tilfellet.
- Styrke verdiskapinga i koblinga mellom Mat og reiseliv - utvikle og ikkje minst utfordre det potensialet som ligg i Suldal som matdestinasjon. Samhandling og produktutvikling, pakking og alle fine ord som høyrer her til. Kan hende kan prosjektet Suldalsbonden mot 2050 vurdere Er det mogleg at fleire kan invitere gjester på besøk som del av gardsdrift i periodar av året?
- Aktivitets- og arrangementsutvikling som f.eks er kobla til dei to hovudområda eg no har sagt, der kultur og kulturaktørane også har sin heilt naturlege og rettmessige plass i reisemålsutviklinga.

Rekruttering og omdømmebygging

Greier me ilag å etablere eit rekrutterings- og kompetanseprogram for Suldal – GJERNE ETTER MODELL AV SMARTE DISTRIKTSKOMMUNAR, og i samarbeid med Rogaland Fylkeskommune og andre. ROGALANDSMODELLEN – OPPFORDRINGA FRÅ FYLKESKOMMUNEN LIGG KLAR så vidt eg forstår det.

- Samfunnsutvikling – det skal vere ein god stad å bu, besøkje og drive næring
- o Korleis blir me eit enno betre vertskap?
- Sentrumsutvikling – kan Suldal bli GOD på nyskapande sentrumsutvikling? Kan kommunesenteret bli attraktiv for både samlokalisering av nye og små gründerbedrifter,
- Styrke etableringslyst og -evne, ved å etablere eit innovasjonshus og coworking space i sentrum som bidrar til rekruttering og bedriftsetableringar, dei desentraliserte arbeidsplassane, eit miljø for heimflyttaren og tilflyttaren, studenten og kanskje også for Hyttesuldølen – kommunen kan kanskje leggje til rette for ein ENERGIHUB og denne type «næringsareal» til liks som fysiske næringsområde?

Nye næringar – det grønne skiftet – grøn omstilling

Eg meiner at me treffer ganske godt på dei globale drivarane som skal til for å ta ein aktiv del av den grønne omstillinga og det grønne skiftet.

Generelt er distriktsnæringslivet ein heilt sentral bidragsytar til arbeidet med å nå Norge sine klimamål og del av løysinga på klimautfordringar. Grøn vekst innanfor industrien, havnæringane, jordbruk, skogbruk, reiseliv og industri. VIKTIG at distriktsregionar og kommunar som Suldal tar del av framtidig vekst i staden for å få redusert sitt næringsgrunnlag.

- Suldal har ein unik moglegheit til å ta del i det grønne skiftet med tanke på dei initiativa som me kjenner per i dag – ref idéverkstaden tidlegare i år som peikar på nokon konkrete fortrinn
- Infrastruktur – attraktive for næringsetablering
- Fornybar kraft som blir produsert – «elektrifisering» , bruke krafta der ho blir produsert – konkurransefortrinn, reduksjon av klimagassutslipp
- Restressursar av til dømes hydrogenproduksjon – dette kan vere eit innovasjonsprosjekt

Det vil vere avgjerande for Suldal å vere meir synleg, og kommunisere Suldal ut i verda. Og då handlar det ikkje «berre» om Suldal som reisemål, men som samfunn. Skattkammeret Suldal er vår felles merkevare – men utan ein effektiv kommunikasjon, omdømmebygging eller kva me skal kalle barnet, er min påstand at me ikkje kjem til å greie å ta ut det potensialet me har i Suldal. Kva verdier har me her, kven ønskjer me å invitere til å bu, jobbe, og leve sine liv her? Kva kan me tilby og korleis legg me til rette for at både eksisterande næringsliv kan vekse og gro OG nye attraktive arbeidsplassar? Me treng å styrke eksisterande JA, men me treng også dei NYE arbeidsplassane som me kanskje ikkje heilt veit kva er enno og som krev annan og kanskje framtidens kompetanse. Me treng rett og slett folk som både flyttar til og BLIR OG me treng arbeidsplassar! Og me må vere synlege der me skal og må vere synlege!

Vegen vidare

I denne prosessen har me i samarbeid med ulike aktører i Suldal sett på moglegheiter for å få fart på steds- og næringsutvikling i Suldal. Nå er tida inne for å sirkle oss inn mot eit eller nokre få innovasjonsprosjekt, der me går konkret til verks for å planlegge eit utviklingsløp.

Her er vårt forslag at me saman med kommuneleiinga definerer den/dei problemstillingane me ønsker å prioritere. Metoden me anbefaler å bruke her er 'designtenkning' (design thinking), som litt forenkla kan visualiseras på denne måten:

Kort forklart handlar designtenkning om å ta utgangspunkt i målgruppen/målgruppenes behov og ynskjer, og bruker dette til å definere ein problemformulering og ønska resultat. Deretter går me over i den kreative fasen kor me involverar relevante aktører (stakeholdere) i idémyldring og konseptutvikling. Så følgjer iverksettjing der vi ser på korleis me kan starte utprøving av nye ideer og løysingar, testing av desse – før ein føretek ein full utrulling av løysingene.

Fyste steg er då å sjå samla på det arbeidet som allereie er gjort i Suldal, både i plansamheng, og som ein del av Rogalandsmodellen i samarbeid med Rogaland fylkeskommune og Nordic Edge. Ut frå dette bør ein kunne formulere og prioritere den/de utfordring(ane) som Suldal kommune ynskjer å gå vidare med, og søke om støtte til.»

1.9 Suldal Næringsforening

Samandrag av skriftleg innspel 07.02.21:

- **Samferdsel:** Plan for Rv13 for å kartleggje, prioritere og få ei realistisk perspektiv på moglege utbetringar. Ein må ha eit godt kollektivtilbod som er tilpassa pendlarar, skuleungdom og reiselivet.
- **Næringsareal:** fokus på areal som har tilkomst til sjø og kai. Tilgjengeleg næringsareal i alle grender, tilpassa grendenes behov og størrelse. Tomtene må vere byggeklare. Spesielt fokus på Lovraeidet som interessant og konkurransedyktig areal. Kommunen må ha ambisjonar for reiselivsrelatert næring. Aktivitetsturisme og god parkering i nærleiken av attraktive fotopunkt nemnt spesielt.
- **Konkurransedyktig og framtidsetta infrastruktur:** Mål om 100% fiberdekning. Mobildekning styrkast, spesielt langs Rv13. Suldal kommune som kraftkommune må ha mål om å vere best i klassen på ladepunkt for bil og sykkel.
- **Attraktive tettstader:** Utarbeidast planar for tettstadsutvikling som spelar på styrken i dei ulike grendene der det er interesse. Viktig å få liv i sentrum i alle grender.
- **Klima:** Suldal som Norges største kraftkommune og en kommune med rik tilgang på naturressursar vil ha store moglegheiter for verdiskaping basert på klimaendringar og krav som følgjer av dette. Stimulere fleire bedrifter til å sertifisere seg som Miljøfyrtårn.

- **Kyst og sjø:** Styrke og utvide kapasitet for gjesteplassar i båthamnene og generelt styrke tigong til båthamner og tigong til fjord.
- **Fritidsbustader:** Det bør leggst til rette for at det kan byggast fleire fritidsbustader i heile Suldal.
- **Norsk Stein:** Suldal Næringsforening stiller seg positive til Norsk Stein sine planar om utviding.

Samandrag av skriftleg innspel 10.10.21:

- **Samfunnsutvikling:** Det er komen store næringsinnspel til ny kommuneplan. Storleiken på prosjekta gjer at kommunen må gjere eit godt kartleggingsarbeid for å få etableringane og få nytta ringverknadane. Dette gjelde mellom anna samferdsel, infrastruktur, oppvekst, utdanning, helse, fritidstilbod/kulturtilbod og ikkje minst moglegheiter i forhold til busetting . Det bør opprettast ei eigen arbeidsgruppe og settast av vesentlege ressursar til arbeidet
- **Reisemålsutvikling:** Suldal har eit stort potensiale for vidare reisemålsutvikling, særleg innanfor kultur- og aktivitetsbasert turisme. Utvikle Suldal til den sterkaste reiselivskommunen i Rogaland. Legge til rette for investeringar og nyetableringar. Heilårs turistkontor, vidareutvikle vandre- og sykkeltilbod, lokalmat , kulturminne og tilrettelagd infrastruktur. Det bør utarbeidast ein temaplan/strategi for næringslivskappetelet i kommande kommuneplan og det same for reisemålsutviklinga i Suldal kommune.

1.10 Suldal Vekst

Samandrag av skriftleg innspel 08.02.21:

- **Fleire folk og folk som trivst:** utvikling av attraktive grender er sentralt for noverande og framtidige innbyggjarar, rekruttere arbeidskraft/kompetanse, og sikre at folk og kompetanse blir verande.
- **Næring:** synleggjera potensiale som ligg i å styrke landbruk og skogbruk ved å tenkje foredling og lokal bruk og produksjon av ressursane i samarbeid med anna næringsliv.
- **Samferdsel og infrastruktur:** Halde trykket opp på rassikring. Konkretisere at kollektivtilbodet er avgjerande viktig også for skuleungdom på Sauda vgs, samt at eit godt kollektivtilbod bidrar til å styrke reiselivsaktiviteten i kommunen. Leggje til rette for el-bilar/syklar i heile kommunen.
- **God digital standard:** Mål om 100% fiberdekning og styrke mobildekninga.
- **Klima:** positiv til å rullere klima og energiplanen for kommunen. Gjennom arbeidet med berekraftig reisemål er det aukande tal verksemder og organisasjonar som har miljøsertifisert seg.
- **Behov for utgreiingar:** Suldal vekst er positiv til å konsekvensutgreie Norsk Stein sine utvidingsplanar. Ved rullering av ROS-analysar og beredskapsplan for Suldal bør ein og inkludere reiselivsperspektivet.
- **Bustadareal:** Det må leggjast til rette for bustadareal i felt og spreidd der dette er mogleg; tomter, område for bygging av alternativ til einebustader som start-bustader og leilegheiter i grendene.
- **Fritidsbustad:** Leggje til rette for fleire fritidsbustader, betre kommunikasjon veil gjere Suldal enno meir attraktiv.
- **Næringsareal:** Store nok og byggjeklare næringstomter med tilfredsstillande infrastruktur (vatn, straum, fiber m.m). Sjønære næringsareal. Transformere eksisterande næringsareal? Suldal kommune bør ha tydlegare ambisjonar om å leggje til rette for camping, bubil og gode stopp for reiselivet.

- **Kyst og sjø:** fleire gjesteplassar i småbåthamnene. Til for aktivitetstilbod knytt til vatn og fjord.
- **Grønt og verneområde:** positive til å få på plass ein sti og løypeplan, inkl sykkelløyper og temakart for ulike aktivitetar.

1.11 Suldal Bondelag og Suldal Skogeigarlag

Møte 10.02.22

Landbruket som viktig næring og som sentral for busetnaden er i planstrategien til ny kommuneplan sett opp som ei prioritert utfordring. Det vart derfor fokusert mest på strategiar for å nå målet om å styrke landbruket i møte. Ting som kom fram var:

- Framsnakke landbruket. Suldal Bondelag har t.d. no invitert skuleklassar på besøksdagar. Mange, og i Suldal, er no framand for kva ein bonde driv med. Viktig for både rekruttering og for å skape forståing for utfordringane i landbruket.
- For å sikre gode generasjonsskifte i landbruket er det viktig å støtte opp om unge som vil ta over gardsbruk. Døme på tiltak kan vere å prioritere den kommunale landbruksstøtta til unge/nye brukarar eller få til mentor ordningar for dei som ynskjer det.
- Nye krav til næringa krev store ombyggingar av driftsbygningar for mange. Bør støtte til driftsbygningar auke?
- Det er viktigare med lys i husa og liv i grenda enn at ein enkelt brukar får litt meir jord. Det vil uansett ikkje bli store bruk i Suldal. Ein bør derfor fortsett ha ei streng haldning til buplikt. Samstundes må ein sette pris på at dei som rettmessig får fritak frå buplikta og er med på å skape liv i ei bygd.
- Verne om dyrkajord gjennom eit strengt jordvern og ein streng praksis for frådelling. Mange innrømma at ein her ofte kunne møte seg sjølv i døra når ein ynskja å frådele t.d. ei bustadtomt, men det var semje om at kommunen her bør ha ein streng praksis.
- Nedbygging av dyrkamark er eit nasjonalt problem. Ein må derfor oppmuntre til og leggje til rette for nydyrking der dette er mogleg.
- Beitenæringa er viktig for landskapspleia i Suldal. Ein kan ikkje oppretthalde det kulturlandskapet ein har i dag om næringa forsvinn. Nye krav til m.a. tilsyn av beitedyr gjer at ein må vere fleksibel ved søknader om landbruksveggar.

1.12 Rogaland Fylkeskommune

- Tydeleggjera koplinga frå berekraftsmåla til Suldal sine prioriteringar
- Tydeleggjera at folkehelse er eit eige sentralt tema
- Planprogrammet kunne vore tydelegare på korleis ein skal komme fram til ein god arealstrategi, og fritidsbustader bør vere ein del av arealstrategien
- Ved eventuell utviding av Norsk Stein sitt areal vil krevje ei særleg grundig utgreiing då konsekvensane for mange tema vil vere sær store
- Ved fortetting og utviding av eksisterande nærings, bustad og hytte areal må og konsekvensane for det overordna vegnettet , samt behov for tiltak bli vurdert
- Fylkesrådmannen oppmodar om å setja det grønne skiftet på dagsorden i kommuneplanen. Viser til visjonen i «strategi for bioøkonomi i Rogaland» kor landbruk og havbruk spelar ei sentral rolle.
- Ny nærings-og innovasjonsstrategi frå Rogaland Fylkeskommune erstattar plan for næringsutvikling og plan for reiselivsstrategi. Det skal utarbeidast ein eigen matstrategi for Rogaland
- Kommunen blir oppmoda til å sjå næringsutvikling i samanheng med utviklinga av levande, attraktive og berekraftige bygder og grender. Ein aktiv bustadpolitikk som legg til rette for varierte bustadtilbod er ein grunnleggande faktor for bliilst i bygdene. Kommunen blir oppmoda til å setje bustadpolitikken på dagsorden i samfunnsdelen og spegle dette i arealstrategien og i arealplanen.

- Tilrettelegging av aktivitetar og opplevingar basert på lokale natur-og kultur ressursar styrkar reiselivsnæringa og kommune som eit attraktivt reisemål
- Kommunen blir oppmoda til å vurdere reiseliv og reisemålsutvikling som eit av dei prioriterte satsingsområda i samfunnsdelen
- Kommunen blir oppmoda til å vurdere berekraftig matproduksjon som eit av satsingsområda i samfunnsdelen
- Klimasmart verdiskaping. Jordbruket og skogbruket blir sett på som ein del av løysinga på klimautfordringane.
- Fylkesrådmannen oppmodar kommunen til ikkje å lage ein eigen lanbruksplan, men integrere den i kommuneplanen
- Den nye stortingsmeldinga «Nye mål i kulturmiljøpolitikken, engasjement, berekraft og mangfald må tas med i planprogrammet
- Kulturmiljøvern som eit sektor overgripande tema kunne ha kome betre til syne i planprogrammet
- Fylkesrådmannen meiner at moglegheitene som ligg i kultur –og naturbasert næring i Suldal kunne ha kome meir tydeleg fram
- Viktig at samfunnsdelen sine mål og strategiar i forhold til kulturminne vert nedfelt i kommuneplanen sin arealdel og plankart (arealforemål og føresegrer)
- Konsekvensutgreiingane til endra arealformål i arealdelen må omfatte kulturminne, kulturmiljø og landskap
- Forholdet til undersøkingsplikta etter kulturminnelova §9 på reguleringsplannivå bør omtalast

1.13 Statsforvaltaren i Rogaland

Samfunnsdelen:

- Landbruk: -viktig å rullere landbruksplanen som ein skriv i planprogrammet
- Folkehelse: -planen manglar ei nærmare omtale av korleis helseutfordringane som er identifisert skal fyljast opp. Når det ikkje er gjort må det gå klart fram av planprogrammet at det arbeidet no skal prioriterast
- Utdanning: -kommunen har ikkje eigne planar for skule og barnehage, så utfordringar, mål, strategiar og tiltak må vere ein del av kommuneplanen. Noverande kommuneplan har dei tre første, men manglar tiltak.
- Samfunnstryggleik: -oppdatering av heilskapleg ROS analyse må liggje i forkant av kommuneplanarbeidet så ting kan konkretiserast i kommuneplanen. Legge inn omsynssoner i planen når det gjeld dårlege grunnforhold og stormflo.
- Klima: -kommuneplanen må vise korleis endring i klima kan påverke m.a. samfunnstryggleik, kritisk infrastruktur, natur-og kulturmiljø, befolkninga si helse, samt føresetnader for næringar. Ynskjer å sjå meir fokus på naturinteresser, spesielt i høve til klimatilpassing og økosystemertenestar i preventiv arealforvaltning. Statsforvaltaren kjem med mange konkrete råd og anbefalingar i klimadelen som blir tatt med vidare i arbeidet med klima og energiplan.

Arealdelen:

- Bustadareal: -viktig at kommunen har fokus på landbruket si viktige rolle i å oppretthalde busetnad, like fullt må ein lokalisere bustadbygging i grendene på ein slik måte at det er minst mogleg konflikt med aktiv landbruksdrift og at ein tek omsyn til jordvern og andre naturkvalitetar. Blir det over tid mykje spreid bygging kan dette utløyse trong for tilrettelegging sjølv i små felt. Varierte bustader for ulike fasar i livet bør vurderast.
- Fritidsbustader: -Det byggast 30 hytter i året i Suldal og det er 960 ledige tomter. Dette skulle rekke i om lag 30 år. Ein gjennomgang av hytteområde høyrer heime i kommuneplanrevisjonen, og det er fullt mogleg å ta ut område som har loge lenge inne i kommuneplanen utan at noko har skjedd.
- Næringsareal: -Dersom det blir aktuelt å opne for ei utviding av Norsk Stein sine areal vil Statsforvaltaren oppmode kommunen til å sørgje for ei grundig og omfattande konsekvensutgreiing. Å få gjennomført ei konsekvensutgreiing som tar føre seg alle aktuelle konflikttema tidleg, vil bidra til eit godt og viktig kunnskapsgrunnlag

·Kyst og sjø:-ei berekraftig forvaltning av strandsoneareal må sjåast på frå eit heilskapleg perspektiv, noko arbeidet med revisjon av kommuneplanen opnar for. Det å samle båtplassar i så stor grad som mogleg er positivt.

·Grønt og verneområde: -god skjøtsel av utmarksressursane har betydning for kulturlandskapet og friluftsliv, som er viktig både for Suldølen lokalt og Suldal kommune sin reiselivsatsing og turistar. Friområde, landbruksområde og verdifulle natur-og kulturområde tas vare på for langsiktig bruk og vern.

·Statsforvaltaren vil oppmoda kommunen å ta ein gjennomgang av gjeldande føresegner og retningslinjer og revidere der det er trong for det

1.14 Fiskeridirektoratet

Samandrag av skriftleg innspel 09.02.21:

Det er viktig at arealforvaltninga i kyststrøk er forutsigbar, og at det balanserast fornuftig mellom bruk og vern. Ei klargjering av kommunens strategiske val knyta til utvikling og arealbruk i kystsona bør med i samfunnsdelen av kommuneplanen, vil kunne være både avklarande og konfliktdempande. Det er i dag mange aktive fiskarar og registrerte fiskefartøy samt akvakulturproduksjon i Suldal kommune. Videre kommer moglegheiter for økoturisme og reiseliv knytt til sjøen, kystkultur, kulturlandskap mv. I dette kan ligge store moglegheiter for fruktbart samarbeid i småskala mellom landbruk, fiske og andre matrelaterede næringar og kultur, reiseliv og opplevingar. Omsynet til viktige fiskeri- og havbruksinteresser, inkludert marine naturverdiar bør komme fram i kommuneplanen.

1.15 Direktoratet for mineralforvaltning

Samandrag av skriftleg innspel 02.03.21:

Det er registrert fleire mineralførekomstar i Suldal som er av både internasjonal og nasjonal betydning. Det er viktig å inkludere desse i kommuneplanen. Utvinning av mineralressursar kan m.a. bidra til stabile arbeidsplassar.

1.16 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Samandrag av skriftleg innspel 05.02.21:

NVE forventar at kommunen identifiserer områder som er sårbare for vidare utbygging/fortetting knytta til skred, flaum og overvasshandtering. Klimaendringar og auke for naturfare må takast med i planlegginga.

Kommuneplanen bør innehalde formål, omsynssoner og føresegner som sikrar ei forsvarleg, langsiktig overvasshandtering. Som eit minimum bør planen innehalde føresegner og rettleiing for overvasshandtering som kan fyljast opp på reguleringsplannivå.

Viser til nasjonale signal om at ein må unngå utbygging av myr. Økosystem som for eksempel flaumskog, myrer og våtmarker har i tillegg ein flaumdempande funksjon som i størst mogeleg grad bør takast vare på.

1.17 Villreinnemda for Setesdalområdet

Samandrag av skriftleg innspel 11.02.21:

Villrein er ein ansvarsart for Norge. I Suldal har ein viktige vinterbeite i nordaust, og meir sentrale delar av kommunen er viktige sommarbeite. Kommunen har og gode bukkeområder frå Kvanndalen/Holmevatn og vestover. I periodar med nedising vert skogen rundt heia brukt som vinterbeite.

- Suldal kommune har i noverande kommuneplan forplikta seg til å følgje retningslinene i «Heiplanen» og i den tekstlege delen blir det vist til at retningslinjer i Heiplanen gjeld. Kva

desse innebære kjem dårleg fram. Villreinnemnda vil anbefala at mål og retningslinjer blir tydeleggjort i ny kommuneplan.

- Villreinnemnda støttar at Suldal kommune vil innarbeide ein sti og løypeplan i kommuneplanen. Denne bør m.a. nyttast til å få fram ei differensiert arealforvaltning der ein kan legge stiar og løyper utanom sårbare villreinområde.
- Ein har fått mykje ny kunnskap om villreinstammen etter gjennomførte GPS prosjekt i Setesdal Ryfylke villreinområde. I etterkant av desse er det foreslått fleire avbøtande tiltak for villreinen. Nemnda meiner det kan vere aktuelt å drøfte desse både i ein sti og løypeplan, men og i kommunens samfunnsdel.
- Skaulen villreinområde. Ligg ikkje inn i noverande kommuneplan. Bør leggest inn med same retningslinjer som i Heiplanen

1.18 Ryfylke Friluftsråd

Samandrag av skriftleg innspel 04.02.21:

- **Næring og næringsutvikling:** tilrettelegging for temabasert reiseliv viktig. I Suldal handlar ikkje dette berre om den tradisjonelle nasjonale/internasjonale turisten, men like mye om hytte eigarar, båtturistar og andre besøkande. «Skattkammeret Suldal» er helt avhengig av at besøkende får de opplevelsene de forventar innan temabasert reiseliv.
- **Samferdsel:** godt kollektivtilbod er viktig og vil kunne gje fleire tigong til friluftsområda.
- **Klimaendringar:** det er viktig med tverrfagleg samarbeid når det gjeld bevaring av naturmangfaldet
- **Arealstrategi:** Friluftslivrådet meiner det er viktig å få fram konsekvensane ved ei eventuell utviding av Norsk Stein sitt areal og er bekymra for helseskadeleg støv, støy, utslepp i fjorden og verdien av Friluftslivrådets anlegg i Økstrafjorden.
- **Folkehelse:** Oppfordrar til eigne folkehelsemål i kommuneplanen og sikringa av områder til friluftsliv. Spesielt viktig med områder for barn og unge som og kan nyttast i undervisningssamanheng.
- **Kyst og sjø:** viktig med gjesteplassar i båthamner, hugs å samtidig legge til rette for landing med kajakk. Friluftslivrådet er på stadig jakt etter områder som kan brukas til maritime friluftaktivitetar. Her er ein avhengig av samarbeid med kommune og grunneigarar for å realisere dette.

1.19 Norges Miljøforbund

Innspel 06.02.21:

Protesterer på manglar i planprosessen rundt ei eventuell utviding av Norsk Stein. Svart frå kommunen 24.02.21 at eit planprogram er «oppstartsmeldinga» for ein kommuneplanprosess og utgreiingane vil komme i den vidare planprosessen.

Innspel 01.06.21:

Norges Miljøforbund motsett seg ei kvar planending for nytt utviingsareal til Norsk Stein. Ei eventuell utviding vil kunne tolkast som ei belønning og godkjenning av den grove miljøkriminaliteten dei har begått i området. Norges Miljøvernforbund (NMF) er sjokkert over graden av ulovlege inngrep utført av Norsk Stein AS og følger denne saken nøye.

1.20 Innspel frå bedrifter

1.20.1 Norsk Stein

Samandrag av skriftleg innspel 30.09.21

Rekruttering av lokal arbeidskraft er viktig for Norsk Stein. I åra som kjem ynskjer dei ei gradvis auke i fast tilsette. Da treng ein fagarbeidarar med rett kompetanse. Dei ynskjer derfor ei styrking av Sauda

VGS på linjer som er relevante for industrien i kommunen. Målet må være at det ikkje vert naudsynt å flytte frå kommunen om ein ikkje ynskjer det. Suldal kommune må derfor fortsette å støtte opp under Sauda VGS, slik at den kan utviklast og oppretthaldast.

Utover fagarbeidarar vil Norsk Stein og ha trong for tilsette innan økonomi, HR, leiing, IT og ulike ingeniørfag. Ein faktor for å stimulere til tilflytting og busetting vil vere eit godt samferdsle tilbod. Hurtigbåt med hyppige avgangar og avgangar tilpassa pendling er avgjerande. Folk kan da «prøve» Suldal før dei tar steget og flyttar. Hurtigbåten er i tillegg viktig for alle dei fastbuande for å komme seg effektivt til tenester i byen.

1.21 Innspel frå enkeltpersonar

1.21.1 Innspel om arealinnspele frå Norsk Stein og Windworks Jelsa på Berakvam

Samandrag av innspel 19.01.21 frå Bjørn-Arild Andersen

Det nye uttaket til norsk Stein er ikkje ei naturleg utviding av området og det nye området er avgrensa av ein trong dal der det ligg landbruksområde, bustadhus og hytter.

I følgje internasjonale avtalar skal klimautsleppa ned og Suldal kommune sett ikkje krav bedrifter om å utarbeide klimaregnskap. Dette bør vere eit krav til Norsk Stein og ses i samanheng med framtidige utslepp.

Ein må rekne med at steinstøv har negativ påverknad på naturen og det biologiske mangfaldet sjølv om ein held seg innanfor forureinings forskrifta sine krav om nedfallsstøv. Heile området rundt Slåttevatnet bør derfor inkluderast i utgreiingane rundt innspelet om utviding av Norsk Stein. Mange av hyttene og bustadane i området har bora etter grunnvatn, kva påverknad vil eit nytt uttak ha på grunnvatnet?

Marknadsverdien på hus og hytter vil falle, dette må med i utgreiingane slik at tap vert dekkja. Dette må avklarast i planprosessane for enkeltpersonar kan ikkje ta opp kampen mot Norsk Stein.

Norsk Stein har fortsett 18 år igjen å drive. I staden for å utvide bør ein utgreie moglegheitene for etterbruk t.d. vindmøller og landbasert oppdrett.

Norsk Stein har eigenkontroll på forureining av støv og støy. Dette er ikkje tillitvekkande og Suldal kommune bør vere delaktig i å få til ei ordning alle stoler på.

27.01.21 Morten Jørgensen

28.01.21 Anne May Tungesvik, Odd Egil Tungesvik, Olav og Karin Dalva, Ragnar Lütcherath, Trond og May Jorunn Vatnaland, Erling Magnar og Liv Synnøve Tvedt,

01.02.21: Stian Bjørheim, Anna Bø

05.02.21: Hildegunn og Nick Matthews, Jan Ciekals

Alle har likt innspel som Bjørn-Arild Andersen, men har føyd til:

Kvartsstøv/steinstøv er kreftframkallande, det er for mykje steinstøv slik det er i dag, og ein kan ikkje ha ai auke i dette når uttaksområdet kjem nærare hus/hytter.

Hyttene er enormt plaga av steinstøv og støy slik det er i dag og det er ikkje bra at Norsk Stein sjølv måler sine utslepp.

Friområde for ferierande, hyttefolk og fastbuande forsvinn om Norsk Stein får utvide. Norsk Stein bør ikkje få utvide mot hyttefeltet men heller utvide mot Romsbotn der det ikkje vil påverke så mange menneske.

Viser til Stortingsmelding 13(2020-2021) Klimaplan for 2021-2030 om berekraftig forvaltning av skog og andre grøne areal. «Vi skal føre ein politikk som er med på å gje lavere utslepp frå nedbyggig av skog, myr og jordbruksareal». Utbygginga til Norsk Stein vil rasere skog og myrområder i stort omfang. Norsk Stein bør ikkje få løyve til å utvide mot Høyvik, da prisen er for høy i forhold til miljø, helse og velvere.

Samandrag av innspel 19.01.21 frå Helge Nesse:

Savner ein plan i planprogrammet for kommuneplanen om korleis kommunen skal informere eigarar av fritidsbustader i området rundt Norsk Stein og Windworks Jelsa.

Samandrag av innspel 22.01.21 frå Terje og Ingeborg Todnem:

Vil på det sterkaste protestere mot utviding av nytt uttaksområde for Norsk Stein. Er allereie i dag betydeleg skadelidande av drifta når det gjeld miljø, støv, støyplager og psykisk belastning. Skisse til nytt kaianlegg viser at denne vil føre med seg enno meir støv, båttrafikk og støv.

Støv: fritidsbustad og bil/utemøbler ber preg av støv allereie etter ei helg og er ikkje godt for helsa.

Støy: Irriterande støy der norsk Stein tek lite omsyn til bebuarar og hyttefolk. Dette går ut over talet på rekreasjons dagar ein kan ha på hytta.

Psykisk: Norsk Stein påfører bebuarane i området ei psykisk belastning som kan målast i tapt glede, uro i sinn og søvnevanskar pga. støy og murring.

Miljø: ein må ta omsyn til folks liv, natur og dyreliv i området.

Samandrag av innspel 24.01.21 frå Gøril Nyvoll:

Skattkammeret Suldal skal vere eksotisk, aktiv og trygg, dette må gjelde og for Høyvik.

Konsekvensutgreiingane for innspelet frå Norsk Stein må vere uavhengig, pålitelege og nøytrale.

Allereie no er det mye støv, støy og spreng-gass frå anlegget, samt skjelvingar i hus heilt inn til Høyvik. Det bør greiast ut konsekvensar for grunnvatn, psykisk belastning av støy, skjelvingar ved sprenging, fall i eigeomsverdi og mengda med steinstøv i området.

Samandrag av innspel 25.01.21 frå Hytteeigarane i Grønevika og på Eikeflåt, v/Rune Steinsland:

Fritidsbustader, gardar og bustadhus er allereie i dag plaga med støv. Ei godkjenning av utvidinga til Norsk Stein vil forringe miljøet ytterligare og er eit stort minus for folkehelsa. Strandsona vil bli øydelagt som rekreasjonsområde og gje verditap på livsverka til hytteeigarane. Planane er i utakt med dagens miljøtenking og er lite framtidretta og berekraftig. Er fjellhallar blitt vurdert som utvinningsmetode?

Samandrag av innspel 27.01.21 frå Anne Elise og Arthur Olsen:

Er bekymra for konsekvensar for biologisk mangfald, dyr og fugleliv, samt helsa til hytteeigarane dersom Norsk Stein får utvida sitt uttaksområde. Plages allereie no av steinstøv som iflg Arbeidstilsynet kan føre til kreft. Er bekymra for rystingar ved sprenging og kva dette vil ha med grunnen og vatnet i brønnane. Ynskjer ikkje at Norsk Stein får innvilga utviding mot hyttefeltet i Høyvik og stiller spørsmål om kven som skal dekke verditap på hyttene.

Samandrag av innspel 01.02.21 frå Ella Bergitte Stangeland Larsson og Ole Bernt Stangeland

Som eigar av fritidsbustad i Høyvik er ein allereie plaga av støy, støv og spreng-gass frå Norsk Stein. Ei godkjenning av planane vil gje ei betydeleg forverring. Steinbrot i opent lende er ikkje ein grøn aktivitet og bør leggest til områder utan hus/hytter. Ein forventar derfor at det vert grundige konsekvensutgreiingar. Eit naturinngrep som dette vil vere irreversibelt og umogleg å rette opp. Ei ber derfor om aat ein tenker nøye gjennom konsekvensane før beslutning tas.

Samandrag av innspel 01.02.21 frå Gerd Kristin Høyvik og Audun Hauge

Israelsneset har allereie i dag mista eit viktig skjærgårdsområde og må leve med utslepp av støv, støy, svovelgassar og ristingar frå sprengingsarbeid. Har som grunneigar takka nei til tilbodet om å stille eigedommen til disposisjon for uttak av meir stein, da ein heller ynskjer eit rikt naturliv der ein kan satse på utleiehytter, gardsturisme og sal av hyttetomter.

Sosiale tilhøve: I planstrategien til Suldal står det at me har ein større andel som dør av kreft i Suldal enn resten av fylket. Ein bør undersøke førekomstane av kreft og hjarte- kattsjukdommar og forventa levealder på tilsette på Norsk Stein og folk i nærområdet. Det sosiale miljøet i grenda blir øydelagt av interessekonfliktar. Suldal kommune er ein liten kommune. Rolle konfliktane står i kø. Det er vanskeleg å finne ein tilsett eller politkar som ikkje kjenner nokon som er part i saka. Oppslag frå

media syner at folk går inn i alvorlege livskriser når naturen og eigedommane deira blir truga av omfattande utbygging.

Politiske tilhøve: Korleis tenkjer politikarane at dei skal ivareta innbyggjarane sine rettar i denne saka? Ser dei på innhaldet i partiprogrammet dei gjekk til val på? Skal det internasjonale konsernet Mibau Stema Group fortsette å hauste av naturressursane våre utan at dette kjem felleskapet til gode? Korleis skal politikerane ivareta hytteeigerane?

Økonomiske tilhøve: Korleis vil politikerane ivareta naturmangfaldet i området. Reduskjon av CO² utslipp frå næring, binding av CO² i myr og skog heng ikkje saman med desse planane. I planstrategien står det at ein skal legge til rette for berekraftig utvikling av reiseliv og anna ressursbasert næringsliv, dette kjem i konflikt med utvidinga i området. Korleis skal politikarane ivareta økonomien til alle som har investert i området?

Det at den same politikargenerasjonen og den same kommuneadministrasjonen arbeider fram planar der ein satsar på store hyttefelt og tung bergverksindustri, sender forvirrande signal. Kva vil politikarane gjera for å rydda opp i dette omdømmeproblemet ein har komme opp i?

Samandrag av innspel 02.02.21 frå Bjarte Pedersen:

Framlagte planer/ønsker frå Norsk Stein AS, Berakvam om en vesentleg utviding av drifta kan ikkje foreinast med eksisterande hyttefelt i Høyvik. Forslaget frå Norsk Stein AS vil for en fritidsbustad i Høyvikdalen hyttefelt medføre vesentlege miljømessige, helse/trivsel og økonomiske konsekvensar.

Samandrag av innspel 03.02.21 frå Tjødnaneset Velforening:

Representerer hyttefeltet på Tjødnaneset. Er svært kritisk til Norsk Stein sine omfattande planar om areal utviding. Vil vere eit dramatisk inngrep i ei naturperle i nærleiken til hyttefeltet og vil medføre store ulemper i form av støy, støv og forureining.

Samandrag av innspel 03.02.21 frå Åse Holmedal og Tor Arne Imsland

Sitat frå innspelet:

Høyringskommentar: Til arealdelen i planprogrammet sagnast det ei utfordring knytt til konflikt mellom

arealbruk for nye industrianlegg og busetnad i hus og hytter.

Høyringskommentar: Til samfunnsdelen av planprogrammet må kommunen sikre at fastbuande og hyttefolk i

området sine interesser vert kjend og tekne vare på. Ein plan for å høyre naboar må inngå i planprogrammet.

Høyringskommentar: Til samfunnsdelen av planprogrammet sagnast det beskrive ei utgreining om kva dei

økonomiske følgjene blir for samfunnet, kommunen og den einskilde hytteeigar om det blir gitt løyve til

bergverksdrift midt i eit hytteområde. Denne ureininga må også innehalda verdien av verditap og omdømetap

som treff kommunen om ikkje hyttesuldølen kjenner seg trygg på å bli verdsett i praksis, og framtidig utvikling

av hytteturisme går i stå.

Samandrag av innspel 04.02.21 frå Geir Henrik Wigestrands:

Suldal kommune har godkjent hytteplanar i nærleiken til området som Norsk Stein ynskjer å utvide mot. Folk har stolt på at Suldal kommune har langsiktige planar for turisme og fritidsbustader i området, kan ein da no vere med på Norsk Stein sine planar for same området? Utvidingsområdet til Norsk Stein vil ta eit stort jomfruleg område og dei store hyttefelt og dei fastbuande i Høyvik vil ikkje lenger ha tur- og rekreasjonsområde i nærleiken. Suldal treng arbeidsplassar, kan vindmølleproduksjon erstatte Norsk Stein sine arbeidsplassar? Kan det vere andre bedrifter som kan nytte området?

Samandrag av innspel 04.02.21 frå Sindre Andre Eskedal:

Stiller seg svært kritisk til utviding av Norsk stein mot Romsbotn. Kommunen må ta eit val om kva Økstrafjorden skal vere, industriområde eller urørt natur som tiltrekker seg fritidsbebuarar og turistar. Opplevinga av urørt natur i Økstrafjorden trekk til seg turistar og Ryfylke Friluftsråd legg godt til rette for båtfolket. Kulturarven i Romsbotn er og vel verd å ta vare på. Området må vernast mot steinbrot og kommunen må heller jobbe med etterbruk av steinbrotet på Berakvam for å sikre nye arbeidsplassar.

Samandrag av innspel 04.02.21 frå Ole Hetland:

Har innspel på tilhøve som må med i konsekvensutgreiingane: tap av uberørt natur og raudlisteartar, påverknad av steinstøv for folk og dyr i området. Steinstøv som kreftframkallande faktor. Vil eit nytt uttaksområde påverke vassforsyninga for dei som har grunnvatn. Tap av marknadsverdi på hyttene.

Suldal kommune har godkjent reguleringsplanar for bustader og hytter og må ta ansvar for utviklinga i området. Ein bør sjå på andre moglegheiter som t.d. bygging av vindmøller. Mange i hyttefeltet i Høyvik brukar området til friområde. Ein bør sjå på utviding mot Romsbotn i staden for utviding mot Høyvik.

Samandrag av innspel 04.02.21 frå Advokatcompagniet på vegne av Jarl Vidar Andersen.

Protesterar på innspel om utviding som vil komme frå Norsk Stein. Ein driftseksperdering vil gjere forholda for dei som eig bustad- og fritidseigedommar i området heilt uuthaldelege. Ein har fått bekrefta av meglar at Norsk Stein si verksemd forringer verdien på eigedommane allereie før ei utviding av uttaksområde. Suldal kommune har og eit grunnlovsfesta ansvar for våre etterkommare i denne saka. Utvidinga av steinknuseverket vil føre til auka skipstransport og ballastdumping i Sandsfjorden som er nasjonal laksefjord. Suldal kommune har eit større ansvar for å ivareta grunneigar sine interesser framfor eit internasjonalt selskap og kommunen kan derfor ikkje tillate denne planlagde utvidinga.

Samandrag av innspel 04.02.21 frå Nora Haaland Seringstad og Simen Bie Malde

Var klar over drifta til Norsk Stein når dei flytta til området men trudde dette skulle slutte etter 13-20 år med uttak i dagens område. Mykje støy og forureining frå steinbrotet i dag og kan ikkje akseptere utviding av drift til langt ut over eigen levetid. Føler seg makteslause ovanfor eit storkonsern og må sette sin lit til at dei folkevalde bryr seg om folkehelsa til innbyggarane sine og den storslåtte naturen dei er sett til å forvalte.

Helseeffektar: Norsk Stein arbeider alle dagar i veka og det er ei konstant støykjelde. Utover at støyen er plagsam er det anerkjent at støy kan gje helseskadar som søvnproblem, stress og hjarte-/karsjukdom. Steinstøv er kreftframkallande og ein burde kunne forvente jamleg uavhengig kontroll av utsleppa. Er og bekymra for forureining av grunnvatnet som dei nyttar til vassforsyning.

Natur og dyreliv: Suldal marknadsfører seg som ein kommune rik på natur, det må vere grenser for kor mykje natur ein kan byggje ned, demme opp og sprengje vekk. FN sine berekraftsmål sei m.a. at ein skal stanse tap av artsmangfald og fremje ei berekraftig utvikling av havet og marine ressursar. Ei utviding av steinbrotet vil rasere store områder, og ein vil få tap av sårbare arter i området.

Sosiale forhold: Befolkninga i Suldal er aldrande. Skal kommunen tiltrekke seg unge tilflyttarar må ein ha noko anna å tilby enn det ein har i byen (naturområde, frisk luft, ro og vakre fjordar og fjell). Det er belastande for lokalmiljøet og bygda når ein får interessekonfliktar i saker som dette. Verdifallet på eigedommane vert stort og det er usikkert om ein får kompensasjon for dette.

Motstridande planar: Høyvik er eit område med stadig fleire fritidsbustader. Ein kan ikkje planlegge for dette å så opne opp for støyande industri som næraste nabo.

Prosess: Reagerer på at det er foregått arbeid i det stille med m.a. å gje lov til prøveboringar. Savner oversikt over CO² utslepp frå industri i planprogrammet.

Framover: Kommunen gjer seg ikkje attraktiv for tilflyttarar med å sprengje vekk den naturen ein reklamerer med. Ein bør heller sjå nærare på planane om å nytte dagens steinbrot til havvindmøller. Ein bør lukke døra for Norsk Stein allereie no og planprogrammet må ikkje legge opp til vidare arbeid med nytt uttaksområde for Norsk Stein slik det no er skissert.

- Planprogrammet må fokusere på areala som vil stå igjen etter opphøyr av dagens drift på området til Norsk Stein. Korleis ein kan nytte desse areala i ny næringsverksemd framover må vere sentralt i arbeidet med ny kommuneplan, snarare enn konservering og utviding av noverande drift. Det er no moglegheita er der, og kommunen må gripe sjansen.
- Om ein ikkje maktar å fjerne moglegheita for nye uttaksområde heilt frå planprogrammet må kommunen beskrive korleis alternative plasseringar reelt skal vurderast, og kva kriterium som skal vektleggast i denne vurderinga.
- Desse kriteria må følgje dei nasjonale føringane som kommunen skal planleggje etter for å sikre berekraftig utvikling og eit økologisk berekraftig samfunn.
- Klima- og energiplan må oppdaterast til å inkludere "industri" som eiga kategori dersom ein skal nyttiggjera seg av ein slik plan i eit nytt planprogram.
- Dagens utslepp og dei totale utsleppa etter 34 års drift frå Norsk Stein, i alle format, må kartleggjast om ein skal kunne ha grunnlag for å vurdere konsekvensane av eit nytt steinbrot.
- Det må gjennomførast ei omfattande kartlegging av kulturminne, natur og biologisk mangfald i alle moglege uttaksområde før ei konsekvensutgreiing kan starte.
- Norsk Stein må bli underlagt kontinuerleg, uavhengig kontroll av støvutslepp, både nedfallstøv og svevestøv, samt kontroll av støynivå og utslepp i fjorden. Dette er vesentleg for at ein skal ha eit grunnlag for å vurdere nye areal til slik verksemd.

Samandrag innspel 05.02. 21 frå Eldrid og Amund Vika

Reagerer sterkt på planane til Norsk Stein. Dette vil bli eit av verdas største opne steinbrota i verda om det vert tatt inn som blir liggande tett opp i eksisterande bebygde område.

Støy, støv og helse: Det er allereie store plager frå støy, støv. Når uttaksområde kjem enno nærare vil problema berre auke. Suldal kommune bør ta eit utvida ansvar for støy og støvmålingar da det er liten tillit til dei målingane Norsk Stein sjølv gjennomfører.

Miljø: Inngrepa som er skissert vil medføre irreversibel rasing av store urørte naturområde og ein stiller spørsmål om korleis dette kan forsvarast utifrå eit miljøperspektiv. Suldal kommune bør forlange klimaregnskap frå bedrifter i kommunen og spesielt for store punkt utslippskjelder som Norsk Stein.

Bruks og marknadsverdi: Suldal kommune har godkjent bygging av nær 100 hytter i området. Kommunen må derfor ha eit stort ansvar for verdiforringing dersom ein no opnar opp for Norsk Stein.

Innspel til konsekvensutgreiing: må gjennomførast av ein nøytral part og omhandle konsekvensar for dei som bur i området, miljøkonsekvensar, støy og støv, helseisiko, påverknad på grunnvatn, klimaregnskap, kompensasjon for verdiforringing, forringing av turområde, erfaring frå påpeika problem og bekymringar knyta til dagen drift, uttak basert på fjellhall som alternativ.

Tid for nytenking: Kommunen må tenke nytt og miljøvenleg i sine langtidsplanar og legge til rette for etablering av mindre naturinngripande verksemd. T.d. landbasert oppdrett og produksjon av vindmøller som nyttar dagens infrastruktur.

Samandrag innspel 05.02.21 frå Aud Johanne Rydingen og Thomas Ottesen:

Ser med stor bekymring på ønske frå Norsk Stein om å utvide sitt driftsområde bak hyttefeltet i Ottøysundet. Stiller seg bak uttalen til Åse Holmedal og Tor Arne Imsland.

Samandrag innspel 05.02.21 frå Bernt Jarle Vatland:

Den utvidinga Norsk Stein ynskjer vil maltraktere alt av skogsområde i Høyvik for evig og alltid. Bygda vert utan verdi som hytte, bustad og rekreasjonsområde og ein vil få ei dramatisk fall i verdiane på alle eigedommane i Høyvik.

Skogane i Høyvik har eit rikt dyre og fugleliv og er eit viktig tur- og jaktterreng for folk i området. At dette skal vurderast å nyttast til bergverksindustri verkar totalt absurd.

Støv og støypplagene som verksemda førar med seg i dag er massive og uforutsigbare. Det eksisterer liten tillit til både støy- og støvmålingar som utførast av selskap som Norsk Stein engasjerer.

Kommunen viser i praksis null interesse for klager og viser til alle moglege andre instansar.

Konfliktane vil auke med ei utviding av drifta og problema med støy og støv er langt over det akseptable og med dagens nivå.

Mange er urolege for bindingane mellom Norsk Stein og Suldal kommune i denne prosessen. Det må ikkje bli slik at eit internasjonalt storkonsern med uavgrensa økonomiske og juridiske ressursar får gjennom sitt syn i møte med ein pressa kommune og politikarar.

Samandrag innspel 06.02.21 frå Asbjørn Helgeland og Anne Venke Skiftun:

Ser med stor undring på skissa frå Norsk Stein som viser utviding av steinbrotet til 250 m frå næraste regulerte hyttetomt. Dette er ein uaktuell plan for dei med hytte i området. Kven skal løyse inn hyttene? Er det Suldal kommune eller Norsk Stein? Utvidinga må bli meir edrueleg med t.d. tunell mot Slåttevattnet og Tysingvatnet med minst 2000m avstand til næraste hytte. Ein treng heller ikkje tenke 100 år fram i tid.

Samandrag innspel 06.02.21 frå Hans Aage Aandahl

Har lite handfast informasjon om innspelet sjølv om det kan virke som om det er gjort eit godt stykke arbeid mellom involverte aktørar. Ein må finne betre måter å løyse sysselsetting på dei neste 100 åra. Ein treng ikkje meir informasjon for å sjå at eit inngrep vil få konsekvensar på svært mange plan og 100 år er eit langt tidsperspektiv. Prosessen vidare må bli den beste nokon gong gjort av Suldal kommune. Håper me har framtidsetta, fornuftige og ansvarlege politikarar som verkeleg våger å tale alle siders sak. Bare ja eller bare nei passer ikkje i denne saken. Kanskje ein må seie at dette kan me ikkje seie ja til, nå i allefall.

Samandrag innspel 06.02.21 frå Inger Hellem

Motsett seg at området som allereie er sterkt berørt vert rasert for all framtid. Er allereie sterkt plaga av støy, støv, spreng-gassar og vibrasjonar frå dagens drift. Er og bekymra for kva for vidtrekkande helsemessige og økonomiske konsekvensar det kan medføre for både fastbuande, eigarar av hytter og fritidsbustader. I tillegg kjem dei vidtrekkande konsekvensane for klima, miljø, dyreliv og det biologiske mangfaldet i området. Vi er i ei tid der klima og miljøvern står på dagsorden. Suldal kommune kan ikkje vere bekjent av å stå i bresjen for slike enorme naturødeleggingar.

Samandrag innspel 07.02.21 frå Heidi og Johan Kristian Lund

Støysona som er skravert i kommuneplanen frå 2009-2020 er ikkje dekkande for den opplevde støyen i området. Forventningane og signala frå Norsk Stein når dei investerte i området var at ein hadde 20 år igjen med drift før området skulle bli eit idyllisk naturområde. Har sett frem til å tilbringe fritid samen med barn og barnebarn i idylliske Ryfylke som i visjonen til Suldal kommune:

"Skattkammeret Suldal: Eksotisk-Aktiv-Trygg". I stedenfor risikerer vi å få et friområde som blir gjort om til et inngjerda anleggsområde utilgjengelig for ålmenta.

Viser til planstrategien der det står at « *det er viktig å sjå på korleis Suldal med god forvaltning kan bidra*

positivt i klimaregnskapet. » Savne opplysningar om kva påverknad ei utviding vil ha å si for klima.

Har lest og stiller seg bak krava til Nora Haaland Serigstad og Simen Bie Malde om kva som må med i konsekvensutgreiingane.

Samandrag innspel 07.02.21 frå Ann Helen Ottøy

Skal berekraftsmåla bli innfridd kan ein ikkje tillate utbygging i intakt og verdifull natur- slik Norsk Stein søker om. Naturmangfaldet som er dokumentert i området vil forsvinne. Sitat:

«Suldal kommune sin visjon: «Skattkammeret Suldal: Eksotisk – aktiv – trygg», blir ved et slikt nytt stort inngrep i naturen, et budskap, uten innhold. For fastboende og hytte-folk i området, vil turområdene bli borte, støy og støv, vil gi dårligere folkehelse, og sannsynligheten for at flere bygger hytte i området, forsvinner. Hytte-folket er tross alt med på å gjøre Suldal kommune til en «levende» bygd».

Samandrag innspel 07.02.21 frå Jarle og Aud Hege J Hebnes

Kritisk til nytt stort kaianlegg for Norsk Stein. Vil føre med seg meir støy og øydelegge for båt og fiskelivet i fjorden. Suldal kommune må finne ei løysning som er berekraftig for Norsk Stein og ikkje minst hytteturismen i Suldal. Er allereie i dag skadelidande ang miljø, støv og støyplager frå Norsk Stein. Er fjellhaller blitt vurdert som en alternativ utvinningsmetode?

1.21.4 Innspel om arealinnspela på Indre Åsarøy gard

Samandrag innspel 01.11.21 frå Audun Nag

Nytt steinuttak på Sauaskolten: pukk og grus er det overflod av og eit nytt uttak er dømd til å mislykkast når det skal konkurrere på pris med Norsk Stein. Vi har nok arbeidsplassar med det som er planlagd på Berakvam. Konsekvensanalysen bagatelliserer støy og støvplager. Planlagd kai ligg i rasfarleg område. Område er unikt for turisme. Det er mykje dyreliv og fugleliv i området. Fleire av artene er på raudlista eller freda. Området er fullt av kulturhistorie og turistattraksjonar.

Samandrag innspel 15.11.21 Lotis og Svein Tore Ulset

Grusressursar: det er ikkje mangel på pukk i landet, Norge er sjølvforsynt og eksporterar mykje. Sauaskolten er berre eit av mange område med «internasjonal og nasjonal betydning».

Artsmangfald og natur: Planlagt pukkverk vil ha transportband/tunnel og kai mot Arasundet. På andre sida av sundet ligg naturreservatet Øynå, (Nevøy). I Arasundet er fjorden på det smalaste, vi er nær terskelen til fjorden, og straumen kan vera alt frå null til tre-fire knop, godt for livet i sjøen. Området er og prega av eit rikt fugleliv og det er flust med raudlista arter.

Fjordtrafikken: Det er planlagd ei kai for skip på 20 000 dwt, i Arasundet, som er 340 meter breidt med fleire knop skiftande straum. I tillegg kjem hurtigbåttrafikk, oppdrettsbåtar, og container- og bulkskip til og frå Eramets verk i Sauda m.m.

Kulturminne: området er omtalt i kulturminneplanen til Suldal kommune og området har fleire kulturminne.


Turisme: Fjorden har stort potensiale for turisme og cruiseturar. I området finn ein Suldals kjelda, Jasteinen, Salthedla og Midvik.

Støy og støv: Det er feil når det i konsekvensanalysen vert sagt at det er ingen bebyggelse i området omkring. Sanninga er at det ligg 17 hytter og gardshus nærare tiltaksområdet enn 900 meter.

Tilhøvet til dei fastbuande er heller ikkje nemnd. Dette er eit inngrep som og vil sjå og høyrast på Sand.

1.22 Ulike undersøkingar som er relevante for arbeidet med kommuneplanen

1.22.1 Innbyggerundersøking 2020 – Sluttrapport



Innbyggerundersøkinga er ikkje gjennomført som eit direkte innspel til kommuneplanarbeidet, men det er relevante tilbakemeldingar <https://www.suldal.kommune.no/f/p13/if4ab8f54-51c6-4ba8-8156-1c7fa21edd45/sluttrapport-innbyggerundersokning-2020.pdf>

Innbyggerundersøkinga består av 3 hovudtema

Innbyggerane si tillit til at lokaldemokratiet fungerer

Undersøkinga tek føre seg omdømme, møte med din kommune og tillit.

Suldal har auka mykje i tillit sidan førre undersøking. Høgast er tilliten til at kommunen følgjer lovar og reglar. Tillit til at kommunen handsamar like saker likt ligg lågare. Me ser at Suldal ligg jamt over dei andre kommunane på dette området.

Kommunen som bustad

Det ser ut for at det er godt å bu i Suldal. Innbyggerane på Suldalsosen er dei som tykkjer det er best å bu i kommunen, medan det er innbyggerane på Hebnes som i minst grad er nøgde med å bu i kommunen. Snittet er likevel høgt i alle grendene.

Kommunen sitt omdømme som tenesteleverandør

Undersøkinga skil mellom innbyggerar som har nytta tenestene og innbyggerar som ikkje har nytta tenestene. Som i fleire andre kommunar finn me at innbyggerar med eigen erfaring frå tenestene i sum er meir nøgd enn dei utan eigen erfaring med tenestene. Når det gjeld å sjå tala opp mot dei andre kommunane som har gjennomført innbyggerundersøking i 2020, ser ein at ein har betre erfaring med tenestene i Suldal enn for landet jamt over. Særleg stor er forskjell for heimesjukepleie og heimhjelp. Fastlege og grunnskule er dei einaste områda innbyggerane i Suldal svarar lågare enn dei andre kommunane.

Resultat

Rapporten legg fram fleire kategoriar som inneheld fleire delfunn. Funna visar at det særleg er på kategorien "Transport og tilgjengelegheit i kommunen" at resultatet for Suldal ligg lågt.

«Miljø i kommunen», «Tryggleik» og «Kommunen som bustad» er dei områda innbyggerane seier seg mest nøgd med.

1.22.2 Flytta heim att?

Ein kartleggingsrapport om utflytta- og heimflytta Suldalsungdoms haldningar og erfaringar gjennomført våren 2019.



<https://www.suldal.kommune.no/tenester/planar-hoyringar-og-styringsdokument/rapportar/flytta-heim-att-ein-kartleggingsrapport/>

Den kvantitative delen av undersøkinga er basert på 43 svar på eit spørjeskjema sendt til 71 utflytta Suldals ungdom. Dei tre viktigaste årsakene til at ungdom ynskjer å flytte tilbake til Suldal er nærleik til natur, gode oppvekstilhøve og nærleik til familie og vener. Ting som talar mot ei tilbakeflytting er dårleg infrastruktur og dårleg kollektivtilbod. Når det gjeld tigong på arbeid er det viktig med moglegheit for full stilling, relevant arbeid og god lønn. Når det gjeld tilrettelegging frå kommunens side var hjelp til å skaffe partnar jobb viktig. Elles var både barnehageplassar, stipendordningar, rimelege tomter og startlån til husbygging verkemiddel som kunne ver viktig.

Den kvalitative delen av undersøkinga er dybde intervju av 5 heimflytta Suldølar mellom 27 og 39 år. Kvalitetar ved Suldal som vart trekt fram var nærleik til natur og familie og gode kommunale tenester. Når det gjeld arbeid vert det peika på at det er færre relevante jobbar og dermed mindre karrieremoglegheiter. I tilbakeflyttingsprosessen peikar fleire på et ein ventar seg meir service og hjelp av Suldal kommune enn om flyttar til ein storby. M.a. hadde fleire opplevd problem med å få barnehageplass. Når ein firar på karrierekrav vert det og viktig at jobbane som er tilgjengeleg er konkurransedyktig på løn.

1.22.3 Folkehelseundersøking



Rogaland Fylkeskommune gjennomførte i 2020 ei folkehelseundersøking. Rune Slettebak frå Fylkeskommunen har gitt fylgjande samandrag av resultatata for Suldal:

«Hovedfunnene i Suldal er i all hovudsak de samme som for fylket totalt sett. De viktige forskjellene går mellom sosiale grupper og aldersgrupper, men disse sammenhengene er stort sett tilsvarende i kommunene.

De fleste har det bra, er fornøyde med tilværelsen og egen helse, og opplever god sosial støtte. Samtidig er det store sosiale forskjeller: personer med kort utdanning, dårlig økonomi og/eller dårlig helse har en langt større del av vanskelighetene enn andre.

Det kommer også fram at det er tydelige forskjeller mellom aldersgruppene: det er krevende å være ung voksen, og særlig mange unge kvinner sliter psykisk. Dette er noe av det nye som har kommet ut av folkehelseundersøkelsen: vi visste om den sosiale gradienten, men aldersgradienten er større enn vi hadde ventet.

Noen punkter der Suldal skiller seg ut:

- Innbyggerne er godt fornøyde med tilgangen til kultur- og idrettstilbud. Drøyt 40 prosent av de som svarte på undersøkelsen i Suldal vurderer tilbudet som svært godt (bare Tysvær og Sauda er høyere). Om vi slår sammen de som vurderer tilbudet som godt og svært godt, er andelen 80 prosent i Suldal.

- Innbyggerne er derimot ikke fornøyde med kollektivtilbudet: en tredjedel vurderer tilgangen til offentlig transport som dårlig, i tillegg til en fjerdedel som svarte at det er svært dårlig. Bare Vindafjord, Sokndal og Bjerkreim har lavere tilfredshet med kollektivtilbudet.
- Det må understrekes at forskjellene mellom kommunene er små, og ikke alltid statistisk signifikante, men Suldal er den kommunen i fylket som har høyest median livskvalitet. Selv om forskjellene ikke er store, og ikke gjelder alle innbyggerne, er det jo hyggelig å være på topp»

2. Intern medverknad til kommuneplanarbeidet

2.1 Medverknad helse og velferd

Møte leiargruppe 24.02.21.

Helse og velferd var positiv til å gjere kommuneplanen digital. Det er og ting i noverande kommuneplan som er for detaljerte og kanskje ikkje høyrer heime i ein kommuneplan. Det vart imidlertid peika på at om ein stramar inn kommuneplanen blir ein avhengig av å få utarbeida strategiar/planar for korleis dei ulike avdelingane skal drivast.

Den viktigaste svaret på utfordringane innan helse og velferd er «tidleg innsats». Uansett utfordring, til tidlegare ein tek tak i dei til lettare er det å få gode resultat. Skal ein oppnå dette er ein heilt avhengig av eit godt tverrfagleg samarbeid. Rett innsats til rett tid må være det overordna målet.

2.1.1 Innspel frå tilsette i NAV

Skriftleg innspel etter intern diskusjon blant NAV tilsette 25.02.21

Positive til å gjere kommuneplanen meir digital. Må vere noko meir enn visjonar. Gode bilete gjer den meir attraktiv og lesarvennleg.

Utfordringane sett frå Nav er at stadig fleir unge slit med å meistre liva sine. Førebygging og tverrfagleg samarbeid må vere viktig i den kommande kommuneplanperioden. Mange har trong for bistand frå ulike einingar.

Innspel til korleis få fleire til å flytte til Suldal:

- Arbeid, 100% stillingar
- Hus/tomter. Attraktive
- Barnehagedekning og godt tilbod til dei yngste.
- Godt fritidstilbod, kulturtilbod til alle grupper
- Suldal kan tilby flott natur, nærleik til det meste og ein rolegare kvardag ein det ein finn i storbyen. «Det gode liv».

2.2 Medverknad oppvekst og helse/velferd

Fellesmøte for leiarar i oppvekst og helse/velferd 26.08.21

Det er sett fram eit forslag om å slå saman kapitla Kunnskapssamfunnet (oppvekst) med Å bu og trivast (helse og velferd, kultur, inkludering)) i den nye kommuneplanen. Dette fekk god oppslutning i dette leiarmøte. Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid var orda som heile tida gjekk igjen.

Det vart og arbeidd i gruppe på tvers av oppvekst -helse:

Tema: Kva vil me som organisasjon gjere for å møta dei utfordringane som er skissert i planprogrammet?

- Å leggja til rette for oppvekst prega av meistring, mangfald og skaparkraft
 - God oppvekst for alle (førebyggjer behov for vidare tenester i både oppvekst og helse)
 - Inkludering (samfunnet vert meir polarisert)
 - Satse på entreprenørskap i skulen (meistringsarena)
- Samanheng mellom bustad og mobilitet
 - Enkel kvardagslogistikk
- Gjere eigne innbyggjarar attraktive på arbeidsmarknaden
- Smarte samarbeid -digitalt?
 - Digitalisering moglegheiter og utfordringar
 - Arbeide på nye og smartare måter

- Meir samarbeid mellom små einingar, større faglege miljø slik at ein kan nytte faglege ressursar på ein betre måte.
- Er einingsleiarmodellen den beste?
- Er ei attraktiv stilling ei heil stilling? Kartlegge kva som er attraktivt for arbeidstakarane, kva kan vere gulrot/motivasjon? (Meir fleksibilitet?, høgare lønn?, anledning til permisjon?)
- Skille oss ut- kvifor velje Suldal?
 - Attraktiv arbeidsgivar – godt omdømme, fagleg utvikling, lønn
 - Attraktive tomter – billige tomter for ungdom – bustøtte
 - Spreidd busetnad (småbruk)
 - Romsleg og tett på natur
 - Utvikla «naturen» til nye arbeidsplassar
 - Verdivalg – framsnakke – «å høyre til»
- Møteplassar/levande sentrum
 - Opplysning – kor kan du gå for å møte menneske (invitere nye grupper inn i frivillig arbeid) Gode møteplassar der du kan treffe «nye» venner. Inkludering.
 - Folkeliv i sentrum etter 16.00 (opningstider)
 - Frivillighetsarbeid på «app» (Døme: pianospelar, julenisse, handling...)
 - Alderslaust samfunn
- Arb. Tverrfagleg/tverrsektorielt
 - Planlegge/struktur/tidslinje for gjennomføring av endringer. Overføringsrutiner.
 - Jobbe for tverrfaglege løysingar – oppvekst/helse/kultur
- Ha gode rekruteringstiltak

2.3 Medverknad folkehelseforum

Møte 08.02.21, 10.04.21 og 06.10.21

Folkehelse sin plass i ny kommuneplan vart diskutert. Det var semje om folkehelse må vere eit viktig tema og i ny plan. Kor tydeleg folkehelse aspektet kjem fram i planen står ikkje nødvendigvis i samsvar med kor ofte «ordet» folkehelse vert nemnd. Folkehelse bør innarbeidast naturleg i alle tema det høyrer heime.

Å ha ei gruppe å høyre til i vart trekt fram som noko som er viktig for alle menneske. Å legge til rette for ulike møteplassar blir derfor viktig, og kanskje spesielt viktig for dei gruppene som ikkje finn tilhørighet gjennom skule eller jobb.

Basert på drøftingane på møta dette året, og refleksjonar etter presentasjonen frå folkehelseundersøkinga i Rogaland fylkeskommune, er det to hovudtema folkehelseforum ønskjer å leggja vekt på i det vidare arbeidet med kommuneplanen; psykisk helse og tidleg innsats/førebygging. På mange måtar heng desse to tamane tett saman og har påverknad på kvarandre. Dersom kommunen på lang sikt jobbar med tidleg innsats og førebygging vil ein leggja til rette for at barn og unge i kommunen får gode oppvekstvilkår. Gode oppvekstvilkår er også noko som er sentralt i samband med omdømmebygging; for dei fleste tilflyttarar som har barn er gode oppvekstvilkår for borna deira viktig. Satsar kommunen på psykisk helse og tidleg innsats/førebygging og kommuniserer dette ut kan det vera sentrale faktorar for at unge ønskjer å etablera seg i kommunen med familien.

2.4 Medverknad kultur og samfunnsutvikling

2.4.1 Medverknad med teknisk drift og beredskap

Møte med avdelingsleiarane 19.10.21.

Største utfordringane for teknisk drift og beredskap vil i åra som kjem være meir ekstremvær. Auka nedbør, flaum, skred, sterk vind og styrtbyger vil føre til auka skade på bygg og infrastruktur. Umogleg m.a. å forutsjå kor lokale styrtbyger kjem og kva skader dei kan føre til. Sjølv om ein i Suldal har mykje naturleg handtering av overvatn, vil det i meir tettbygde strok kunne bli utfordringar m.a. med leidningsnettet. Når ein bygg nytt må ein prøve å ta høgde for desse endringane, men ein vil nok uansett måtte førebu seg på fleire reperasjonar/oppdyddingar i åra som kjem. Beredskapen i kommunen vil og møte dei same utfordringane og må truleg bu seg på fleire oppdrag.

2.4.2 Medverknad bygdeutvikling

Møte med tilsette med ansvar for plan og byggesak 09.06.21

Utfordringar med føresegnene til kommuneplanen. Ikkje alltid like lett å tolke. Kvikkleire er eit tilbakevendande tema. Førekomstane er ikkje kartlagd i Suldal og derfor vert alle som skal bygge under marin grense pålagt undersøkingar. Overordna myndigheiter har og mange krav til omsyn som skal inn. Gjer det utfordrande i det dagelege arbeidet. Det vert arbeida vidare med føresegnene under arbeidet med arealdelen til kommuneplanen.

Møte med tilsett med ansvar jordbruk og skogbruk 04.01.22

Det er viktig at det i kommuneplanen vert peika på at landbruket er og skal vere ei sentral næring i Suldal. Ein bør rullere noverande aksjonsplan for landbruk.

Jordbruket i Suldal består av mange små einingar sett i landsmålestokk. Skal målet vere å halde oppe talet på bruk eller skal ein strukturrasjonalisere? Mindre bruk er bra for busettinga, men gjer det vanskeleg å livnære seg som heiltidsbonde.

Ei viktig målsetting i Suldal er å oppretthalde busetnaden. Da er det viktig at ikkje landbrukseigedommar går over til fritidsbustader ved generasjonsskifte. Suldal bør derfor fortsett ha ei streng haldning til bu og driveplikt. Dette bør forankrast i kommuneplanen.

Det er eit nasjonalt mål å ha eit strengt jordvern. Ein bør i Suldal sikra landbruket sine arealinteresser ved å ha ei streng haldning til frådeling/omdisponering av landbruksjord. Samstundes bør ein ha ei positiv grunnhaldning til nydyrking der dette er mogleg.

Suldal har eit særprega kulturlandskap som er forma av landbruket gjennom generasjonar. Det bør leggest til rette for ein kan oppretthalde dette. Mellom anna har Suldal i Hamrabø/Mokleiv eit av tre UKL område (Utvalde kulturlandskap) i Rogaland.

Kulturlandskapet kan og spele ei viktig rolle i reiselivssamanheng. Ein bør generelt legge til rette for inovasjon og entreprenørskap i landbruket. Reiseliv og produksjon av lokalmat er ting som ofte vert peika på.

Den kommunale næringsstøtta til landbruket bør fortsette og det er viktig å legge til rette for Vinterlandbruksskulen dei åra den kjem til Suldal.

Infrastruktur er ein utfordring for store deler av Suldals skogbruket, både i skogen og langs kommunale- og fylkesvegar. Det er mykje å tene for både skogeigar og entreprenør, samt meir klima- og vegvennleg å kunne transportere tømmeret med tømmerbil og hengar framfor kippekøyring med enkel bil. På oppdrag for Kystskogbruket har TØI utarbeida ein rapport om samfunnsøkonomisk nytte av å fjerne flaskehalsar i tømmertransport på kommunale vegar. Denne rapporten bør leggest til grunn og nyttast ved prioritering av vegvedlikehald i kommunen. Mesteparten av tømmeret blir også skipa ut med båt, og velfungerande tømmerkaier er viktig.

Skogeigar må kunne tilby kvalitetstømmer som blir avverka ved hogstmoden alder. For å få dette til er det viktig med fokus på skogkultur, spesielt forynging og ungskogpleie. Direkte kontakt ut mot skogeigar visar seg å ha god effekt. Det er tilsett ein «skogpådrivar» i samarbeid med nabokommunar, som kan følgje opp og rettleie skogeigarar som ønskjer det.

Det grønne skifte bør gi ein auka etterspørsel og bruk av tømmer og trevirke. Skogen er unik i den forstand at den tek opp CO2 og får stadig nye bruksområde. Bruk av meir trevirke som erstattar stål og betong er klimavennlege tiltak, og i utgangspunktet kan alt som lages av olje i prinsippet lagast av tre. Kommunen bør få eit «signalbygg» i tre, samt legge til rette for bruk av bioenergi i offentlege og private bygg. Lokal foredling er også viktig.

2.4.3 Medverknad kultur

Møte med avdelingsleiarane 14.06.21.

Møte tok utgangspunkt i noverande kommuneplan. Det var semje om at utfordringsbilde ikkje hadde forandra seg mykje. Utfordringane er fortsett:

- å finne tilboda som treff, når gruppene ein skal nå er små, marginale i alder/interesser og geografisk spreidd
- å fanga potensiale i eit frivillig arbeid som er i endring. Utvikle nye samarbeidsformer og arenaer.
- Å utvikle nettverk, offentlege, profesjonelle, reiseliv, og næringsliv som saman skapar synergjar
- Å sikre både materielle og immaterielle kulturminne gjennom fysisk bevaring og formidling.

Hovudmålet i kulturarbeidet?

Suldal skal vere ein spydspiss i kulturlivet i regionen med fokus på breidde og mangfald.

Derfor skal me:

- Verna om, og satse på gode basistilbod som bibliotek, kulturskule, kulturhus og kommunale og frivillige fritidstilbod
- Utvikla gode arenaer, møteplassar og nettverk ved å styrka dei eksisterande som fungerer godt og legge til rette for nye i tråd med endrande behov.
- Vera drivkraft for å implementera kultur og kulturskaping i andre tenester i kommunen og i lokalsamfunnet elles.
- Sikre både materielle og immaterielle kulturminne gjennom fysisk bevaring og formidling.

2.5 Medverknad økonomi og organisasjon

Avdelinga har gjennom ein prosess jobba med kapittelet Nyskapande arbeidsgjevar.

3. Politisk medverknad til kommuneplanarbeidet

3.1 Kommunestyret

3.1.1 Planstrategi 2020-2024



Suldal kommunestyre vedtok i februar 2020 planstrategi for perioden 2020-2024. Det vert her vedtatt at kommuneplanens samfunnsdel og arealdel skulle rullerast. Planstrategien tok føre seg overordna planar, føringar og strategiar. Det vert og gitt ein statusoversikt over samfunnsutviklinga på ulike område i Suldal. Det vart allereie her trekt fram 20 prioriterte utfordringar som vert viktige i neste planperiode.

<https://www.suldal.kommune.no/f/p13/i8260a342-ec2d-404b-9245-e54237955d09/utkast-planstrategi-2020-2023.pdf>

3.1.2. Planprogram 2020 - 2030



Suldal kommunestyre vedtok 23.02.21 planprogram for kommuneplan – samfunnsdel og arealdel. Dette skal gje ein meir detaljert oversikt over korleis ein vil gjennomføre prosessen med ny kommuneplan og peike på utfordringar ein trur vert sentrale i arbeidet.

Gjennom høyringsrunden for programmet, vart utfordringane som vart trekt fram i planstrategien utvida og utdjupa. Det er desse som m.a. har vore grunnlaget for spørsmåla som vart stilt på grendemøta rundt i kommunen.

Det vart i planprogrammet vedtatt at Formannskapet er styringsgruppe for arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen og LMT-utvalet styringsgruppe for arealdelen.

<https://www.suldal.kommune.no/tenester/planar-hoyringar-og-styringsdokument/planprogram-suldal-kommune-kommuneplan-2020-2030-samfunnsdel-og-arealdel/>

3.1.3 Gruppearbeid samfunnsdelen

09.03.22 vart kommunestyret invitert til workshop om samfunnsdelen av kommuneplanen. Det vart sett fram 4 ulike utfordringsbilde som alle gruppene fekk svare på:

Utfordring 1:

Å leva, bu og trivast

I Suldal kommune har me mange grender med eit barnehage -og skuletilbod til alle. Demografien syner at me allereie i 2025 møter kryssingspunktet der me blir fleire eldre enn unge. Framtida krev at me må gi våre tenestetilbod på ein annan måte enn i dag.

Tenk deg ti år fram i tid, 2032, og du er 10 år.

Framtida vil mellom anna krevja at du:

- meistrar livet i form av å vera robust for motgang
- kreativ og attraktiv til framtidens arbeidsmarknad
- demokratisk interessert og villig til å medverka i prosessar
- hjartefokusert med gode verdiar
- sosial kompetent til eit stadig rikare og internasjonalt samfunn

- innovativ og bærekraftig for å knekka framtidens utfordringar
- digital kompetent, i eit stadig meir digitalt samfunn.

Kva trur du dette barnet treng for å leva, bu og trivast i Suldal?

Gruppe 4

- Kva må gjer me for at barn vil koma tilbake til kommune
- barn må få vere med å skapa ting sjølv
- Sosial kompetanse gjennom samarbeid
- Skal me sentralisera skulane? Me må heller sjå på korleis me nyttar ressursane.
- Skal me arbeida med felles prosjekt mellom skulane?
- Skulemiljøet har mykje å seie. Kva med å få fleire vener å spela på?
- Knyte nærmiljøet inn i skulane. Yrkesveiledning tidleg
- Meir hospitering med andre skular
- Haustskulen som var for alle i Suldal. Knyte vennskapsband.
- Treffpunkter
- Trygg oppvekst – vil at sine born skal få trygg oppvekst
- Større sosiale grunnlag for å bu, leva og trivast
- Viktig med sosiale møteplassar
- Kulturskulen er viktig for at kreativ skaparkraft

Gruppe 3

- samfunnet er i stadig utvikling
- treng større miljø for elevane for å føre til kreative
- Ikkje størrelsen det kjem ann på størrelse - venstre
- treng skule med fagkompetente lærarar
- gode fritidstilbod
- Kompetanseutvikling
- Ikkje nok med å tilby eit skulehus, me treng å fylla det med folk
- treng eit sosialt liv med fleire å spela på
- Kompetente folk er viktigast
- Flytta ungdomskulen til Suldalsosen

Gruppe 2

- Skulehuset er ei limet i ei lita bygd, men me treng barn
- me må ha sosial arena der barn skal få eit tilbod
- me treng foreldre som er fornøgde
- kanskje kan elevane delvis digital skulegang og fysisk skulegang
- Samferdsel – transportmiddel – offentleg kommunikasjon
- Familiepolitikk – buss som hentar barn til barnehagen

Gruppe 1

- trygt og godt familieliv
- gi barnet fritid
- stabilitet
- trygg og robust
- viktig balanse mellom skule/praksis

- ein må kjenne på ansvaret
- Fritidstilbod

Utfordring 2:

Korleis sikra rett og nok kompetanse i dei kommunal helsetenestene i framtida ?

Gruppe 1

- Må tørre å sjå på legevakt, skal me velgje fastlege på dagtid eller kveld/natt. Interkommunal legevakt må sjåast på nytt. Me har ikkje noko val
- Nytte frivillige
- Utdanne fleire helsepersonell sjølv
- Kva gjer det attraktiv til å søkje i kommune?
- Korleis held med dei me har?
- Høgare løn og status på omsorgsyрка
- Legge til rette i heimane , må vere ansvarleg sjølv også
- Arbeidstidsordningar
- Staten må ordne fastlegekrisa
- Få menn inn i yrkene

Gruppe 2

- Meir desentraliserte utdanningar, også vidareutdanningar
- Legge til rette i heimane slik at fleire kan bu heime, kommunen kan sponse
- Tilby spektakulære bustader til nyinnflytta
- Tilby omsorgsløn med løn til å leva av viss familien tar vare på sine heime
- Arbeidstidsordningar
- Flytte frå oppvekst til omsorg

Gruppe 3

- Kanskje ein må ned på tenestene, ikkje lovpålagte eks. middag, dagtilbod
- Nytte teknologi
- Organisere på annan måte

Gruppe 4

- Lage pakkar til nyinnflytta
- Meir desentralisert utdanningar
- Høgare løn i omsorgsyрка og meir status
- Er meir å gå på innan tenestene i dag, organisering, nytte potensialet
- Høg nytte av sjølvstendigheit, eigen næringsdrivande

Utfordring 3:

Attraktive Suldal/samarbeid

Suldal kommune har gjennom siste kommuneplanperiode samarbeid på ei rekkje område.

Sitat gjeldande kommuneplan:

Suldal skal aktivt søkja regionale løysingar på felles utfordringar i Ryfylke og tilstøytande regionar.

Samarbeidsgevinstane skal hentast ut gjennom å gjera samarbeidet meir forpliktande.

Fellesløysingar skal veljast i staden for eigne løysingar der det gir gevinst.

I dag samarbeider Suldal kommune særleg innan helse/velferd, oppvekst og it.

Suldal kommune har også samarbeid elles både mot Ryfylke og mot Haugalandet. Lite med andre regionar.

- Med bakgrunn i erfaringane frå siste kommuneplanperiode; i kva retning skal Suldal kommune samarbeida i framtida, når skal me velja samarbeid framom eigne løysingar, kven skal Suldal samarbeida med, og om kva skal Suldal samarbeida?
- Bør Suldal kommune inngå meir langsiktig og forpliktande samarbeid enn i dag?
- Korleis trur de andre kommunar ser på Suldal kommune som samarbeidspart? Er me ein attraktiv samarbeidspart?

Gruppe 1

- Mot Haugalandet – kommunikasjon, helsesamarbeid,
- Med Sauda – tenestesamarbeid
- Avhengig av tenester – noko fiksar me sjølv –
- Vanskeleg å peika på ein retning
- Lange avstandar – eigen arbeidsmarknad –
- Krevjande å samarbeida i mange retningar – ressurskrevande både politisk og adm.
- Ambisjon om aktivt samarbeid –
- Trur Suldal er og blir attraktiv samarbeidspart

Gruppe 2

- rir to hestar i dag – byen er Stavanger, men kommunikasjonane er mot Haugalandet
- Ryfylke krympar sjølv om det er det me har den historiske identiteten – med kanskje ikkje like god identitet med Haugalandet
- bør ha meir langsiktig og forpliktande samarbeid – felles mål å bygga ein region
- både og som samarbeidspart – god økonomi, men lange avstandar,

Gruppe 3

- mest resultat mot Ryfylke, reiseliv, men også viktige samarbeid mot Haugalandet
- byrja med mindre forpliktande – meir forpliktande undervegs
- akktraktiv samarbeidspart – god økonomi, men kostbar drift, avstandar

Gruppe 4

- Bør velja ein samarbeidsretning? – meir samarbeid med Sauda ? – mot Ryfylke der me vil bli meir likeverdig, samferdsel, næring, reiseliv – men me kan nytta det betre – Haugalandet fordi der er det også mykje å henta innan helse, oppvekst – må vera meir aktive
- Er Suldal aktive i dei ulike samarbeida? Kan bli betre. RITS er blitt betre med tida.
- Ja – trur me er ein attraktiv aktiv samarbeidspart, vidstrakt, men god økonomi

Utfordring 4:

Suldal 2023 – 2032

Suldal kommune ynskjer å auke folketalet med minimum 50 familiar for framleis å kunne tilby gode kommunale tenester og for å sikra rekruttering og kompetanse i kommunen.

Du er tilsett i et reklamebyrå og har fått i oppdrag å lage ein tiltakspakke for å marknadsføre Suldal som ein attraktiv kommune å flytta til.

Kva ville du marknadsført, framsnakka, tilbudd, tilrettelagt, oppretta, osv. for at Suldal skulle skilt seg ut frå andre kommunar. Kva er Suldal sine styrkar og føretrinn som det ikkje har vore fokusert på tidlegare.

Føresetnad: - 50 ledige private jobbar
- 20 ledige kommunale stillingar

Uprøvde/utradisjonelle tiltaka for å auke folketalet/tilflytting:

Gruppe 1:

Dynamiske bakevje, gjør oss eksklusive, Suldal for spesielt interesserte, vil, kan og vågar,

Gruppe 2

God økonomi, gode kommunale lån, internasjonale kommune, grønn kommune, subsidiering av grønn infrastruktur, fleksibel arbeidstid, lønn, vann/fukt, fri Wi-Fi (gratis digital infrastruktur), båtplass (husbåt), trygg (få det ut),

Gruppe 3

- Døgnåpen barnehage
- Leiligheter rundt heile Suldalsvatnet m/brygge
- Enkelttomter (ikkje byggefelt), marknadsføring
- Festival på Suldalsvatnet
- Faglege møteplassar, konferanser
- Prøvebustader, skikkeleg beliggenheit, flott design m.m.
- Miljøvennlege hus
- Racerbåt festival

Gruppe 4

- Visningsturar
- Prøvebu
- Framsnakke tenester,
- Variert næringsliv
- Sertifikat til 16 åringar
- Vatn – bruke det og alt det er vært
- Suldalsvatnet
- Bubilar
- Camping
- Glamping, tretopphytter
- Arbeidsplassar, sjø til fjell og kultur, vi har det vi treng, men ingen veit det
- Festivalar, spel, opera i Hylen

3.2 Formannskapet

Formannskapsmøte 09.09.21

Administrasjonen la fram ei skisse for oppbygginga av den nye kommuneplanen. Forslaget liknar noverande kommuneplan, men har nokre justeringar på innhaldet i dei 3 hovudkapitla. I staden for å følgje etatsoppbygginga i kommunen, deler ein etter berekraftsmåla: sosiale tilhøve, økonomisk tilhøve og klima og miljø. I tillegg vil ein, som i den noverande, ha eit 4. kapittel om kommuneorganisasjonen. Som ein overgang til arealdelen av kommuneplanen vil ein til slutt legge inn ein arealstrategi.

3.3. LMT-utvalet

LMT- utvalet er styringsgruppe for arealdelen av kommuneplanen. Våren 2021 hadde administrasjonen fleire korte orienteringar på LMT-møter om noverande arealdel og overordna planar som ein må ta omsyn til.

Frist for å komme med nye arealinnspele til ny kommuneplan vart sett til 01.07.21. Innspela vart lagt inn med ei enkel markering i kart og kartløyninga vart gjort tilgjengeleg på nettsida til kommunen. Det vart sett opp ei skriftleg oppsummering av arealinnspele som LMT- utvalet vart informert om, utan at innspele vart vurdert.

Synfaring langs kystsona 14.09.21

Hovudtyngda av arealinnspele ligg langs kysten. LMT-utvalet var derfor på båttur langs heile kystsona for å få eit inntrykk av kva områder som allereie er utbygd og kva områder dei innkomne innspele ligg i. Det vart peikt ut og omtalt dei arealinnspele som er komen inn, men det vart ikkje lagt fram ei vurdering av innspele.

Synfaring med 06.04.22 buss for å sjå på eksisterande bustad og hytte områder. Det vart peikt ut og omtalt nokre av dei arealinnspele som er komen inn, men det vart ikkje lagt fram ei vurdering av innspele.

Administrasjonen sitt forslag til arealstrategi i samfunnsdelen av kommuneplanen vart lagt fram som ei melding i LMT-møte 28.04.22.

Rapport om kvikkleire med forslag om føresegner til kommuneplanen vart lagt fram som ei melding i LMT-møte 28.04.22.

3.4 Innspele frå politiske parti

3.4.1 Arbeiderpartiet

Samandrag av skriftleg innspele 01.10.21

Kunnskapsgrunnlag:

Kommuneplanen bør bygge på eit solid kunnskapsgrunnlag, m.a. stortingsmeldingane frå distriktsutvalet og demografiutvalet. Administrasjonen bør vere nysgjerrig på erfaringar frå andre kommunar og FNs – berekraftsmål må implementerast.

Struktur:

Ein kommuneplan, men det bør vere opning for å utarbeide meir detaljerte planar på viktige områder, t.d. næring, miljø og rekruttering. Kommuneplanen må skilje mellom mål og strategiar å ein slik måte at måla vert målbare i slutten av planperioden.

Om dei ulike planområda:

Innleiing:

Visjonar og verdiar: - fokus på å byggja gode lokalsamfunn meir enn vekst aleine.

Folketal og arbeid:

Overordna mål å oppretthalde dagens innbyggartal. Tenke breidt når det gjeld potensielle tilflyttarar. Ta betre vare på arbeidsinnvandrarar frå EØS land som t.d. treng språkopplæring. Korleis få dei som i dag pendlar til kommunen til å flytte hit? Korleis får vi tak i «livsstils flyttarane»? Kampanjar med synleggjering av Suldal sine kvalitetar, moglegheiter for å «prøvebu» og tilrettelegging for frilansarbeidarar.

Gå bort frå «stipend strategiar» og heller synleggjera kostnadsnivået i kommunen (barnehage og SFO).

Ein god oppvekst og barndom er det viktigaste tiltaket for å få «Suldalsungdom» til å flytte heim. Rekruttering handlar og om bustadmarknad. Sjå på moglegheiter for subsidierte tomter (byggekostnader i Suldal dyrare enn marknadspris). Sjå på moglegheiter for utvikling av byggjefelt med gode sol- og utsiktsforhold.

Areal og arealutvikling:

Suldal er ein populær hyttekommune men ein må ha eit bevisst forhold til kor mange hytter ein ynskjer. Næringsareal er viktig, men dei må ligge på rett plass. Ein må og sjå på kommunale tenester og infrastruktur på Jelsa i samband med dei store industri innspela.

Næring:

Næringsutviklinga må sjåast i samanheng med utviklinga i resten av kommunen. Rekruttering og kompetanse blir ei større utfordring framover enn mangel på arbeidsplassar. Suldal kommune må ta eit sterkare grep om næringsutviklinga i kommunen og dette må speilast i kommuneplanen. Sjå med nye auge på korleis ein arbeider med sentrumsutvikling på Sand.

Satse på kvalitet framføre kvantitet når det gjeld reisemål. Promotere meir spektakulære naturopplevingar. Kraft historia bør satsas på i promoteringa som reiselivsdestinasjon.

Klima,energi og miljø:

Ein bør gå grundig inn i FNs berekraftsmål for å møte desse i forvaltninga av naturen i Suldal. Sjå på tiltak for å verna både villrein og laks. Korleis kan Suldal kommune redusere eige CO² avtrykk – t.d. alternative energikjelder og straumsparing.

Regionalutvikling:

Suldal kommune vil i åra som kjem vere avhengig av interkommunalt samarbeid. Ein bør sjå på nye områder ein kan samarbeide som t.d. rekneskap og økonomi, helse og undervisning. Kva region ein søker mot må forankrast i ein strategi og ikkje avgjerast frå sak til sak.

Samferdsle infrastruktur:

RV 13, arbeida for forskottering. Betre mobildekning i heia og full breibanddekning til heile kommunen.

Skule og oppvekst:

Sjå på skulestrukturen i lys av endringar i elevmasse og kompetansekrav. Ein må satse på eit lågterskeltilbod til ungdom innan psykisk helse. Nok ressursar til utfordringane med framandspråklege elevar. Suldal må ha ei kunnskapsbasert tilnærming til bruk av digitale midlar i skulen.

Folkehelse:

Kommunen bør i større grad leggje til rette for uorganiserte aktivitetar. Eksisterande anlegg, som svømmehall og idrettsanlegg må opplevast som tilgjengeleg for alle.

Helse og omsorg:

Barnevernstenesta bør inn i kommuneplanen. Større interkommunalt helsesamarbeid for å sikre fastlegetenestane. Følgje opp rapporten om psykisk helse som kom i 2021 og planen om legetenesta.

Kultur:

Suldal har vore leiande på kultursatsing og dette bør fortsette som ein del av det å byggje gode lokalsamfunn. Arena Eide bør i større grad nyttast i reiselivssatsing og i rekrutteringsstrategiar.

Inkludering:

Inkludering bør handle om meir enn flyktningar og innvandrarar.

Kommunen som arbeidsgjevar:

Alle stillingar bør lysast ut som 100%. Spesielt innan helse og oppvekst må vi vere konkurransedyktig på løn og betingelsar. Kommunen bør vere meir frampå og fleksible når personar med relevant kompetanse vurderar å flytte til kommunen.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Torill Telstad	K1-141	20/1127

Saksnr	Utval	Type	Dato
033/22	Levekårsutvalet	PS	08.06.2022
052/22	Kommunestyret	PS	20.06.2022
042/22	Formannskapet	PS	14.06.2022

Kommuneplanens samfunnsdel 2022-2034 -fyrstegongs handsaming

Kommunedirektøren si innstilling

I medhald av plan- og bygningslovas §11-14 vert forslag til kommuneplanens samfunnsdel for Suldal kommune for perioden 2022-2034 datert 31.05.22 sendt ut til høyring og offentlig ettersyn.

Sand, 21.06.2022

Karin Dokken Austvik
Kommunedirektør

Vedlegg:

Suldal kommune 2022-2034- Kommuneplanens samfunnsdel
Medverknad og innspel til kommuneplanen 2022-2034

Saksopplysningar

Samandrag

Kommunedirektøren har utarbeida eit forslag til ny samfunnsdel av kommuneplanen for Suldal kommune.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er eit overordna styringsdokument som peikar på kommunen sine mål for samfunnsutviklinga og strategiar for å nå desse måla. FN sine berekraftsmål er integrert i planen og sett i samanheng med utfordringar i Suldal.

Kommunedirektøren foreslår fire hovudsatsingsområde:

- Å bu, leva og trivast
- Attraktive Suldal
- Grøne Suldal
- Nyskapande arbeidsgjevar

Arbeidet med planen har hatt brei medverknad frå innbyggjarar, næringsliv, råd og utval og tilsette.

Dokumentet vert lagt ut som ein råde tekst og layout vil bli utarbeida seinare i prosessen.

Fakta

Kommuneplanen er kommunen sin langsiktige og overordna strategiske plan for å bidra til ei berekraftig samfunns- og teneste utvikling. Den skal ha eit perspektiv på minst 12 år. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Arealstrategien i samfunnsdelen legg føringar for arealdelen.

Forslag til kommuneplan for perioden 2022-2034 skal erstatte kommuneplanen for Suldal kommune 2015-2024. I denne saka er det forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel som handsamast. Den skal sendes ut på høyring saman med kommuneplanens arealdel.

Kommunestyret fastsette satsingsområda for ny kommuneplan under handsaming av planprogrammet 23.02.21. Satsingsområda er tatt med vidare i forslaget til kommuneplan. Regionale og nasjonale føringar er i tillegg lagt til grunn for arbeidet.

Ut ifrå utfordringsbilda som er teikna i planstrategien foreslår kommunedirektøren fire hovudsatsingsområde i ny kommuneplan:

- Å leva, bu og trivast
- Attraktive Suldal
- Grøne Suldal

Nyskapande arbeidsgjevar

I tillegg vert det sett opp ein langsiktig arealstrategi som skal gje føringar for arealbruken i arealdelen av kommuneplanen.

Kvart satsingsområde vert konkretisert med målsettingar (me vil) under hovudutfordringane og strategiar for korleis me skal nå måla (derfor skal me).

Lover, føresegner, rundskriv

Plan- og bygningslova, kapittel 11

Lov om folkehelsearbeid, kapittel 2

Økonomiske konsekvensar

Utarbeiding og vedtak av kommuneplanens samfunnsdel har ingen direkte økonomiske konsekvensar, men framtidige handlingsplanar og økonomiplanar skal svare på utfordringane og bygge opp under strategiane sett i kommuneplanen.

Folkehelse

I følgje folkehelselova skal kommunen ha den naudsynte oversikta over helsa til innbyggjarane og dei negative faktorane som kan påverke ho. Denne oversikta skal danne grunnlag for kommunen sin planstrategi. I planstrategien (vedtatt i kommunestyret 20.02.20) vart det lagt fram ei oversikt over folkehelseutfordringane i kommunen.

Utfordringane som vart trekt fram i planstrategien er sett opp som satsingsområde i planforslaget og viser godt igjen, spesielt i hovudsatsingsområde «Å leva, bu og trivast».

Gjeldande planar, retningsliner og vedtak

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023

Utviklingsplan for Rogaland – Regional planstrategi 2021-2024

Planstrategi for Suldal kommune 2020-2024

Planprogram Suldal kommune – kommuneplan 2020-2030 – samfunnsdel og arealdel

Innkome uttalar

Det vedlagde dokumentet «Suldal kommune mot 2034 – kommuneplanens samfunnsdel 2022-2034» er utkast til fyrste gongs høyring. Det er ingen innkomne uttalar til utkastet.

Dokumentet er imidlertid utarbeida etter ein omfattande medverknadsprosess. Det er mellom anna gjennomført 7 opne grendemøte, møter med råd og utval, møter med tilsette og møter med ulike organisasjonar. Det kom og mange innspel til kommuneplanen gjennom høyringsrunden for planprogrammet. Mange av desse vart tatt med vidare i kommuneplanarbeidet. Eit samandrag av gjennomført medverknad og skriftlege innspel som er komen i prosessen, ligg ved i dokumentet

«Medverknad og innspelsdokument».

Vurdering og konklusjon

Kommunedirektøren meiner at forslag til kommuneplanens samfunnsdel for perioden 2022-2034 peikar på viktige mål og strategiar for samfunnsutviklinga i Suldal i åra som kjem. FN sine berekraftsmål er lagt til grunn og ein legg til rette for ei sosial-, økonomisk- og miljømessig berekraftig utvikling. Folkehelseperspektivet er ivaretatt og klima og miljøplan er innarbeida i planforslaget.

Planen vert vurdert som eit godt egna overordna styringsdokument for kommunen.

Kommunedirektøren tilrår at forslag til kommuneplanens samfunnsdel sendast på høyring og vert lagt ut til offentleg ettersyn.

08.06.2022 Levekårsutvalet

Handsaming:

Forslag AP, foreslått av Iren Klungtveit Slagstad, Arbeiderpartiet

1. Barnevertenesten bør omtalast i kommuneplanen.
2. Det bør leggest tilrette for idrett som ikkje er organisert.

RØYSTING:

Samrøystes i samsvar med innstillinga med tilleggsforslag.

LEV- 033/22 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslovas §11-14 vert forslag til kommuneplanens samfunnsdel for Suldal kommune for perioden 2022-2034 datert 31.05.22 sendt ut til høyring og offentleg ettersyn.

1. Barnevertenesten bør omtalast i kommuneplanen.
2. Det bør leggest tilrette for idrett som ikkje er organisert.

14.06.2022 Formannskapet

Handsaming:

Forslag frå Senterpartiet, foreslått av Øyvind Tveitane Lovra, Senterpartiet

Side 14

Tillegg til: Derfor skal me under Suldal skal arbeida for god infrastruktur i heile kommunen:
Arbeida for trygge vegar både i kommunen og inn og ut av kommunen
Arbeida for gode kollektivtilbod
Arbeida for realisering av Haukelibanen

Side 19

I kulepunkt 3: fjerne «og gode generasjonsskifte»

Side 20

Arealstrategi: Ta ut siste setning vedr. Småbåtanlegg.

RØYSTING

Endringsforslag frå Øyvind Tveitane Lovra SP

Endring side 14

For: Samrøystes

Endring side 19

For: SP, KR, H

Mot: V, AP

Endring side 20

For: SP, H, V

Mot: KRF, AP

Samrøystes i samsvar med innstillinga med endringar.

F- 042/22 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslovas §11-14 vert forslag til kommuneplanens samfunnsdel for Suldal kommune for perioden 2022-2034 datert 31.05.22 sendt ut til høyring og offentleg ettersyn.

Med følgjande endring:

Side 14

Suldal skal arbeida for god infrastruktur i heile kommunen

Tillegg til: Derfor skal me under:

Arbeida for trygge vegar både i kommunen og inn og ut av kommunen

Arbeida for gode kollektivtilbod

Arbeida for realisering av Haukelibanen

Side 19

I kulepunkt 3: fjerne «og gode generasjonsskifte»

Side 20

Arealstrategi: Ta ut siste setning vedr. Småbåtanlegg.

20.06.2022 Kommunestyret

Handsaming:

Forslag frå Suldal Ap, foreslått av Kari Vaage Gjuvsland, Arbeiderpartiet

1. Framtidas Oppvekst Suldal - det skal gjennomførast ein omfattande og brei plan for for framtidast oppvekst i Suldal.

2. Det skal utarbeidast ein eigen næringsplan for Suldal kommune.

Forslag frå AP fremma av Kari Vaage Gjuvslund

RØYSTING

Forslag frå AP

1.

For: 3 - AP

2.

For: 3 - AP

Innstilling frå Formannskapet

For: Samrøystes i samsvar med innstillinga.

K- 052/22 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslovas §11-14 vert forslag til kommuneplanens samfunnsdel for Suldal kommune for perioden 2022-2034 datert 31.05.22 sendt ut til høyring og offentleg ettersyn.

Med følgjande endring:

Side 14

Suldal skal arbeida for god infrastruktur i heile kommunen

Tillegg til: Derfor skal me under:

Arbeida for trygge vegar både i kommunen og inn og ut av kommunen

Arbeida for gode kollektivtilbod

Arbeida for realisering av Haukelibanen

Side 19

I kulepunkt 3: fjerne «og gode generasjonsskifte»

Side 20

Arealstrategi: Ta ut siste setning vedr. Småbåtanlegg.



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Kommunehuset, 4440
Tonstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47 38 17 62 03
fmavgso@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/7604-0

Saksbehandler: Guro Sødergren

Dato: 08.09.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	43/22	13.09.2022

Høring av beredskapsplan for omsyn til villrein i vanskelege vintrar

Vedlegg:

- 1 Høring av Beredskapsplan for omsyn til villrein i vanskelege vintrar. Setesdal Ryfylke villreinområde og Setesdal Austhei villreinområde
- 2 Beredskapsplan
- 3 Vedlegg 1 Kontaktinformasjon til aktørane i beredskapsplanen
- 4 Vedlegg 2 Kart vinterbeiter Setesdal Ryfylke
- 5 Vedlegg 3 Kart vinterbeiter Setesdal Austhei

Forvaltars innstilling

Arbeidsutvalet (AU) i verneområdestyret for SVR har ikkje merknadar til *beredskapsplanen for omsyn til villrein i vanskelege vintrar*. AU ser svært positivt på arbeidet som arbeidsgruppa har lagt ned. AU set stor pris på at det er laga ein slik plan, det vil vere ein god plan til neste gong villreinen får ein vanskeleg vinter. Det blir på ein god måte beskriven korleis ein skal skilje mellom normalår og ekstraordinære år. Det er nyttig at ansvaret for overvaking, vurdering, avgjersle og informasjon er tydeleg plassert.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Viser til høringsbrev frå Villreinnemda for Setesdalsområdet datert den 08.08.2022.



Forslag til beredskapsplan vert sendt på høyring. Beredskapsplanen er retta mot verksemder og organisasjonar som har mykje av sin aktivitet i dei to villreinområda. I tillegg offentlege instansar med eit forvaltningsansvar i områda.

Røynsla frå 2020 synte trong for betre samordning og konsekvent handling slik at ein er betre førebudd til tilsvarande vintrar seinare. 27.10.2020 vart det halden eit møte i Valle om problemstillinga. Ei arbeidsgruppe fekk i oppdrag å lage eit utkast til beredskapsplan slik at tiltaka og ansvarsfordeling ligg klare for seinare.

Arbeidsgruppa har bestått av representantar frå Setesdal Austhei villreinlag, Setesdal Ryfylke villreinlag, Villreinnemnda for Setesdalsområdet, forvaltningssekretariatet for SVR, Statsforvalteren i Agder, turistforeininga og Agder Fylkeskommune.

Vurdering

Nyttig og viktig med ein slik god og oversikteleg plan for korleis vi alle skal kunne gjere ein innsats for omsyn til villreinen i vanskelege vintrar.



Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Forvaltningssekretariatet for SVR

Dato: 08.08.2022
Arkivkode:
Dykkar ref.
Vår ref. 22/859-1
22/11713
Jarle Lunde

HØYRING AV "BEREDSKAPSPLAN FOR OMSYN TIL VILLREIN I VANSKELEGE VINTRAR. SETESDAL RYFYLKE VILLREINOMRÅDE OG SETESDAL AUSTHEI VILLREINOMRÅDE"

Forslag til beredskapsplan vert med dette sendt på høyring. Beredskapsplanen er retta mot verksemder og organisasjonar som har mykje av sin aktivitet i dei to villreinområda. I tillegg offentlege instansar med eit forvaltningsansvar i områda.

Bakgrunn

Vinteren 2020 var problematisk for villrein der mykje av vinterbeiteområda isa ned både i Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke. Fleire stader trakk villreinen ut på kantane og til lågareliggjande område for å finne alternative beite.

Røynsla frå 2020 synte trong for betre samordning og konsekvent handling slik at ein er betre førebudd til tilsvarande vintrar seinare. 27.10.2020 vart det halden eit møte i Valle om problemstillinga. Ei arbeidsgruppe fekk i oppdrag å lage eit utkast til beredskapsplan slik at tiltaka og ansvarsfordeling ligg klare for seinare. Arbeidsgruppa har bestått av representantar frå Setesdal Austhei villreinlag, Setesdal Ryfylke villreinlag, Villreinnemnda for Setesdalsområdet, forvaltningssekretariatet for SVR, Statsforvalteren i Agder, turistforeininga og Agder Fylkeskommune.

Som det går fram av kapittel 4 i beredskapsplanen er Villreinnemnda for Setesdalsområdet gjeven ei sentral rolle ved iverksetting av tiltak. Villreinnemnda famnar både villreinområda og areal utanfor og innanfor verneområda. Som følgje av dette er det også villreinnemnda som har tatt på seg arbeidet med å gjennomføre høyringsrunden.

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.
Tlf: 52 79 24 35 /404 18 967
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no
Nettside: www.villrein.no/setesdal-nemnd/
www.suldal.kommune.no



Innspel til beredskapsplanen kan sendast til Suldal kommune som har sekretariatfunksjonen for villreinnemnda. Send det gjerne med SvarUt-tenesta eller på e-post: postmottak@suldal.kommune.no

Frist for innspel er 15.09.2022.

Spørsmål i saka kan rettast til underteikna.

Med helsing

Jarle Lunde
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

Beredskapsplan – tiltak for å lette tilhøva for villreinen i vintrar med særleg vanskelege beitetilhøve



*Setesdal Ryfylke villreinområde
Setesdal Austhei villreinområde*

1. Bakgrunn

Vinteren 2020 var særleg krevjande for villreinen i Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei. Mildversperiodar med påfølgjande kulde gjorde at mykje av beitene i høgheia isa ned. Fleire stader trakk villreinen ut på kantane og til lågareliggjande område (randområde) for å finne alternative beite. I fleire kommunar opplevde ein at villreinen nytta område han ikkje hadde vore på mange år, og gjerne område heilt ned til støylar og hyttefelt. Mykje menneskeleg aktivitet og ferdsel finn stad nettopp i randområda og slike vintrar er det særleg potensiale for konflikt.

Fleire tiltak vart sett i verk for å sikre at villreinen fekk beite i fred. Til dømes var nokre turisthytter og utleiehytter stengd for booking, kvisting av turistløyper og forsyning til hytter vart utsett, preparering av skiløyper og brøyting av vegar vart mellombels stoppa og ekstraordinær bandtvang vart innført i nokre kommunar. Tiltaka vart delvis koordinert av forvaltningssekretariatet for SVR. Fleire tiltak vart iverksett etter eget initiativ frå kommunane.

Røynsla frå vinteren 2020 synte behov for ei betre samordning og konsekvent handling slik at ein er betre førebudd for tilsvarande vintrar. 27.10.2020 vart det halden eit møte i Valle om problemstillinga. I møtet deltok kommunar, villreinnemnd, løypeselskap, kraftselskap, turistforeininga, verneområdeforvaltninga samt representantar frå statsforvaltaren og fylkeskommunen. Ei arbeidsgruppe fekk i oppdrag å lage utkast til ein beredskapsplan slik at tiltak ligg klare når tilsvarande beitesituasjon oppstår seinare. Deltakarar i arbeidsgruppa var representantar frå villreinlaga, villreinnemnda, forvaltningssekretariatet for SVR, statsforvaltaren i Agder, turistforeininga og Agder fylkeskommune.

2. Status for beredskapsplanen og tilhøvet til anna lovverk og planverk

Tiltak i planen er basert på friviljugheit hjå aktørane som skal iverksett tiltaka. Venteleg vil det bli god oppslutnad for desse når tiltaka er kjende, koordinerte og vel grunnngjeven. Skal tiltaka ha ønskja verknad er det og vesentleg at alle aktørar bidreg på sine område.

Det må strekast under at uavhengig av beredskapsplanen har kommunane som viltmyndigheit eit sjølvstendig ansvar for å sette i verk tiltak når situasjonen for viltet er særleg vanskeleg. Særleg aktuelt her er innføring av ekstraordinær bandtvang etter *hundeloven § 6 bokstav f*. Etter *forskrift om bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 3 siste ledd ref. § 2 tredje ledd*, kan statsforvaltaren avgrense eller forby køyring i særleg sårbare område.

Dei siste åra har det vore sett søkeljos på behovet for å styre og kanalisere ferdselen i villrein fjellet. Fleire kommunar har utarbeida eigne planar for å få til dette og med føringar for korleis ein skal drifte løypenettet i normalår. Beredskapsplanen har fokus på ekstraordinære tiltak i dei særleg vanskelege vintrane.

Målgruppa for beredskapsplanen er aktørar med mykje aktivitet i fjellet gjennom vinteren. Desse er lista opp i oversikten i vedlegg 1. Oversikten fungerer også som liste over høyringspartar.

3. Når har vi ein situasjon med særleg vanskelege beitetilhøve

Skal beredskapsplanen gi mening må det beskrivast korleis ein skal skilje normalåra frå de ekstraordinære åra. Sagt med andre ord; kva skal til for at tiltak vert sett i verk.

Setesdal Ryfylke villreinområde, og delvis Setesdal Austhei villreinområda, er kjenneteikna ved at dei meir enn dei fleste andre villreinområde har stor grad av oseanisk påverknad. Konsekvensane av dette er tidvis store snømengder særleg i dei vestlege delane. Temperaturen kan ofte skifte over/under frysepunkt og ising av noko omfang kan førekomme i avgrensa delar av heia. Det er også relativt avgrensa med typiske vinterbeite i form av større samanhengande lavmatter, og villreinen nyttar ofte alternative beiter i bjørkebelta lågare i terrenget. Enkelt sagt er det normalt at villreinen i våre område har det vanskeleg gjennom vinteren og tidvis trekk ned i lågareliggjande område. Særleg vanskelege beitetilhøve må såleis vera berekna på dei åra der ekstraordinære tilhøve slår inn og over store område samstundes. Ei beskriving av dette er gjort nedanfor. Det er ikkje mogleg å basere dette utelukkande på eit sett målbare parameterar. Det vil difor ligge ein stor grad av skjønn i vurderinga.

Ein situasjon der vinterbeitene isar ned vil som regel utvikle seg over tid når vær og temperatur ligg til rette for det. Det er difor vesentleg at utviklinga i beitesituasjonen vert overvaka. Dette gir også aktørane moglegheit til førebu tiltak ei viss tid i forkant. Særleg viktig er at turistforeiningane har oversikt over beitesituasjonen før dei tar til med kvisting.

Vurdering av tilhøva

Ising

Regnvær med påfølgjande kulde, ofte på lite eller inga snødekke, dannar eit ispanser som gjer lav og kortare beiteplanter utilgjengeleg for villreinen. Islaget kan ofte vera fleire centimetre tjukt. Tilhøva opptrer over store areal i dei sentrale vinterbeiteområda slik at dyra må trekke lengre enn normalt for å finne tilgjengeleg beite.

Kart over viktige vinterbeiteområde ligg som vedlegg 2 og 3. Kjelda er *kartgrunnlag for delnorm 3, kvalitetsnorm for villrein (2022)*.

Store snømengder evt. i kombinasjon med ising

Villreinen vil sjølv med store snømengder som oftast kunne grave seg ned gjennom snødekket så lenge dette ikkje er for fast og med islag mellom sjikta. I høgheia vil ofte rabbane blåse bare eller ha eit tynnare snødekke. Ekstraordinære tilhøve som følgje av mykje snø oppstår når det på det jamne ligg over meir enn 1,5 meter snø i dei sentrale vinterbeiteområda og det er få/inga bare rabbar. Tilhøva kan oppstå i kombinasjon med ising.

Unormal trekkaktivitet

Villreinen eller sleper observerast i noko omfang ut på kantane og ned i lågareliggjande område i bjørkebelte. Ofte nærmare bebyggelse og utfartsomåde enn normalt. Meldingar kjem ofte inn frå hyttefolk og andre brukarar av heia. Situasjonen er ein indikasjon på lite tilgjengeleg beite i høgheia.

Dårleg sommarbeite

I all hovudsak er det seint sommar/tidleg haust simlene har moglegheit til å legge seg opp reservar som skal berge dei og fosteret gjennom vinteren. Særs tørr sommar eller særs sein snøsmelting kan gjere mengde og næringsinnhaldet i beiteplantane dårlegare. I slike situasjonar må ein vera særleg merksam på beitetilhøva påfølgjande vinter. Om simlene går inn i vinteren med særleg dårleg kondisjon bør terskelen før å innføre tiltak gjennom vinteren vera lågare.

4. Ansvar for overvaking, vurdering , avgjersle og informasjon

1.Overvaking av situasjonen – Statens naturoppsyn (SNO)

SNO har ansvaret for dette. Dei er mykje i felt i si dagelege verksemd og har såleis gode føresetnadar til å følgje med på beitesituasjonen. SNO vidare sender informasjonen til Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Andre aktørar med aktivitet i heia vert oppmoda om sende relevant informasjon knytt til beitesituasjonen, til villreinnemnda. Dette gjeld til dømes kraftselskap, nettselskap, løypeselskap, turistforeininga og Statskog. I tillegg kommunane om dei får inn slik informasjon.

2.Innsamling, systematisering og tolking av observasjonar – Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Villreinnemnda famnar både villreinområda og areal både utanfor og innanfor verna område. Observasjonar ref. pkt. 1 meldast til villreinnemnda.

For vurdering og tolking av observasjonar skal villreinnemnda ha dialog med SNO, villreinlag og forvaltningssekretariatet SVR. Villreinnemnda tar så avgjersle om det skal tilråddast å sette i verk tiltak i tråd med beredskapsplanen, inkludert kva område deg skal gjelde for og kor lenge.

3. Informasjon ut til aktørane

Villreinnemnda sender ut informasjon om tiltak på e-post til aktørane nemnd i vedlegg 3. Det vert også lagt ut på kommunane si heimeside og www.svr.no. Pressemelding sendast avisene jamfør oversikt vedlegg 1.

4.Iverksetting av tiltak

Aktørane har sjølv ansvaret for å sette i verk tiltak etter oversikten gjeven i kap. 5. nedanfor. Aktørane melder inn til villreinnemnda kva tiltak dei iverksett.

5.Oppfølging og evaluering

Etter sesongar det er gjennomført tiltak kallar villreinnemnd inn aktørane til møte innan 1. juni mens ein framleis har sesongen friskt i minne. Tema i eit slik møte vil vera:

- Kva tiltak vart gjort?
- Kva fungerte bra/dårleg
- Kva bør endrast?
- Veit vi noko om korleis reinen responderte?

5. Aktørar og aktuelle tiltak

Oversyn på neste side syner kva tiltak som er aktuelle å innføre og kven som har ansvar for å gjere det.

Tiltak / aktørar	Kommunar	Verneområdestyret	Statsforvalaren	Løypeselskap	Regulært	Nett-selskap	Statskog	NUFF	DNT	Fjellstyre	Fjell-redningsar
Utsette kvisting av vinterløyper	X								X		
Mellombels stenging av fjellhyttene for utleige							X		X	X	
Ikkje preparere/stenge ned skiløyper	X			X							
Utsette transport til fjellhytter og installasjonar					X	X	X		X	X	
Utsette vedlikehald og anna arbeid på fjellhytter og installasjonar					X	X	X		X	X	
Flytte/avlyse/utsette arrangement (turrenn, fellesturar mv.)	X			X				X	X		
Flytte eller avlyse fuglehundprøver								X			
Utsette/flytte/avlyse kjentmannsturar og øvingar											X
Utsette prøving av fjellveggar	X				X						
*Innføring av ekstraordinær bandtvang	X										
*Trekke inn motorferdselsløyve	X	X									
*Avgrensning eller forby køyning i særleg sårbara område			X								

*Ikkje del av dei frivillige ordningane. Krev at det vert fatta særskilte vedtak.


Vedlegg

1. Kontaktinformasjon til aktørane i heia
2. Kart over viktige vinterbeiteområde Setesdal Ryfylke
3. Kart viktige vinterbeteområde Setesdal Austhei
4. Mal for innføring av ekstraordinær bandtvang – døme frå Suldal kommune
5. Mal for informasjonsplakat i felt

Vedlegg 1. Kontaktinformasjon til aktørane i beredskapsplanen

Aktør	Kontaktperson og e-post
Offentlege instansar	
Statsforvalteren i Agder	Per Kjetil Omholt: fmavpko@statsforvalteren.no
Statsforvalteren i Rogaland	sfropost@statsforvalteren.no
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark	sfvtpost@statsforvalteren.no
Forvaltningssekretariatet for SVR	Guro Sødergren: fmagvso@statsforvalteren.no
Bygland kommune	Inge Olav Fjalestad: inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no
Åmli kommune	Helge Sines: helge.sines@amli.kommune.no
Fyresdal kommune	Aslak Momrak Haugan: aslak.momrak.haugan@fyresdal.kommune.no
Tokke kommune	Per Wraa: per.wraa@tokke.kommune.no
Valle kommune	Kristin Furuløkken: kristin.furulokken@valle.kommune.no
Vinje kommune	Lasse Mathisen: lasse.mathisen@vinje.kommune.no
Bykle kommune	Sigrid Bjørgum: sigrid.bjorgom@bykle.kommune.no
Suldal kommune	Turi Ottersland Tjostheim: turi.ottersland.tjostheim@suldal.kommune.no
Hjelmeland kommune	Torborg Kleppa: torborg.kleppa@hjelmeland.kommune.no
Sandnes kommune	Stian Philip Andersen: stian.andersen@sandnes.kommune.no
Gjesdal kommune	Gudrun Kristensen: gudrun.kristensen@gjesdal.kommune.no
Sirdal kommune	Sven Sandvik: sven.sandvik@sirdal.kommune.no
Kvinesdal kommune	Edgar Vegge: edgar.vegge@kvinesdal.kommune.no
Åseral kommune	Øyvin Moltumyr: oyvin.moltumyr@aseral.kommune.no
Hægebostad kommune	John Ivar Bjelland: john-ivar.bjelland@haegbostad.kommune.no
SNO i Bykle	Sveinung Hylland Olsnes: sveinung.hylland.olsnes@miljodir.no
SNO i Hægebostad	Jon Erling Skåtan: jon.erling.skatan@miljodir.no
Villreinnemnda for setesdalsområdet	Jarle Lunde: jarle.lunde@suldal.kommune.no
Agder fylkeskommune (høyringsinstans)	postmottak@agderfk.no
Rogaland Fylkeskommune (høyringsinstans)	firmapost@rogfk.no
Vestfold og Telemark fylkeskommune (høyringsinstans)	post@vtfk.no
Løypeselskap	
Gullingen i Suldal	Bjørn Egil Nerheim: nerheim@gull-spor.no
Knaben i Kvinesdal	Erling Lende: erling.lende@halliburton.com
Sirdal	Linda Eikeland: post@sirdalsloyper.no
Ljosland i Åseral	Gunvor Ljosland: gunvor@ljoslandinfo.no
Bortelid i Åseral	Trond Egil Åknes: bu@bortelid.no
Hovden i Bykle	Hovden løypekjøring v/Torvald Gautland: torvald@badeland.no
Brokke i Valle	Merete Austad: post@brokke.com
Bjørnevatn i Valle	Karl Sigurd Fredriksen: karlfredrix@gmail.com
Vågsli i Vinje	Kjem
Regulantar (kraftselskap)	
Sira – Kvina kraftselskap	Per Øyvind Grimsby: peroyvind.grimsby@sirakvina.no
Lyse energi	Trond Erik Børresen: TrondErik.Borresen@lyse.no
Statkraft	Bjørn Sandvik: bjorn.sandvik@statkraft.com
Hydro	Agnes Oppistov Lykkebø: agnes.oppistov.lykkebo@hydro.com
Agder Energi	Svein Haugland: svein.haugland@ae.no
Otra Kraft/Otterraens brukseierforening	Sigmund A. Trydal: sigmund.a.trydal@ae.no
Nettselskap	
Statnett	Tom Steinar Nerheim: tom.narheim@statnett.no
Fjellstyre	
Bykle fjellstyre	Jan D. Dalen: jan.d.dalen@istorm.no
Hjelmeland fjellstyre	Magnar Viga: magnar.viga@mowi.com
Suldal fjellstyre	Kristian Steine: kristian.steine@statkraft.no

Fjellredningsgrupper	
Sandnes Røde Kors	Rune Larsen: rune.larsen.02@rodekors.org
Speidernes beredskapsgruppe	Ivar Anton Nøttestad: ivar.nottestad@speiding.no
Øvre Sirdal leitegruppe	Arvid Tjørhom: arvid.tjorhom@gmail.com
Stavanger Røde Kors	Ludvig Sande: korpsleder@srkh.no
Andre	
Statskog	Kristian Eiken Olsen: keo@statskog.no
Stavanger turistforening	Preben Falck: preben@stf.no
DNT sør	Bjørn Andersen- Steinsland: bjorn.andersen-steinsland@dnt.no
NJFF Rogaland	Tore Gilje: rogaland@njff.no
NJFF Aust-Agder	Olav Schrøder: austagder@njff.no
NJFF Vest-Agder	Kari Røysland: vestagder@njff.no
Setesdal Ryfylke villreinlag	Svein Olav Stegarud: sveinos@msn.com
Setesdal Austhei villreinlag	Svein Ekre: svein.ekre@vinje.kommune.no



Setesdal Ryfylke




- Vinterbeite
- Leveområde

Viktige vinterbeiteområde. Kjelde: kartgrunnlag for delnorm 3, kvalitetsnorm for villrein, Setesdal Ryfylke.

0 5 10 20 Kilometer





Setesdal Austhei

- Vinterbeite
- Leveområde



Viktige vinterbeiteområde. Kjelde: kartgrunnlag for delnorm 3, kvalitetsnorm for villrein, Setesdal Austhei.

0 4 8 16 Kilometer



AU 44/22 Eventuelt